

KONSEKVENSGREIING

SJØ- OG STRANDSONEPLAN

Arealplan etter PBL § 11-5

Vedlegg 4 av 9

KOMMUNEDELPLAN FOR SJØ- OG STRANDSONE FOR OSTERØY KOMMUNE 2016-2026

Planframlegg 1.gongs handsaming

revidert dato: 24.01.2016 | vedtak: FSsak 000/16 | planID 12532014007



Innhold

| | |
|---|----|
| 1. INNLEIING | 3 |
| 1.1 METODE FOR KONSEKVENSTUTGREIING | 3 |
| 1.2 METODE FOR RISIKO- OG SÅRBARHETSANALYSE | 5 |
| Metode | 5 |
| Akseptkriteria | 6 |
| Risikomatriser | 8 |
| 2. INNSPEL SOM IKKJE ER KONSEKVENSTUTGREIDD | 9 |
| 3. KONSEKVENSTUTGREIING PÅ INNSPELSNIVÅ | 10 |
| Kleiveland og Fotlandsvåg | 10 |
| 1 Friluftsområde Kleiveland | 11 |
| 2 Flytebrygge Tysse | 15 |
| 3 Småbåthamn Tysse | 18 |
| 4 Fritidsbustad Osterhamneset | 20 |
| 5 Bustad og naust Bernes | 23 |
| 6 Friluftsområde Hanstveitholmane | 26 |
| 7 Bustad, forretning og kontor Fotlandsvåg | 29 |
| 8 LNF-spreidd naust Fotlandsvåg | 33 |
| 9 Småbåthamn og gjestehamn Fotlandsvåg | 35 |
| 10 Landbasert akvakultur – Saltverket Fotlandsvåg | 44 |
| Hosanger og Hoshovde | 48 |
| 11 Kombinerte bygg og anlegg – Norlender Knitwear AS - Hosanger | 49 |
| 12 Friluftsområde Hosangerheimen | 52 |
| 13 Friluftsområde Hosanger | 55 |
| 14 Hosanger kyrkje | 58 |
| 15 Bryggje - Hosanger | 61 |
| 16 Friluftsområde Hosanger | 64 |
| 17 Bustad - Hosanger | 67 |
| 18 Fritidsbustad, småbåthamn og friluftsområde - Hoshovde | 70 |
| Lonevåg | 77 |
| 19 Bustadområde og friluftsområde - Lonevåg | 78 |
| 20 Næringsområde og akvakultur - Lonevåg | 81 |
| 21 Næringsområde - Lonevåg | 86 |
| Hamre, Hjellvik og Raknes | 90 |

| | | |
|----|---|-----|
| 22 | Bustad og naust - Raknes | 91 |
| 23 | Friluftsområde, naustområde og bustadområde Raknes..... | 95 |
| 24 | Naustområde Raknes | 100 |
| 25 | Småbåthamn Raknes..... | 103 |
| 26 | LNF-spreidd naust Raknes | 105 |
| 27 | Friluftsområde Hjellvik | 108 |
| 28 | Naustområde Hjellvik | 111 |
| 29 | Småbåthamn Hjellvik..... | 114 |
| 30 | Naustområde Birkelandsstø | 117 |
| 31 | Småbåthamn Hamre..... | 121 |
| 32 | Naustområde Hamre | 123 |
| 33 | Naust Hamre..... | 126 |
| 34 | Hurtigbåthamn og næringsområde Klokkarneset Hamre | 129 |
| 35 | LNF-område på Klokkarneset | 133 |
| 36 | Naustområde Drageneset | 136 |
| | Valestrand | 139 |
| 37 | Friluftsområde Reigstad | 139 |
| | Haus..... | 142 |
| 38 | Småbåthamn Haus | 143 |
| 39 | Friluftsområde Nedre Vikne | 147 |
| | Skaftå - Bruvik..... | 150 |
| 40 | Næringsområde Skaftå..... | 151 |
| 41 | Bruvik kyrkjegard | 153 |
| 42 | Kyrkjekaien Bruvik | 155 |
| 43 | Utviding småbåthamn Bruvik | 157 |
| 44 | Tenesteyting Ulvsnesøy..... | 160 |
| | Akvakultur | 162 |
| 45 | Utviding akvakultur Tepstad..... | 163 |
| 46 | Utviding akvakultur Angelskår..... | 167 |
| 47 | Utviding akvakultur Blom og Skaftå | 171 |
| 48 | Omgjering av akvakulturareal til Bruk og vern av sjø og vassdrag - anlegg med konsesjon 175 | |
| 49 | Omgjering av akvakulturareal til Bruk og vern av sjø og vassdrag – anlegg utan konsesjon 179 | |
| 4. | Samandrag..... | 182 |

1. INNLEIING

Ved utarbeiding av ny arealplan skal verknadane av alle nye eller endringar i eksisterande byggeområde skildrast og vurderast. jf. forskrift om konsekvensutgreiing. Vurderinga skal vera både på eit overordna nivå og på eit detaljert nivå for kvart enkelt tiltak. Vurderinga omfattar både konsekvensar på miljø og samfunn og ei risiko og sårbarhetsanalyse (ROS).

1.1 METODE FOR KONSEKVENSTUTGREIING

Målsetninga med konsekvensutgreiinga er å få ei oversikt over verknadane ei arealendring har på miljø- og samfunnsverdiar, og sjå på kva avbøtande tiltak som eventuelt bør gjennomførast. Konsekvensane for kvar einskild endringa av areal til byggeområde og vesentlege endringar er skildra og vurdert. Arealet vurdert i konsekvensvurderinga er det konkrete området omfatta av arealendringa. I tillegg vert influensområdet, det vil seia det området som kan vera påverka av endra bruk, vurdert som ein del konsekvensutgreiinga.

I tillegg er dei overordna konsekvensane av alle arealendringane skildra og vurdert i ei overordna konsekvensutgreiing, der den samla summen av tiltaka vert vurdert opp mot

Vurderingane byggjer på tilgjengeleg informasjon frå offentlege databasar og rapportar, og informasjon frå lag og organisasjonar, og eigne synfaringar. Dersom det er vesentlege tilhøve der kunnskapsgrunnlaget ikkje er tilstrekkeleg for å ta stilling til verknadane, er dette diskutert.

Det vedtekne planprogrammet ligg til grunn for kva tema som vert utgreidd. Positive og negative verknadar for dei ulike tema er vurdert. På bakgrunn av dette er det gjort ei samla vurdering av konsekvensane for kvart tiltak. Der verknadane er negative for eit tema er det vurdert avbøtande tiltak eller retningslinjer for å redusera dei negative konsekvensane. Oversikt over tema som er i konsekvensutgreiinga er vist i tabell under.

Konsekvensane vert fastsett etter ein femdelte skala for å kunne talfeste verknadane:

Stor negativ (--) → Negativ (-) → Ingen → Positiv (+) → Stor positiv (++)

| | TEMA | FOKUSOMRÅDE | KJELDE |
|---------------|---------------|--|---|
| MILJØ | Friluftsliv | Registrerte friluftsområde Lokale friluft- og badeområde Turstiar og nærområde | Hordaland fylkeskommune Registreringar i kommunen |
| | Landskap | Landskapsform Estetiske verdi Eksponeering | Rettleiar «Råd om landskap i kommunal planlegging i Hordaland». |
| | Naturmangfald | Naturtyper Naturmangfald Naturressursar | Naturbase Artsdatabanken Rapport «Kartlegging av naturtyper» 2005 og 2012 Rapport «Kartlegging av sjøarevassdrag i Osterøy kommune 1998» |
| | Forureining | Klimagassutslepp Forureining til jord, sediment vatn eller luft | www.miljostatus.no |
| | Landbruk | Dyrka mark Verdifulle landbruksareal | Markslagskart AR5 Kjerneområde Landbruk |
| | SAMFUNN | Samfunnsutvikling | Lokal tettstad- og grendeutvikling Bustad Næringsutvikling |
| Infrastruktur | | Kapasitet veg Trafikksikkerhet | |
| Folkehelse | | Positive verknader | |
| Born og unge | | Tilgjenge til utandørs leikeområde og friluftsområde i nærleik av bustadareal. Tilrettelagde område | Barnetråkkregistrering |
| Kulturminne | | Automatisk freda kulturminne Naustmiljø Sefrak-registrerte bygg | Askeladden Sefrakregisteret |

1.2 METODE FOR RISIKO- OG SÅRBARHETSANALYSE

For alle arealplaner som opnar for utbygging skal det gjennomførast analyse av risiko- og sårbarhet. Føremålet med analysen er å avdekke risiko og konsekvens, og med dette førebyggje risiko for skade tap av liv, helse, miljø, materielle verdier med meir. I tillegg skal analysen vurdere avbøtande tiltak som reduserar eller eliminerar uakseptabel risiko.

Ei ROS-analyse er kort skildra ei analyse av:

- 1) Kva uønska hendingar kan skje?
- 2) Kva er sannsynet for ei uønska hending?
- 3) Kva er konsekvensen ved ei uønska hending?

Oppsettet for gjennomføring av risiko- og sårbarhetsanalyse er laga med utgangspunkt i rettleiar frå Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap «Samfunnssikkerhet i arealplanlegging» og byggtknisk forskrift, TEK10 og rettleiingsmateriell frå fylkesmannen i Hordaland.

Analysen vil vurdere om planlagde tiltak utgjer ein akseptabel eller uakseptabel risiko for skade på liv og helse, miljø, materiell eller viktige samfunnsfunksjonar. Kva som er akseptabel risiko er fastsett i heradsstyret i sak 003/10 «Akseptkriteria og metodeval for ROS», vedteke 17.02.2010. I plankartet vil område med potensiell risiko vera avmerka som omsynssone.

Metode

Metoden for ei ROS-analyse kan framstillast forenkla i følgjande 7 punkt:

1. Skildring av analyseobjektet

2. Kartlegging av moglege hendingar / potensiell fare

3. Vurdering av årsak og sannsyn

4, Vurdering av konsekvens

5. Berekne risiko

6. Samanlikne med akseptkriteria

7. Vurdere risikoreducerande tiltak

| Naturbaserte farar | Menneske og verksemdsbaserte farar |
|---|--|
| <ul style="list-style-type: none"> • Skred (spesifikke krav i TEK10; S1, S2, S3) • Flaum (spesifikke krav i TEK10; F1, F2, F3, obs ved fare for tap av menneskeliv) • Sterk vind • Skog og grasbrann • Radon (spesifikke krav til verdiar ved vurdering) • Dambrot • Havnivåstigning | <ul style="list-style-type: none"> • Forureining i luft eller grunn • Uheldig samlokalisering • El- forsyning • Vatn og avlaup (drikkevatt) • IKT • Infrastruktur, veg • Stråling • Kriminalitet |

Døme på farekategoriar det er aktuelt å vurdere i Osterøy kommune. Lista er ikkje uttømmende og ein skal i alle høve vurdere om andre farar er aktuelle for dei enkelte analyseobjekta / tiltak.

Eit risiko- og sårbarheitsbilete er definert som produktet av sannsyn - kor ofte ei uønska hending er forventa å inntreffe, og konsekvens - kor alvorlege konsekvensar hendinga kan medføre.

Forenkla oppsummert:

Risiko = sannsyn x konsekvens

Det er vanskeleg å fastslå frekvens og konsekvens av ei hending. Ved å anslå sannsyn og konsekvens vil ein få synleggjort snittal for potensielle hendingar over tid. Dermed kan det inntreffe fleire eller færre hendingar i eit gitt tidsperspektiv enn anslått i ROS- analysen.

Akseptkriteria

Akseptkriteria definerer kva risiko ein er villig til å akseptere, knytt opp mot tap innan følgjande tema; **liv, helse, ytre miljø og materielle verdiar.**

Minimumskrav i høve til akseptert risiko for flaum og skred hendingar er fastsett i Byggeteknisk Forskrift, med endring 01.07.2010. For byggverk i flaum- og skredutsett område skal sikkerheitsklasse setjast. jf. §§ 7-2-2 og 7-3-2 i TEK10.

Klassifisering av sannsyn og konsekvens

Graderinga er delt i 6 ulike nivå, frå særst sannsynleg til usannsynleg, og frå katastrofalt til ufarleg, sjå figur under.

Klassifisering av sannsyn

| SANNSYN | VEKTING | DEFINISJON |
|-------------------------------|---------|--|
| Særst sannsynleg | 6 | Ei hending per 1 til 20 år |
| Mykje sannsynleg | 5 | Ei hending per 20 til 100 år |
| Sannsynleg | 4 | Ei hending per 100-200 år |
| Noko sannsynleg | 3 | Ei hending per 200-1000 år |
| Lite sannsynleg ¹⁾ | 2 | Ei hending per 1000 år til 5000 år |
| Usannsynleg ²⁾ | 1 | Ei hending skjer sjeldnare enn kvart 5000 år |

1* Sårbare objekt, (hotell, institusjonar, rekkehus, blokker osv. med permanent tilhald for fleire enn 4 personar) skal ikkje utsettast for større nominell sannsyn for ras enn 1:5000. (I denne samanhengen er det forventa pr. definisjon at ras medfører tap av menneskeliv).

2* Byggverk av nasjonal eller regional betydning for beredskap og krisehandsaming (regionsjukehus og/eller andre beredskapsinstitusjoner osv.) skal IKKJE plasserast i risikoutsette område. Det same gjeld verksemd som er eller kan bli omfatta av storulykkesforskrifta (verksemd der ein framstiller, nyttar, handterer eller lagrar farlege stoff).

Klassifisering av konsekvens

| Konsekvens | Vekting | Menneske (ME) | Miljø (MI) | Materielle verdiar (MA) | Ref. til tryggleiksklasse TEK10: skred og flaum |
|--------------|---------|--|--|--|--|
| Katastrofalt | 6 | Meir enn 4 daude eller 20 alvorleg skadde. | Varige og alvorlige miljøskader av stort omfang. (alvorleg skade, på td. vatn/ vassdrag, med konsekvensar for eit større utslagsområde). | Fullstendig øydelegging av materiell, utstyr og andre økonomiske verdiar. Skadar for meir enn kr 20.000.000. Varig produksjonsstans. | F3, S3 |
| Kritisk | 5 | Inntil 4 døde, eller fare for inntil 20 alvorleg skadde. | Langvarig, og i verste fall varig alvorleg skade på miljøet. (raudlista artar og naturtypar forsvinn, bestand kraftig redusert) | Fullstendig øydelegging av materiell, utstyr og andre økonomiske verdiar. Skadar opp til 20.000.000. Produksjonsstans inntil 6 mnd. | F3,S3, S3 |
| Alvorleg | 4 | Inntil 5 alvorlege personskadar eller mange mindre personskadar, vesentlege helseplager og ubehag. | Store skadar på ytre miljø, som det vil ta tid å utbetre (fleire tiår. Artar og naturtypar kan forsvinne). | Tap av, og/eller kritisk skade på materiell, utstyr og andre økonomiske verdiar. Skadar avgrensa opp til 2.000.000. Produksjonsstans inntil 3 mnd. | F2, S2 (3 pers. er gj.snitt i ein bustad) |
| Moderat | 3 | Personskadar som medfører sjukemelding og lengre fråver. | Miljøskade av stort omfang men middels alvorleg, eller; Skade av lite omfang, men med høg grad av alvor. | Større skade på materiell, utstyr og andre økonomiske verdiar. Skadar opp til 200.000. Produksjonsstans inntil 1 mnd. | F1, S1 |

| | | | | | |
|------------|---|--|--|---|--------|
| Liten | 2 | Personskade kan førekomme, fråver avgrensa til bruk av eigenmelding. | Mindre skadar på ytre miljø, men som naturen sjølv betrar på kort tid. | Mindre lokal skade på materiell, utstyr og andre økonomiske verdiar. Skadar for inntil 100 000. Produksjonsstans inntil 2 veker. | F1, S1 |
| Ubetydeleg | 1 | Ingen eller små personskadar. | Ingen eller ubetydeleg skade på ytre miljø. | Små, eller ingen skader på materiell, utstyr og andre økonomiske verdiar. Skadar for inntil kr 20.000. Produksjonsstans inntil 3 dagar. | F1, S1 |

| | |
|---------------------------|--|
| Uakseptabel risiko | Fører til uakseptabel risiko. Tiltak skal setjast i verk for å redusera risikoen. Det skal utførast detaljerte ROS – analyse for alle detaljplaner. |
| Middels risiko | Risiko bør vurderast med omsyn til risikoreduserande tiltak. Kommunen kan krevje ROS-analyse i byggjesak på bakgrunn av tiltaket sitt innhald, utforming og lokalisering. |
| Akseptabel risiko | I utgangspunktet akseptabel risiko, men fleire risikoreduserande tiltak av vesentleg karakter skal gjennomførast når det er mogleg ut frå økonomiske og praktiske vurderingar. |

- Tiltak som reduserer sannsyn vert først vurdert. Dersom dette ikkje gjev effekt eller er mogleg, vurderer ein tiltak som avgrensar konsekvensane.
- Dersom tiltak ikkje er mogleg å gjennomføre og/eller det er svært omfattande kan konklusjonen vere at eit område ikkje eignar seg til utbyggingsføre mål.

Risikomatriser

Klassifiseringane for sannsyn og klassifiseringane for konsekvens saman med akseptkriteria vil gje ei risikomatrise. Når risikoanalysar er utført for alle avkryssa kombinasjonar av tiltak/risiko, kan resultatet visast i risikomatriser etter inndelinga liv og helse, ytre miljø og materielle verdiar.

Talfesting av sannsyn og konsekvens i ein tabell gjer at ein kan få oversikt over risikobilete for ulike hendingar, jf tabell under.

| | | Konsekvens | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
|---------|------------------|--------------|---|---|---|---|---|-------|---|---|---|---|---|--------------------|---|---|---|---|---|---|
| | | LIV OG HELSE | | | | | | MILJØ | | | | | | MATERIELLE VERDIAR | | | | | | |
| Sannsyn | | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | |
| | Særs sannsynleg | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 |
| | Mykje sannsynleg | 5 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 |
| | Sannsynleg | 4 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 |
| | Noko sannsynleg | 3 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 |
| | Lite sannsynleg | 2 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 |
| | Usannsynleg | 1 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 |

Det nye utbyggingstiltaket vert samla vurdert ut frå analysen.

2. INNSPEL SOM IKKJE ER KONSEKVENSTUTGREIDD



Nokre av innspela er ikkje vurdert i konsekvensutgreiinga. Bakgrunnen for dette er at det gjeld arealendringar som bør diskuterast i ein områdeplan eller at det er prinsipielle avklaringar som bør diskuterast i rullering av kommuneplanen og ikkje ein avgrensa plan som gjeld sjø og strandsone.

Innspel som ikkje er konsekvensutgreidd er vist under:

| Lokalisering | Merknad |
|---------------------------------|---|
| Garvika – Sauvika, Fjelskålnes | Prinsipiell vurdering om etablerte fritidsbustadar/bustadar skal vera bustad/fritidsbustad-føremål bør vurderast i rullering av kommuneplanen |
| Lonevåg – friluftsområde | Avventar vurdering til områdeplan for Lonevåg |
| Lonevåg – ny småbåthamn | Avventar vurdering til områdeplan for Lonevåg |
| Lonevåg – mellombels småbåthamn | Avventar vurdering til områdeplan for Lonevåg |

3. KONSEKVENSTUTGREIING PÅ INNSPELSNIVÅ

Kleiveland og Fotlandsvåg



1 *Friluftsområde Kleiveland*

STADNAMN: Kleiveland

GNR/BNR: 108/4

Noverande planstatus: LNF område på land og Bruk og vern av sjø og vassdrag.

Framlegg til nytt arealføremål: Friluftsområde

Storleik (daa): omtrent 1 daa

Områdeskildring:

Området er den gamle kaien på Kleiveland og traktorvegen opp langs elva. Området er i dag beiteområde og det ligg eit eldra naustmiljø. Det er ynskje om å gjera kaien og eit mindre tilgrensande område om til friområde med mulighet for oppankring for tilreisande båtturistar. Det er i tillegg ynskje om å tilretteleggje traktorveg langs elva til allmenn ferdsel. Dette området ligg langs elva i dag og det er med det ope for ferdsel etter friluftsløva.



| | TEMA | MERKNAD/VURDERING | KONSEKVENNS |
|---------|-------------------------------|---|-------------------|
| MILJØ | Friluftsliv | Avsetting til friområde vil ha ein stor positiv effekt. | Stor positiv (++) |
| | Landskap | Ingen verknad | Ingen (0) |
| | Naturmangfald | Det er ingen registreringar på det aktuelle arealet. Det er sjøaure i Kleivelandselva. Delar av området er innmarksbeite og det er potensiale for at det lev artar som er tilknytt beitemark og ope kulturlandskap her. Arealendringa her vil imidlertid ikkje medføre inngrep som kan skade desse. Antatt ingen verknad. | Ingen (0) |
| | Forureining | Ikkje aktuelt | Ingen (0) |
| | Landbruk | Området er innmarksbeite. Innmarksbeite vert ikkje berørt av arealendringa. | Ingen (0) |
| SAMFUNN | Bærekraftig samfunnsutvikling | Friområde til sjø som er tilrettelagd med fortøyingsmulighet for båt er svært positivt. | Stor positiv (++) |
| | Infrastruktur | Kan føre til auka trafikk med bil. Er snuplass i enden av veg men dårleg parkeringskapasitet. Kan føre til negativ verknad slik situasjonen er i dag. | Negativ (-) |
| | Folkehelse | Tilgong til å ferdast i strandsona gjer ein positiv gevinst for folkehelse. | Stor positiv (++) |
| | Born og unge | Tilgong til å ferdast i strandsona er viktig kvalitet for born og unge. | Stor positiv (++) |
| | Kulturminne | Kaiområde er den gamle dampskipskaien. Fire av nausta er SEFRAKregistrerte. Tilrettelegging av kai for å sikre tilkomst for båtfolk kan medføre at kulturminne vert forringa dersom det ikkje vert stilt krav til utføringa. Verknaden vert difor vurdert til å vera negativ. | Negativ (-) |

ROS-ANALYSE

| Fareområde/tema. Skildring av uønska hending og konsekvens. | Utløysande årsak til hending. | Merknad/utfyllande opplysningar. |
|--|--|---|
| 1. Flaum. Oppstuving av vatn i samband med flaum og springflo. | Store nedbørmengde evt kombinert med springflo. | 6.2, 6.2, 6.2 |
| 2. Utrasing av kai grunna dagens tilstand. | Kombinasjon bølger og springflo. | 6.3, 6.1, 6.1 |
| 3. Utløpsområde stein og jord. | Store nedbørmengder. | Ingen kjende hendingar i ressursgr. Naust frå seint 1800, dampskiskai frå 1900. 5.5, 5.2, 5.4. |
| 4. Utløpsområde snø. | Store nedbørmengder, raske temperatur svingningar. | Ingen kjende hendingar, ingen spor i terreng. 3.3, 3.2, 3.4 |
| 5. Stormflo | Lavtrykksaktivitet og sterk vind | 6.1, 6.2, 6.3. |
| 6. Vind | Lavtrykksaktivitet | 6.1, 6.1, 6.2 |
| 7. Trafikkskade. | Større trafikk | Kommunal veg manglande p-plass. Potensial auke i trafikk og parkering. Lavt trafikkta, oversiktleg, låg fart. 4.3, 4.1, 4.2 |

| | | Konsekvens | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
|---------|------------------|--------------|------|---|---|---|---|-------|------|------|---|---|---|--------------------|---|------|---|---|---|--|
| | | LIV OG HELSE | | | | | | MILJØ | | | | | | MATERIELLE VERDIAR | | | | | | |
| Sannsyn | | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | |
| | Særs sannsynleg | 6 | 5, 6 | 1 | 2 | | | | 2, 6 | 1, 5 | | | | | 2 | 1, 6 | 5 | | | |
| | Mykje sannsynleg | 5 | | | | 3 | | | | 3 | | | | | | | | 3 | | |
| | Sannsynleg | 4 | | | 7 | | | | 7 | | | | | | 7 | | | | | |
| | Noko sannsynleg | 3 | | | 4 | | | | | 4 | | | | | | | | 4 | | |
| | Lite sannsynleg | 2 | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| | Usannsynleg | 1 | | | | | | | | | | | | | | | | | | |

Risikoreducerande tiltak. Trong for vidare vurderingar:

1. Må vurderast i byggjesaken i høve til teknisk forskrift
2. Sikring av kai og opprustning før området vert nytta til friområde
3. Krav om vurdering av skredfare i føresegner
5. Må vurderast i byggjesaken i høve til teknisk forskrift
6. Må vurderast i byggjesaken i høve til teknisk forskrift

SAMASTILLING OG TILRÅING:

Positive konsekvensar:

Stor positiv verknad for friluftsliv med tilrettelagd friområde.

Negative konsekvensar:

Kan få negative konsekvensar for dampskipskaien som kulturminne. Området ligg i aktsemdssone skred.

Konklusjon:

Tiltaket er positivt for ei langsiktig samfunnsutvikling, og tiltaket vert tilrådd med ei føresetnad om at det vert stilt krav til evt opprusting av kai og tilrettelegging av eit friområde for å ivareta kulturminne. Krav om vurdering av skredfare.

2 Flytebrygge Tysse

STADNAMN: Tysse

GNR/BNR: 106/1

Noverande planstatus: Sentrumsføremål og Bruk og vern av sjø og vassdrag.

Framlegg til nytt arealføremål: Småbåthamn

Storleik (daa): 1 daa

Områdeskildring:

Området ligg ved Tysse sentrum. Ligg på gamal fergekai. Tiltaket skal erstatte dei båtplassane som er her i dag og skal kunne nyttast som gjestebrygge.

Det vart søkt dispensasjon for tiltaket i sak nr 066/12 og handsama i planutvalet 13.06.2012. Her vart det fatta vedtak om at : «Saka vert utsett i påvente av ny strandsoneplan».

Tiltaket vert difor vurdert i planen.



| | TEMA | MERKNAD/VURDERING | KONSEKVENNS |
|-------|---------------|---|-------------|
| MILJØ | Friluftsliv | Området har liten verknad for friluftsliv. | Ingen (0) |
| | Landskap | Utviding av eksisterande småbåthamn har liten verknad. | Ingen (0) |
| | Naturmangfald | Det er ikkje registrert naturmangfald i det aktuelle området. Verknad vert vurdert til liten. | Ingen (0) |
| | Forureining | Ikkje aktuelt | Ingen (0) |
| | Landbruk | Ikkje aktuelt | Ingen (0) |

| | | | |
|----------------|-------------------------------|---|-------------|
| SAMFUNN | Bærekraftig samfunnsutvikling | Det er ein positiv konsekvens at det vert lagt til rette for fleire småbåtplasser for lokalsamfunnet. I tillegg vil ei gjestehamn verka positivt. | Positiv (+) |
| | Infrastruktur | Ingen verknad. | Ingen (0) |
| | Folkehelse | Ingen verknad. | Ingen (0) |
| | Born og unge | Ingen verknad. | Ingen (0) |
| | Kulturminne | Ingen verknad. | Ingen (0) |

ROS-ANALYSE

| Fareområde/tema. Skildring av uønska hending og konsekvens. | Utløysande årsak til hending. | Merknad/utfyllande opplysningar. |
|---|--|--|
| 1. Skade på materiale grunna vind og bølger. | Auka havnivå og auka lavtrykksaktivitet. | Relatert til vertilhøve og båttrafikk. 5.1,5.1,5.2 |
| 2. Brann i båt. | Teknisk eller menneskeleg svikt. | 5.2,5.2,5.4 |

| | | Konsekvens | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
|----------------|------------------|--------------|---|---|---|---|---|-------|---|---|---|---|---|--------------------|---|---|---|---|---|--|--|--|--|--|
| | | LIV OG HELSE | | | | | | MILJØ | | | | | | MATERIELLE VERDIAR | | | | | | | | | | |
| | | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | | | | | |
| Sannsyn | Særs sannsynleg | 6 | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| | Mykje sannsynleg | 5 | 1 | 2 | | | | | | | 1 | 2 | | | | | | 1 | 2 | | | | | |
| | Sannsynleg | 4 | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| | Noko sannsynleg | 3 | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| | Lite sannsynleg | 2 | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| | Usannsynleg | 1 | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |

Risikoreducerande tiltak. Trong for vidare vurderingar:

1. Anlegget må dimensjonerast ut frå ei konkret vurdering.
- 2.

SAMASTILLING OG TILRÅING:

Positive konsekvensar:

Positivt at det vert lagt til rette for båtplassar og gjestehamn i sentrum.

Negative konsekvensar:

Kan gjera det vanskelegare å nytte eksisterande kaiområde.

Konklusjon:

Tiltaket vert tilrådd på bakgrunn av at det er positivt med båtplasser og gjestehamn under føresetnad om at det skal vera tilgong til eksisterande gjestekai.

3 Småbåthamn Tysse

STADNAMN: Tysse

GNR/BNR: 106/157


Noverande planstatus: LNF og Bruk og vern av sjø og vassdrag.

Framlegg til nytt arealføremål: Småbåthamn

Storleik (daa): 2,5 daa

Områdeskildring:

Området ligg ved Tysse sentrum. Det er i dag ei eksisterande småbåthamn med 12 plassar. Området vert lagt inn med moglegheit for ei mindre utviding.



| | TEMA | MERKNAD/VURDERING | KONSEKVENNS |
|--------------|-------------------------------|---|-------------|
| MILJØ | Friluftsliv | Området er i dag nytta til småbåthamn og har difor liten verknad for friluftsliv. | Ingen (0) |
| | Landskap | Utviding av eksisterande småbåthamn har liten verknad. | Ingen (0) |
| | Naturmangfald | Det er ikkje registrert naturmangfald i det aktuelle området. Verknad vert vurdert til liten. | Ingen (0) |
| | Forureining | Ikkje aktuelt | Ingen (0) |
| | Landbruk | Ikkje aktuelt | Ingen (0) |
| SAMF LJNN | Bærekraftig samfunnsutvikling | Det er ein positiv konsekvens at det vert lagt til rette for fleire småbåtplasser for lokalsamfunnet. | Positiv (+) |

| | | |
|---------------|--|-------------|
| Infrastruktur | Ingen verknad. | Ingen (0) |
| Folkehelse | Mulighet for fritidsbåt for å kome på sjøen er positivt for folkehelsa. | Positiv (+) |
| Born og unge | Ei småbåthamn kan vera eit positivt element for born og unge ved å opne mulighet til båtliv. | Positiv (+) |
| Kulturminne | Ingen verknad. | Ingen (0) |

ROS-ANALYSE

| Fareområde/tema. Skildring av uønska hending og konsekvens. | Utløysande årsak til hending. | Merknad/utfyllande opplysningar. |
|--|---|--|
| 1. Skade på materiale grunna vind og bølger. | Auka havnivå og auka lavtrykksaktivitet. | Relatert til vertilhøve og båttrafikk. 5.1,5.1,5.2 |
| 2. Trafikkulukker knytt til avkøyring. | Auka trafikk ved bruk av anlegget. | 3.3, 3.1,3.2 |
| 3. Forureining knytt til utsepp frå båt. | Menneskeleg svikt, svikt i materiale eller ved ulukker. | 6.1,6.1,6.1 |
| 4. Brann i båt. | Teknisk eller menneskeleg svikt. | 5.2,5.2,5.4 |
| 5. | | |
| 6. | | |

| | | Konsekvens | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
|---------|------------------|--------------|---|---|---|---|---|-------|---|---|---|---|---|--------------------|---|---|---|---|---|--|
| | | LIV OG HELSE | | | | | | MILJØ | | | | | | MATERIELLE VERDIAR | | | | | | |
| | | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | |
| Sannsyn | Særs sannsynleg | 6 | 3 | | | | | | 3 | | | | | | 3 | | | | | |
| | Mykje sannsynleg | 5 | 1 | 4 | | | | | 1 | 4 | | | | | | 1 | | 4 | | |
| | Sannsynleg | 4 | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| | Noko sannsynleg | 3 | | | 2 | | | | 2 | | | | | | 2 | | | | | |
| | Lite sannsynleg | 2 | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| | Usannsynleg | 1 | | | | | | | | | | | | | | | | | | |

Risikoreducerande tiltak. Trong for vidare vurderingar:

1. Vurderingar som skal gjerast av eigar
- 2.

SAMASTILLING OG TILRÅING:

Arealendringa stadfestar gjaldande bruk og vert tilrådd.

4 Fritidsbustad Osterhamneset

STADNAMN: Osterhamn

GNR/BNR: 105/4

Noverande planstatus: LNF og Bruk og vern av sjø og vassdrag.


Framlegg til nytt arealføremål: Fritidsbustad og Andre typar bygningar og anlegg (brygge)

Storleik (daa): 7 daa

Områdeskildring:

Området ligg på nes mot Osterfjorden nord for Bernes. Det er ingen veg eller anna infrastruktur i området. Området var i reguleringsplan for Bernes næringsområde regulert til steinbrot og masseuttak. Det var sprengt ut kai og lausmasser vart fjerna. Området er i dag eit område med større og mindre steinblokker og ber preg av tidlegare sprenging og masseuttak. I gjeldande kommuneplan vart området regulert til LNF-område.

Det er ynskje om å etablera kai og fritidsbustad.



| | TEMA | MERKNAD/VURDERING | KONSEKVENNS |
|---|-------------|---|-------------------|
| M | Friluftsliv | Det er ingen privatiserande tiltak i strandsona i dette området eller i | Stor negativ (--) |

| | | | |
|----------------|-------------------------------|---|-------------------|
| | | omkringliggende areal. Ein fritidsbustad vil privatisera store delar av området her, og vil ha ein stor negativ effekt. | |
| | Landskap | Landskapet er sterkt prega av masseuttak og sprenging. Området har lege urørt i mange år. Etablering av fritidsbustad vil føre til auka grad av påverknad på landskapet avhengig av lokalisering. Etablering av fritidsbustad vert difor vurdert til å ha liten negativ verknad. | Negativ (-) |
| | Naturmangfald | Det er ingen registreringar på det aktuelle arealet. Ut frå at det har vore utsprenging og masseuttak her så vert det vurdert til at det er små verdiar her i høve til naturmangfald. | Ingen (0) |
| | Forureining | Ikkje aktuelt | Ingen (0) |
| | Landbruk | Ikkje aktuelt | Ingen (0) |
| SAMFUNN | Bærekraftig samfunnsutvikling | Ein fritidsbustad har liten verdi for samfunnsutviklinga ut over den verdien det har for eigar. Område i strandsona utan privatiserande tiltak har derimot ein stor verdi for samfunnsutvikling som område for rekreasjon og som ein positiv faktor for friluftsliv og folkehelse. Privatisering av areal i strandsona vil difor vera negativt. | Negativ (-) |
| | Infrastruktur | Ingen veg til området. Må ha tilkopling til fylkesvegen. Liten trafikk her gjer at verknaden er vurdert til liten til ingen. | Ingen (0) |
| | Folkehelse | Tilgjengeleg strandsoneareal er viktig for friluftsliv og med det som ein positiv faktor for folkehelse. | Stor negativ (--) |
| | Born og unge | Tilgjengeleg strandsoneareal er ein viktig faktor for gode oppvekstvilkår for born og unge. Det aktuelle arealet ligg avsides til noko som gjer at det ikkje er av så stor verdi for born og unge. Verknaden er vurdert til å vera negativ. | Negativ (-) |

| | | | |
|--|-------------|---------------------------------|-----------|
| | Kulturminne | Ingen registrerte kulturminner. | Ingen (0) |
|--|-------------|---------------------------------|-----------|

ROS-ANALYSE

| Fareområde/tema. Skildring av uønska hending og konsekvens. | Utløysande årsak til hending. | Merknad/utfyllande opplysningar. |
|--|----------------------------------|----------------------------------|
| 1. Brann | Teknisk eller menneskeleg svikt. | 2.5,2.1,2.4 |
| 2. Skade på kaianlegg grunna bølger og sterk vind | Auka stormflo og/eller springflo | 3.1,3.1,3.2 |
| 3. | | |
| 4. | | |

| | | Konsekvens | | | | | | | | | | | | | | | | | |
|---------|------------------|--------------|---|---|---|---|---|-------|---|---|---|---|---|--------------------|---|---|---|---|---|
| | | LIV OG HELSE | | | | | | MILJØ | | | | | | MATERIELLE VERDIAR | | | | | |
| | | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 |
| Sannsyn | Særs sannsynleg | 6 | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| | Mykje sannsynleg | 5 | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| | Sannsynleg | 4 | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| | Noko sannsynleg | 3 | 2 | | | | | 2 | | | | | | 2 | | | | | |
| | Lite sannsynleg | 2 | | | | | 1 | 1 | | | | | | | | | 1 | | |
| | Usannsynleg | 1 | | | | | | | | | | | | | | | | | |

SAMASTILLING OG TILRÅING:

Positive konsekvensar:

Tiltaket har ein positiv effekt for eigar av fritidsbustad men ut over det har den liten positive konsekvensar.

Negative konsekvensar:

Tiltaket er negativt for friluftsliv, folkehelse, born og unge og for ei berekraftig samfunnsutvikling.

Konklusjon:

Ut frå at det er ei overvekt av ulemper vert tiltaket ikkje tilrådd.

5 Bustad og naust Bernes

STADNAMN: Bernes

GNR/BNR: 105/23 og 55

Noverande planstatus: LNF område på land og Bruk og vern av sjø og vassdrag.


Framlegg til nytt arealføremål: Bustad og Naust

Storleik (daa): omtrent 2 daa

Områdeskildring:



Området ligg mellom byggeområde for bustad og strandsona, i eit grøntområde lang sjø. Terrenget er bratt og i rapport om kartlegging av funksjonell strandsone er delar av arealet sett som utilgjengeleg, det vil sei helningsgrad over <25 over større områder, og innanfor buffersone frå bustad. Det er gjeve løyve til oppføring av naust på gbnr 105/23 i 2011.



| | TEMA | MERKNAD/VURDERING | KONSEKVENNS |
|---------|-------------------------------|---|-------------|
| MILJØ | Friluftsliv | Delar av arealet er tilgjengeleg ut i frå helningsgrad. Helningsgrad vert imidlertid sett over større område og delar av området har klart mulighet for ferdsel. Synfaring gjennomført med båt 5. juni 2014 stadfesta at dette arealet er tilgjengeleg og egna for ferdsel langs strandsona. Etablerte bustadar er i tillegg lagt høgt over strandsona, dvs over 20 m o h, og strandsona er ikkje privatisert slik den framstår i dag. Utviding av bustadområde til sjø vil føre til ei opning for privatisering av området her som hindrar ferdsel langs strandsona, noko som har ein negativ verknad. Etablering av naust kan føre til ein auka grad av privatisering i høve til dagens situasjon. Dette er vurdert til å ha ein negativ verknad. | Negativ (-) |
| | Landskap | Mulighet for gjennomføring av tiltak i eit bratt terreng kan medføre større utfyllingar og eller støttemurar. Dette kan ha ein negativ konsekvens på landskap. | Negativ (-) |
| | Naturmangfald | Det er ingen registreringar på det aktuelle arealet. Antatt ingen verknad. | Ingen (0) |
| | Forureining | Ikkje aktuelt | Ingen (0) |
| | Landbruk | Ikkje aktuelt | Ingen (0) |
| SAMFUNN | Bærekraftig samfunnsutvikling | I eit langsiktig samfunnsperspektiv er det viktig å ha tilgjengeleg bustadareal. Samstundes er det viktig å ha tilgjengeleg andre kvalitetar i eit bustadområde som sikrar omsynet til viktige fellesverdiar, som til dømes tilgong til strandsona. Utviding av bustadareal og med det privatisering av ei strandsona som i dag er tilgjengeleg har ein negativ effekt for ei bærekraftig samfunnsutvikling. På Bernes er det eit stort område avsett til bustad der det er tilgjengeleg bustadareal, fordelen med auka bustadareal veg difor ikkje opp for ulempene ved privatisering av strandsona. | Negativ (-) |
| | Infrastruktur | Ingen verknad. | Ingen (0) |
| | Folkehelse | Tilgong til å ferdast i strandsona gjer ein positiv gevinst for folkehelse. Utviding av bustadareal vil ha ein negativ verknad. | Negativ (-) |
| | Born og unge | Tilgong til å ferdast i strandsona er viktig kvalitet i nærrområde for born og unge, | Negativ (-) |

| | | | |
|--|-------------|---------------------------------|-----------|
| | Kulturminne | Ingen registrerte kulturminner. | Ingen (0) |
|--|-------------|---------------------------------|-----------|

ROS-ANALYSE

| Fareområde/tema. Skildring av uønska hending og konsekvens. | Utløysande årsak til hending. | Merknad/utfyllande opplysningar. |
|--|----------------------------------|--|
| 1. Brann | Teknisk eller menneskeleg svikt. | Ikkje til gong til slokkevatn. Må nytte tankbil. Ein ny bustad i eksisterande bustadfelt endrar ikkje risikobilete, difor ikkje vekta. |

SAMASTILLING OG TILRÅING:

Positive konsekvensar:

Tiltaket har ein positiv effekt for eigar av naust og ved å sikre tilgong til sjø og båt plass.

Negative konsekvensar:

Innspelet har ein negativ konsekvens for friluftsliv ved å utvide bustadområde fordi det vil privatisera strandsona.

Endring av grøntareal i strandsona til byggjeområde har ein negativ effekt for ei berekraftig samfunnsutvikling fordi viktige fellesinteresser vert privatisert.

Konklusjon:

Utviding av bustadområde har ei overvekt av ulemper ved seg gjennom privatisering av eit grøntareal i strandsona. Avsetting av grøntareal her har hatt som føremål å sikre ålmenne interesser. Utviding av bustadområde og etablering av naust er i strid med dette og arealføremålet bør ikkje endrast. Innspelet vert ikkje tilrådd.

6 Friluftsområde Hanstveitholmane

STADNAMN: Hanstveitholmane Fotlandsvåg

GNR/BNR: 103/5 og 60

Noverande planstatus: LNF, friområde og Bruk og vern av sjø og vassdrag og fiske. Delar av området ligg i reguleringsplan for Hanstveit, som bustad og friområde.

Framlegg til nytt arealføremål: Friområde og Samferdselsanlegg (p-plass). Bustadområde.


Storleik (daa): 7 daa

Områdeskildring:

Innspelet dreier seg om 3 ulike friområde i Fotlandsvåg. Desse ligg alle inne i gjeldande planer som friområde og det er difor ikkje naudsynt å endra status i denne planen. Friområde Hanstveitholmane vert utvida på bakgrunn av kartlegginga av funksjonell strandsone.

Det er komen innspel om å etablere ein p-plass som skal liggja i tilknytning til Hanstveitholmane friområde. Dette arealet ligg innanfor det som er regulert som bustadområde.

Det ligg i dag eit etablert bustadhus i det som ligg som friområde i kommuneplanen. Kommunen ynskjer difor å oppdatere planen slik at den er i samsvar med gjeldande situasjon. Det vert difor lagt inn som eksisterande bustadområde utan mulighet til å etablere nye einingar.



| | TEMA | MERKNAD/VURDERING | KONSEKVENNS |
|---------|-------------------------------|---|-------------------|
| MILJØ | Friluftsliv | Større friområde og p-plass vil ha ein stor positiv effekt. Etablering av bustadområde på eksisterande bustadhus vil ikkje ha nokon verknad. | Stor positiv (++) |
| | Landskap | Ingen verknad | Ingen (0) |
| | Naturmangfald | Det er ingen registreringar på det aktuelle arealet. Antatt ingen verknad. | Ingen (0) |
| | Forureining | Ikkje aktuelt | Ingen (0) |
| | Landbruk | Ikkje aktuelt | Ingen (0) |
| SAMFUNN | Bærekraftig samfunnsutvikling | I eit langsiktig samfunnsperspektiv er det viktig å sikre areal som har stor verdi for rekreasjon og friluftsliv. Sikring av større samanhengande areal er difor svært positiv. | Stor positiv (++) |
| | Infrastruktur | Parkeringsplass opnar for god dekning. Tilkopling på eksisterande vegsystem. | Ingen (0) |
| | Folkehelse | Tilgjengeleg strandsoneareal er viktig for friluftsliv og med det som ein positiv faktor for folkehelse. | Stor positiv (++) |
| | Born og unge | Tilgjengeleg strandsoneareal er ein viktig faktor for gode oppvekstvilkår for born og unge. Stor positiv konsekvens. | Positiv (++) |
| | Kulturminne | Ingen registrerte kulturminner. | Ingen (0) |

ROS-ANALYSE

| Fareområde/tema. Skildring av uønska hending og konsekvens. | Utløysande årsak til hending. | Merknad/utfyllande opplysningar. |
|--|--|---|
| 1.Trafikk ulukker grunna auka trafikk. | Auka gjennomgangstrafikk i bustadområde. | Fartsdumpar og låg fartsgrense. P-plass vil vera eit avbøtande tiltak. 3.5,3.1,3.1 |
| 2.Drukning sulukker | Auka trafikk på tilrettelagde badeplasser. | 6.5,6.1,6.1 |

| | | Konsekvens | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
|---------|------------------|--------------|---|---|---|---|---|-------|---|---|---|---|---|--------------------|---|---|---|---|---|---|
| | | LIV OG HELSE | | | | | | MILJØ | | | | | | MATERIELLE VERDIAR | | | | | | |
| | | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | |
| Sannsyn | Særs sannsynleg | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 |
| | Mykje sannsynleg | 5 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 |
| | Sannsynleg | 4 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 |
| | Noko sannsynleg | 3 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 |
| | Lite sannsynleg | 2 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 |
| | Usannsynleg | 1 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 |
| | | | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 |

Risikoreducerande tiltak. Trong for vidare vurderingar:

1. Etablering av p-plass vil gje ein meir oversiktleg situasjon i høve til parkering på smal veg.
2. Må vurderast om redningsbøye og tillaga badeplass kan gje lågare risiko.

SAMASTILLING OG TILRÅING:

Positive konsekvensar:

Tiltaket har ein stor positiv konsekvens for friluftsliv, folkehelse og samfunnsutvikling.

Konklusjon:

Tiltaket har stor positiv effekt og vert tilrådd.

7 Bustad, forretning og kontor Fotlandsvåg

STADNAMN: Fotlandsvåg

GNR/BNR: 96/78, 79


Noverande planstatus: LNF og næringsområde. Ligg i omsynssone for Bandlegging i påvente av planlegging etter plan- og bygningslova.

Framlegg til nytt arealføremål: Sentrumsføremål

Storleik (daa): omtrent 3 daa

Områdeskildring:

Området ligg innerst i Fotlandsvåg og består av eit ope kaiområde og har tidlegare vore eit næringsområde. Det er ynskje om å gjera om området til bustad, forretning og kontor. Det er utarbeida eit reguleringsplanforslag for området som vart lagt ut på offentleg ettersyn 09.03.2011. Fylkesmannen og fylkeskommunen kom med motsegn til planen, med bakgrunn i henholdsvis privatisering av område mot sjø og størrelse på planlagd bygg i høve til omgjevningane. det vart halde dialogmøte 08.09.2011 men det har etter det ikkje skjedd noko nytt i saka.



| | TEMA | MERKNAD/VURDERING | KONSEKVENNS |
|---------|-------------------------------|--|-------------|
| MILJØ | Friluftsliv | Området har små kvalitetar for friluftsliv. Det er imidlertid mulig å ferdast i området i dag. Ved oppføring av bustad vil området verta privatisert, noko som vil vera negativt for ferdsel langs strandsona. Forretning og kontor vil privatisera i mindre grad. | Negativ (-) |
| | Landskap | Området er kaiområde og tidlegare næringsområde, og etablering av bustad, forretning og kontor har liten til ingen verknad. | Ingen (0) |
| | Naturmangfald | Det er ingen registreringar på det aktuelle arealet. Antatt ingen verknad. | Ingen (0) |
| | Forureining | Ikkje aktuelt | Ingen (0) |
| | Landbruk | Ikkje aktuelt | Ingen (0) |
| SAMFUNN | Bærekraftig samfunnsutvikling | For samfunnsutviklinga er det viktig å etablere tilstrekkeleg med bustad og næringsareal, spesielt på sentrumsnære areal. Enkelte næringer har trong for lokalisering i tilknytning til sjø og det er difor viktig å ha tilgjengelege næringsområde til dette. Bustadområde har ikkje behov for ei lokalisering i tilknytning til sjø. Det er i tillegg tilgjengelege bustadområde i Fotlandsvåg i dag. For samfunnsutviklinga er det viktig med langsiktige arealdisponeringar. Næringsareal som ligg til sjø bør difor ikkje byggast ned fordi desse kan vera vanskeleg å erstatte. Etablering av bustad på dette arealet vert vurdert som negativt for bærekraftig samfunnsutvikling. | Negativ (-) |
| | Infrastruktur | Fv 567 går på oppsida av eigedomen og har eit eksisterande kryss i dag. Etablering av kontor, forretning eller bustad i dette området vil auke trafikkmengda markert. Kurvaturen på vegen er krapp og lite oversiktleg. Verknaden på trygglieik kan vera negativ. | Negativ (-) |
| | Folkehelse | Liten til ingen verknad | Ingen (0) |
| | Born og unge | Liten til ingen verknad | Ingen (0) |

| | | | |
|--|-------------|---|-----------|
| | Kulturminne | Området har vore eldre tekstilindustri. I dag er det ingenting att av bygningar eller konstruksjonar på tomta. Verknaden av planlagd arealbruk er rekna som liten forutsett at det vert teken omsyn til ei bygg som er tilpassa omgjevnadane. | Ingen (0) |
|--|-------------|---|-----------|

ROS-ANALYSE

| Fareområde/tema. Skildring av uønska hending og konsekvens. | Utløysande årsak til hending. | Merknad/utfyllande opplysningar. |
|--|---|---|
| 1. Utgraving av masser langs elveløp grunna flaum eller dambrot. | Store nedbørmengder. | Utgaving av masser kan føre til undergraving av bygningsmasser eller infrastruktur. 4.1,4.1,4.4 |
| 2. Trafikkulykke grunna auka trafikk | Kryss i sving og uoversiktleg kurve kan føre til auka risiko. | 4.5,4.1,4.3 |
| 3. Stormflo og/eller springflo | | |
| 4. | | |

| | | Konsekvens | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
|---------|------------------|--------------|-------|--------|--------|--------|--------|-------|-------|--------|--------|--------|--------|--------------------|-------|--------|--------|--------|--------|-----|
| | | LIV OG HELSE | | | | | | MILJØ | | | | | | MATERIELLE VERDIAR | | | | | | |
| | | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | |
| Sannsyn | Særs sannsynleg | 6 | Green | Yellow | Red | Red | Red | Red | Green | Yellow | Red | Red | Red | Red | Green | Red | Red | Red | Red | Red |
| | Mykje sannsynleg | 5 | Green | Yellow | Red | Red | Red | Red | Green | Yellow | Red | Red | Red | Red | Green | Yellow | Yellow | Red | Red | Red |
| | Sannsynleg | 4 | 1 | Green | Yellow | Red | 2 | Red | 1, 2 | Green | Yellow | Red | Red | Red | Green | Green | 2 | 1 | Red | Red |
| | Noko sannsynleg | 3 | Green | Green | Yellow | Red | Red | Red | Green | Green | Yellow | Yellow | Red | Red | Green | Green | Yellow | Yellow | Red | Red |
| | Lite sannsynleg | 2 | Green | Green | Green | Yellow | Red | Red | Green | Green | Yellow | Yellow | Yellow | Red | Green | Green | Yellow | Yellow | Yellow | Red |
| | Usannsynleg | 1 | Green | Green | Green | Yellow | Yellow | Red | Green | Green | Green | Yellow | Yellow | Yellow | Green | Green | Green | Green | Green | Red |

Risikoreducerande tiltak. Trong for vidare vurderingar:

1. Krav i reguleringsplan om vurdering av flaumfare.
2. Må følgja opp krav i vegnorm.

SAMASTILLING OG TILRÅING:

Positive konsekvensar:

Positivt med bruk av eldre industriområde. Viktig med sentrumsnære bustadar og arebids plassar

Negative konsekvensar:

Kan privatisera kaiareal.

Konklusjon:

Det er fleire utfordringar med å lokalisera bustadar på denne lokaliteten. Arealendringa vert likevel tilrådd forutsett at tilgangen til sjø vert halden open og at det vert utarbeida kryssløysing som er i tråd med «Rammeplan for avkjørsler». Føresegn om å halde kaiområdet ope for ålmenta og unngå privatisering.

8 LNF-spreidd naust Fotlandsvåg

STADNAMN: Fotlandsvåg

GNR/BNR: 96/2

Noverande planstatus: Næringsområde.

Framlegg til nytt arealføremål: Eksisterande LNF-spreidd naust

Storleik (daa): omtrent 2 daa

Områdeskildring:

Området ligg innerst i Fotlandsvåg og består av 3 eksisterande naust i dag. Innspelet gjeld eksisterande naust og det er ikkje opna for nye naust. Kategorien LNF-spreidd er nytta fordi desse ligg på hovudbruket sitt g/bnr og det er ikkje ynskje om å opne for frådeling.



| | TEMA | MERKNAD/VURDERING | KONSEKVENNS |
|---------|-------------------------------|--|-------------|
| MILJØ | Friluftsliv | Området har små kvalitetar for friluftsliv. Det er mogleg å gå langs stranda. Det er ikkje opna for nye naust og situasjonen vil vera uforandra. | Ingen (0) |
| | Landskap | Gjeld eksisterande naust og det er ikkje opna for nye naust. | Ingen (0) |
| | Naturmangfald | Gjeld eksisterande naust og det er ikkje opna for nye naust. | Ingen (0) |
| | Forureining | Ikkje aktuelt | Ingen (0) |
| | Landbruk | Ikkje aktuelt | Ingen (0) |
| SAMFUNN | Bærekraftig samfunnsutvikling | Gjeld eksisterande naust og det er ikkje opna for nye naust. | Ingen (0) |
| | Infrastruktur | Gjeld eksisterande naust og det er ikkje opna for nye naust. | Ingen (0) |
| | Folkehelse | Gjeld eksisterande naust og det er ikkje opna for nye naust. | Ingen (0) |
| | Born og unge | Gjeld eksisterande naust og det er ikkje opna for nye naust. | Ingen (0) |
| | Kulturminne | Gjeld eksisterande naust og det er ikkje opna for nye naust. | Ingen (0) |

ROS-ANALYSE

Gjeld eksisterande bruk og er ikkje risikovurdert.

SAMASTILLING OG TILRÅING:

Gjeld eksisterande bruk og er tilrådd.

9 Småbåthamn og gjestehamn Fotlandsvåg

STADNAMN: Fotlandsvåg

GNR/BNR: 96/2, 13, 15, 28, 56 og 79

Noverande planstatus: Noverande og framtidig næring og LNF, i sjø bruk og vern av sjø og vassdrag.


Framlegg til nytt arealføremål: Småbåthamn og gjestehamn

Storleik (daa): Kvart område er omtrent 10 daa

Områdeskildring:

Eksisterande småbåthamn i Fotlandsvåg ligg i eit område som er under regulering til næringsområde. Det må difor vurderst ei ny lokalisering i Fotlandsvåg. Alternative lokaliseringar er lagt til 3 ulike stader i tillegg til at det skal lokaliserast eit betre gjestehamn. For alternativ 2 er det vurdert to lokaliseringar. 2 a) ligg frå land og heilt ut i til midten av vågen. Alternativ 2 b) ligg langs land.

Området på sørsida av Fotlandsvåg er ei nordvendt li der Rv 567 går langs sjøen inn til Fotlandsvåg. Det ligg fleire næringsområder langs med riksvegen som er etablert delvis på fylling i sjø. Reguleringsplan under utarbeiding vil utvide næringsareala i området der småbåthamn ligg i dag.



| | TEMA | MERKNAD/VURDERING | KONSEKVENNS |
|-------|---------------|--|---|
| MILJØ | Friluftsliv | Dei tre ulike areala er i liten grad nytta til friluftsliv fordi dei ligg i nær tilknytning til vegutfylling og at mulighetane for å ferdast i strandsona er avgrensa grunna topografi. Konsekvensane for friluftsliv er liten til ingen verknad. | Ingen (0) |
| | Landskap | <p>1. I indre del av vågen er vågen eit viktig landskapselement. Etablering av ei småbåthamn her vil ha ein markert landskapseffekt. Ei stor småbåthamn i vågen her vil føre til at vågen som landskapselement vert negativt påverka.</p> <p>2 a. Etablering av småbåthamn lenger ute i vågen vil gje ein mindre landskapsverknad enn lenger inne i vågen. Her er det mulighet til å leggje småbåthamna langs sida i eit smalare belte og med det dekkje eit mindre areal. Landskapsverknaden her vil vera mindre enn lenger inne i vågen men har ein mindre negativ verknad.</p> <p>2 b. Ved å leggja småbåthamn i eit smalt belte langs land vil landskapsverknaden verta redusert ytterlegare. Verknaden vert likevel vurdert til å vera negativ.</p> <p>3. Landskapet er dominert av næringsarealet og bygningsmassen her. Terrenget ned til sjø er brattare, noko som gjer at ei småbåthamn her vil vera mindre markert i landskapet enn lenger inne i vågen samstundes som næringsområdet gjer at det er små landskapsverdiar i dette området.</p> | <p>1. Stor negativ (--)</p> <p>2 a. Negativ (-)</p> <p>2 b. Negativ (-)</p> <p>3. Ingen (0)</p> |
| | Naturmangfald | <p>1. Det er ingen registrerte verdiar i dette området. Verknaden av ei småbåthamn vert vurdert til å vera liten til ingen.</p> <p>2 a og b. Det er registrert Havelle i dette området. Det er usikkert i kva grad lokalisering av småbåthamn har ei negativ innverknad på Havellen og i kva grad denne nyttar området. Det bør imidlertid leggest til grunn at det vert mindre areal og at dette kan ha ein negativ effekt.</p> <p>3. Det er registrert gyteområde for torsk i nærleiken av lokalisering nr 3. Heile indre Osterfjorden kan vera gyteområde for torsk og det er ingen informasjon om viktigheten av området i Fotlandsvåg. Etableringa av småbåthamn kan medføre mindre utfylling og forankring av flytebrygger. Slik vi vurderar det vil ikkje planlagde tiltak ha ein negativ</p> | <p>1. Ingen (0)</p> <p>2. Negativ (-)</p> <p>3. Negativ (-)</p> |

| | | | |
|----------------|-------------------------------|--|--|
| | | verknad for gyteområde for fisk. Det er registrert Havelle i dette området. Det er usikkert i kva grad lokalisering av småbåthamn har ei negativ innverknad på Havellen og i kva grad denne nyttar området. Det bør imidlertid leggest til grunn at det vert mindre areal og at dette kan ha ein negativ effekt. | |
| | Forureining | Det er ingen registrerte lokalitetar i Fotlandsvåg. | Ingen (0) |
| | Landbruk | Ikkje relevant | Ingen (0) |
| SAMFUNN | Bærekraftig samfunnsutvikling | 1. Sentrumsnære anlegg kan gje mindre transportbehov. Det er difor viktig å ha ei anlegg som er i tilknytning til der brukarane bur. Eit sentrumsnært anlegg vil difor vera positivt. 2 a og b. Sentrumsnære anlegg kan gje mindre transportbehov. Det er difor viktig å ha ei anlegg som er i tilknytning til der brukarane bur. Eit sentrumsnært anlegg vil difor vera positivt. 3. Denne lokaliseringa har den lengste avstanden frå sentrum. Det kan medføre meir transport, noko som er negativt i eit langsiktig samfunnsperspektiv. | 1. Positiv (+) 2. Positiv (+) 3. Negativ (-) |
| | Infrastruktur | 1 og 2 a og b. Ingen infrastruktur i forma av p-plass eller tilkomstveg i dag. Dette vil medføre at det i tillegg må utbyggast areal til dette i planen. Lite areal og trong for avkjørslar gjer at dette er ein negativ konsekvens. 3. Ved å leggja småbåthamna i tilknytning til næringsområde kan ein nytte denne infrastrukturen. Det er i tillegg lettare å løyse trong for p-plass i dette området enn i dei alternative lokaliseringane lenger inne. | 1. Negativ (-) 2. Negativ (-) 3. Positiv (+) |
| | Folkehelse | Generelt vil tilgong til småbåthamn og mulighet til å kome seg på sjøen vera positivt for folkehelsa. Det er ikkje noko forskjell mellom dei ulike lokalitetane. | Positiv (+) |
| | Born og unge | Generelt vil tilgong til småbåthamn og mulighet til å kome seg på sjøen vera positivt for born og unge. Det er ikkje noko forskjell mellom dei ulike lokalitetane. | Positiv (+) |

| | | |
|-------------|---|--|
| Kulturminne | 1. Ligg SEFRAK registrerte naust på land. Ei småbåthamn eller gjestehamn vil ha ien negativ verknad ved å dominera landskapsrommet. 2. Ingen registrerte kulturminner 3. Ingen registrerte kulturminner | 1. Negativ (-) 2. Ingen (0) 3. Ingen (0) |
|-------------|---|--|

ROS-ANALYSE

Dei ulike alterantiva er utgreidd i kvar sine matriser.

ALT. 1

| Fareområde/tema. Skildring av uønska hending og konsekvens. | Utløysande årsak til hending. | Merknad/utfyllande opplysningar. |
|---|---|---|
| Småbåthamn | | |
| 1. Trafikkulukke knytt til småbåthamn og kryssing av veg frå/til p-plass. | Mange mjuke trafikantar kryssar veg. | 4.5,4.1,4.2 |
| 2. Forureining gjennom utslepp. | Teknisk eller menneskeleg svikt. | 5.1,5.2,5.2 |
| 3. Brann i båt. | Teknisk eller menneskeleg svikt. | 5.1,5.3,5.5 |
| 4. Båtulukke knytt til trafikk til offentleg kai. | Større båtar som har anløp til off kai skapar auka trafikk i smalt farvatn. | 3.2,3.1,3.4 |
| 5. Drukningssulukke. | Mange personar oppheld seg i tilknytning til sjø. | 3.5,3.1,3.1 |
| 6. Brot på VAledning i sjø og vassledning til smoltanlegg. | Akutt hending som skadar vassledning i sjø. | Større sannsyn i anleggsperioden. 4.1, 4.2, 4.5 |
| 7. Utløpsområde for snøskred. | Store snømengder. | Ingen kjende hendingar. 3.3, 3.2, 3.4 |
| Gjestehamn | | |
| 8. Brann i båt i gjestehamn. | Teknisk eller menneskeleg svikt. | 4.5,4.1,4.4 |
| 9. Trafikkulukke grunna fleire fotgjengarar. | Fleire mjuke trafikantar. | 2.4,2.1,2.2 |
| 10. Drukningssulukke. | Mange personar oppheld seg i tilknytning til sjø i samband med overnatting. | 2.5,2.1,2.1 |
| 11. Utløpsområde for snøskred. | Store snømengder. | Same vektning som i pkt 7 |

| | | |
|---------------------|--------------|---------------------------|
| Konsekvens | | |
| LIV OG HELSE | MILJØ | MATERIELLE VERDIAR |

| | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
|---------|------------------|---|------|---|---|---|------|---|------|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|--|
| Sannsyn | | | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | |
| | Særs sannsynleg | 6 | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| | Mykje sannsynleg | 5 | 2, 3 | | | | | | | 2 | 3 | | | | | | 2 | | | 3 | |
| | Sannsynleg | 4 | 6 | | | | 1, 8 | | 1, 8 | 6 | | | | | | | 1 | | 7 | 6 | |
| | Noko sannsynleg | 3 | | 4 | 7 | | 5 | | 5, 4 | 7 | | | | | | 5 | | | 4 | 8 | |
| | Lite sannsynleg | 2 | | | | 9 | 1 | | 9, 1 | | | | | | | 1 | 9 | | | | |
| | Usannsynleg | 1 | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |

Risikoreduserande tiltak. Trong for vidare vurderingar:

1. Må vurderast i reguleringsplanprosess
3. Interne rutiner.
5. Tiltak som redningsbøye og evt stengsel på flytebrygge for å hindre ferdsel
6. Setjast krav til gjennomføring i reguleringsplan
7. Krav til vurdering av skredfare i reguleringsplan
9. Må vurderast tiltak i reguleringsplan
10. Redningsbøyeer. Trapp ned til sjø.
11. Krav til vurdering av skredfare i reguleringsplan

ALT 2

| Fareområde/tema. Skildring av uønska hending og konsekvens. | Utløysande årsak til hending. | Merknad/utfyllande opplysningar. |
|---|---|----------------------------------|
| Småbåthamn | | |
| 1. Trafikkulukke knytt til småbåthamn og kryssing av veg frå/til p-plass. | Mange mjuke trafikantar kryssar veg. | 4.5,4.1,4.2 |
| 2. Forureining gjennom utslepp. | Teknisk eller menneskeleg svikt. | 5.1,5.2,5.2 |
| 3. Brann i båt. | Teknisk eller menneskeleg svikt. | 5.1,5.3,5.5 |
| 4. Båtulukke knytt til trafikk til offentleg kai. | Større båtar som har anløp til off kai skapar auka trafikk i smalt farvatn. | 2.2,2.1,2.4 |
| 5. Drukningulukke. | Mange personar oppheld seg i tilknytning til sjø. | 3.5,3.1,3.1 |

| | | |
|--|---|---|
| 6. Brot på VAledning i sjø og vassledning til smoltanlegg. | Akutt hending som skadar vassledning i sjø. | Større sannsyn i anleggsperioden. 4.1, 4.2, 4.5 |
| 7. Utløpsområde snøskred og jord- og flaumskred. | Store nedbørsmengder. | Ingen kjende hendingar. 3.3, 3.2, 3.4 |
| Gjestehamn | | |
| 8. Brann i båt i gjestehamn. | Teknisk eller menneskeleg svikt. | 4.5,4.1,4.4 |
| 9. Trafikkulukke grunna fleire fotgjengarar. | Fleire mjuke trafikanter. | 2.4,2.1,2.2 |
| 10. Drukningssulukker. | Mange personar oppheld seg i tilknytning til sjø i samband med overnatting. | 3.5,3.1,3.1 |
| 11. Utløpsområde for snøskred. | Store snømengder. | Sjå punkt 7. |

| | | Konsekvens | | | | | | | | | | | | | | | | | |
|---------|------------------|--------------|-----|---|---|-----|---|-------|---|---|---|---|---|--------------------|---|---|---|---|---|
| | | LIV OG HELSE | | | | | | MILJØ | | | | | | MATERIELLE VERDIAR | | | | | |
| | | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 |
| Sannsyn | Særs sannsynleg | 6 | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| | Mykje sannsynleg | 5 | 2,3 | | | | | | 2 | 3 | | | | | 2 | | | 3 | |
| | Sannsynleg | 4 | 6 | | | 1,7 | | 1,7 | 6 | | | | | | 1 | | 7 | 6 | |
| | Noko sannsynleg | 3 | | | | 5,9 | | 5,9 | | | | | | 5,9 | | | | | |
| | Lite sannsynleg | 2 | | 4 | | 8 | | 4,8 | | | | | | | 8 | | 4 | | |
| | Usannsynleg | 1 | | | | | | | | | | | | | | | | | |

Risikoreduserande tiltak. Trong for vidare vurderingar:

1. Må vurderast i reguleringsplanprosess
3. Interne rutiner.
5. Tiltak som redningsbøye og evt stengsel på flytebrygge for å hindre ferdse
6. Setjast krav til gjennomføring i reguleringsplan
7. Krav til vurdering av skredfare i reguleringsplan
9. Må vurderast tiltak i reguleringsplan
10. Redningsbøyeer. Trapp ned til sjø.
11. Krav til vurdering av skredfare i reguleringsplan

ALT 3

| Fareområde/tema. Skildring av uønska hending og konsekvens. | Utløysande årsak til hending. | Merknad/utfyllande opplysningar. |
|--|---|---|
| Småbåthamn | | |
| 1. Trafikkulukke knytt til småbåthamn og kryssing av veg frå/til p-plass. | Mange mjuke trafikantar kryssar veg. | 4.5,4.1,4.2 |
| 2.Forureining gjennom utslepp. | Teknisk eller menneskeleg svikt. | 5.1,5.2,5.2 |
| 3.Brann i båt. | Teknisk eller menneskeleg svikt. | 5.1,5.3,5.5 |
| 4. Båtulukke knytt til trafikk til offentleg kai. | Større båtar som har anløp til off kai skapar auka trafikk i smalt farvatn. | 2.2,2.1,2.4 |
| 5. Drukningulukke. | Mange personar oppheld seg i tilknytning til sjø. | 3.5,3.1,3.1 |
| 6. Brot på VAledning i sjø og vassledning frå smoltanlegg. | Akutt hending som skadar vassledning i sjø. | Større sannsyn i anleggsperioden. 4.1, 4.2, 4.4 |
| 7. Utløpsområde snøskred og jord- og flaumskred. | Store nedbørsmengder. | Ingen kjende hendingar. 3.3, 3.2, 3.4 |
| Gjestehamn | | |
| Ikkje vurdert på grunnlag av Ku der dette ikkje er ein ønska lokalisering. | | |

| | | Konsekvens | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
|---------|------------------|--------------|------|---|---|---|---|-------|---|---|---|---|---|--------------------|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | LIV OG HELSE | | | | | | MILJØ | | | | | | MATERIELLE VERDIAR | | | | | | | | | | | |
| | | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | | | | | | |
| Sannsyn | Særs sannsynleg | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | | | | | |
| | Mykje sannsynleg | 5 | 2, 3 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | | | | |
| | Sannsynleg | 4 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 |
| | Noko sannsynleg | 3 | 5 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 5 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 5 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | | |
| | Lite sannsynleg | 2 | 4 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 4 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 4 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | | |
| | Usannsynleg | 1 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | | |

Risikoreducerande tiltak. Trong for vidare vurderingar:

1. Må vurderast i reguleringsplanprosess
3. Interne rutiner.
5. Tiltak som redningsbøye og evt stengsel på flytebrygge for å hindre ferdsel
6. Setjast krav til gjennomføring i reguleringsplan
7. Krav til vurdering av skredfare i reguleringsplan

SAMASTILLING OG TILRÅING:

Lokalitet 1

Positive konsekvensar:

- Positivt med sentrumsnær lokalisering

Negative konsekvensar:

- Stor konsekvens for landskap ved at store delar av den indre vågen vert beslaglagt av småbåthamna
- Negativ verknad på registrerte kulturminner
- Manglar god infrastruktur og er vanskeleg å få til i eit område med lite tilgjengeleg areal

Lokalitet 2 a

Positive konsekvensar:

- Positivt med sentrumsnær lokalisering

Negative konsekvensar:

- Negativ konsekvens for landskap ved at delar av den indre vågen vert beslaglagt av småbåthamna
- Kjem i konflikt med areal som er nytta av havelle
- Manglar god infrastruktur og er vanskeleg å få til i eit område med lite tilgjengeleg areal

Lokalitet 2 b

Positive konsekvensar:

- Positivt med sentrumsnær lokalisering

Negative konsekvensar:

- Negativ konsekvens for landskap ved at delar av den indre vågen vert beslaglagt av småbåthamna men konsekvensen er mindre enn for alt 2 b.
- Kjem i konflikt med areal som er nytta av havelle
- Manglar god infrastruktur og er vanskeleg å få til i eit område med lite tilgjengeleg areal

Lokalitet 3

Positive konsekvensar:

- Tilgrensande næringsområde har infrastruktur som koplast på og det er mogleg å etablera areal for mindre p-plass.

Negative konsekvensar:

- Kjem i konflikt med areal som er nytta av havelle og gyteområde for torsk

Konklusjon:

Tilgong på nok areal både til småbåthamn og ikkje minst til naudsynt areal på land er viktig ved val av lokalitet. For 1 og 2 er det positive knytt til lokalisering nær sentrum. I ei småbåthamn vil det uansett vera trong for tilkomst med bil fordi det ofte vil vera trong for transport av utstyr og drivstoff med meir. For småbåthamna er det difor ikkje så viktig at denne er innanfor gangavstand. Alternativ 3 vil krevje meir tilrettelegging for å gjennomføre men har større areal å ekspandera på og har ein delvis tilrettelagd infrastruktur. Den negative verknaden på landskap er liten. Den negative verknaden på naturmangfald er at det vert redusert areal og at verknadane på gyteområde for torsk er usikre. Det er imidlertid store areal som er markert som gyteområde for torsk og leveområde for havelle og ein mindre reduksjon her kan ha ein negativ verknad men ei vektning av dei ulike omsynna gjer at alternativ 3 er den lokaliseringa som vert tilrådd.

For gjestehamna er det imidlertid viktig at denne ligg så nære at det er mogleg å gå til butikk, Fjordslottet og det tilbodet som måtte vera i og rundt sentrum. Det er tilrådd at gjestehamna vert lokalisert på alternativ 1.

10 Landbasert akvakultur – Saltverket Fotlandsvåg

STADNAMN: Saltverket - Fotlandsvåg

GNR/BNR: 95/1, 5, 18, 35, 38


Noverande planstatus: Næring

Framlegg til nytt arealføremål: Akvakultur

Storleik (daa): 17 daa

Områdeskildring:

I samband med innspel om landbasert akvakultur i Lonevåg (innspel nr. 19) har de vore eit ynskje om å vurdera område for akvakultur på land i Osterøy kommune. I samband med dette har det vore naturleg å sjå på område der det er industri i dag. Området ved Saltverket er nytta til setjefiskproduksjon i dag. Det er difor naturleg å vurdera eit større område her som landbasert akvakultur.



| | TEMA | MERKNAD/VURDERING | KONSEKVENNS |
|----------------|-------------------------------|---|-------------|
| MILJØ | Friluftsliv | Eksisterande næringsområde og har få og ingen friluftskvalitetar. Verknaden vert vurdert til å vera liten. | Ingen (0) |
| | Landskap | Eksisterande industriområde, liten til ingen verknad. | Ingen (0) |
| | Naturmangfald | Det er registrert leveområde på vinterstid for havelle i sjøområda utanfor. Er eksisterande industri her i dag og det er usikkert om eit større areal på land vil ha noko å sei for registert naturmangfald. Verknaden vert vurdert til å vera liten. | Ingen (0) |
| | Forureining | Etablering av anlegg i dette ormdet kan medføre utslepp av forureining. Dette vert handsama av forureiningslova og akvakulturlova ig høve til utslepp og teknologi. Verknaden vert difor vurdert til å vera liten. | Ingen (0) |
| | Landbruk | Ikkje aktuelt | Ingen (0) |
| SAMFUNN | Bærekraftig samfunnsutvikling | I eit langsiktig samfunnsperspektiv er det viktig å sikre areal for ei bærekraftig akvakulturnæring. Etablering av landbasert akvakultur vil vera i tråd med denne målsettinga. For samfunnsutviklinga vil dette vera positivt. Arealendringa vil beslagleggja område som ligg i kommuneplanen sin areal del som næringsområde, noko som gjer at det vert mindre næringsareal tilgjengeleg. Området rundt Saltkjelen er stort og såleis vert det vurdert til at dette vil ha liten verknad for potensialet til å utvikle området. | Positiv (+) |
| | Infrastruktur | Er tilkopa fylkesveg i dag. Kryssløysing må vurderast i reguleringsplan. | Ingen (0) |

| | | | |
|--|--------------|---------------------------------|-----------|
| | Folkehelse | Liten og ingen verknad. | Ingen (0) |
| | Born og unge | Liten og ingen verknad. | Ingen (0) |
| | Kulturminne | Ingen registrerte kulturminner. | Ingen (0) |

ROS-ANALYSE

| Fareområde/tema. Skildring av uønska hending og konsekvens. | Utløysande årsak til hending. | Merknad/utfyllande opplysningar. |
|--|-------------------------------|---|
| 1. Steinskred | Auka nedbørmengde | Ingen kjende hendingar. Må vurderast i reguleringsplan. 3.5, 3.2, 3.5 |
| 2. Snøskred | Auka nedbør og vind. | Er vurdert til å vera lite sannsynleg ut frå kjend kunnsklap. 1.5, 1.3, 1.5 |

| | | Konsekvens | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
|---------|------------------|--------------|-------|--------|--------|--------|--------|-------|-----|-------|--------|--------|--------|--------------------|--------|--------|-------|--------|--------|--------|--------|-------|
| | | LIV OG HELSE | | | | | | MILJØ | | | | | | MATERIELLE VERDIAR | | | | | | | | |
| | | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | | | |
| Sannsyn | Særs sannsynleg | 6 | Green | Yellow | Red | Red | Red | Red | Red | Green | Yellow | Red | Red | Red | Red | Red | Green | Red | Red | Red | Red | Red |
| | Mykje sannsynleg | 5 | Green | Yellow | Red | Red | Red | Red | Red | Green | Yellow | Red | Red | Red | Red | Red | Green | Yellow | Yellow | Red | Red | Red |
| | Sannsynleg | 4 | Green | Green | Yellow | Red | Red | Red | Red | Green | Green | Yellow | Red | Red | Red | Red | Green | Green | Yellow | Red | Red | Red |
| | Noko sannsynleg | 3 | Green | Green | Yellow | Red | Red | Red | Red | Green | Green | Yellow | Yellow | Red | Red | Red | Green | Green | Yellow | Yellow | Red | Red |
| | Lite sannsynleg | 2 | Green | Green | Green | Yellow | Red | Red | Red | Green | Green | Yellow | Yellow | Yellow | Red | Red | Green | Green | Yellow | Yellow | Yellow | Red |
| | Usannsynleg | 1 | Green | Green | Green | Yellow | Yellow | Red | Red | Green | Green | Green | Yellow | Yellow | Yellow | Yellow | Green | Green | Green | Green | Green | Green |

Risikoreduserande tiltak. Trong for vidare vurderingar:

1. Skrefare må vurderast i reguleringsplan

SAMASTILLING OG TILRÅING:

Positive konsekvensar:

Tiltaket har stor positiv effekt for ei berekraftig samfunnsutvikling.


Negative konsekvensar:

Har ingen negative verknadar.

Konklusjon:

Tiltaket har positiv effekt og vert tilrådd.

Hosanger og Hoshovde



11 Kombinerte bygg og anlegg – Norlender Knitwear AS - Hosanger

STADNAMN: Hosanger

GNR/BNR: 88/12


Noverande planstatus: Sentrumsføremål på land og fiske i sjø

Framlegg til nytt arealføremål: Kombinerte bygg og anlegg (næring, handel, forretning, kontor, oppstillingsplass for bubil, museum, eksisterande naust)

Storleik (daa): 2 daa

Områdeskildring:

Område er eksisterande næringsområde med kaiareal og næringsbygg. Det er ynskje om utvida kai for å kunne ta i mot turistar og mulighet for bubilparkering med meir, retta mot reiselivsmarkedet. I tillegg skal det etablerast eit visningsenter/museum for drifta i tillegg til mulighet til butikk for dei produkta som er produsert her.



| | TEMA | MERKNAD/VURDERING | KONSEKVENNS |
|----------------|-------------------------------|--|-------------------|
| MILJØ | Friluftsliv | Er eksisterande næringsområde. Ingen konsekvens. | Ingen (0) |
| | Landskap | Er eksisterande næringsområde. Ingen konsekvens. | Ingen (0) |
| | Naturmangfald | Er eksisterande næringsområde. Ingen konsekvens. | Ingen (0) |
| | Forureining | Er eksisterande næringsområde. Ingen konsekvens. | Ingen (0) |
| | Landbruk | Er eksisterande næringsområde. Ingen konsekvens. | Ingen (0) |
| SAMFUNN | Bærekraftig samfunnsutvikling | Tilrettelegging for mulighet for næringsutvikling på eksisterande næringsområde er positivt. | Stor positiv (++) |
| | Infrastruktur | Er eksisterande avkøyring i dag. Kan føre til noko auke i trafikktalet men endringa vil vera liten og vert vurdret til å ha liten til ingen verknad. | Ingen (0) |
| | Folkehelse | Er eksisterande næringsområde. Ingen konsekvens. | Ingen (0) |
| | Born og unge | Er eksisterande næringsområde. Ingen konsekvens. | Ingen (0) |
| | Kulturminne | SEFRAK-registrerte naust i vik. Området vert ikkje rørt av planlagd tiltak. Vurdert til å ha liten til ingen verknad. | Ingen (0) |

ROS-ANALYSE

| Fareområde/tema. Skildring av uønska hending og konsekvens. | Utløysande årsak til hending. | Merknad/utfyllande opplysningar. |
|--|---|--|
| 1. Stein og jordskred, snøskred. Flodbølgje grunna skred. | Store nedbørmengder i kombinasjon med temperatursvingningar | Kjende hendingar. Generell stort sannsyn. Må avklarast i detaljplan. |
| 2. Trafikk | Auka trafikk fører ulukker ved avkøyring | 4.2, 4,1,4.3 |

| | | Konsekvens | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
|---------|------------------|--------------|---|---|---|---|---|-------|---|---|---|---|---|--------------------|---|---|---|---|---|---|
| | | LIV OG HELSE | | | | | | MILJØ | | | | | | MATERIELLE VERDIAR | | | | | | |
| | | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | |
| Sannsyn | Særs sannsynleg | 6 | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ |
| | Mykje sannsynleg | 5 | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ |
| | Sannsynleg | 4 | ■ | 2 | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | 2 | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | 2 | ■ | ■ |
| | Noko sannsynleg | 3 | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ |
| | Lite sannsynleg | 2 | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ |
| | Usannsynleg | 1 | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ |

Risikoreduserande tiltak. Trong for vidare vurderingar:

1. Krav til detaljert utgreiing i detaljplan
2. Ikkje trong for risikoreduserande tiltak

SAMASTILLING OG TILRÅING:

Positive konsekvensar:

Har positive ringverknader for næringsutvikling i Hosanger.

Konklusjon:

Innspelet vert tilrådd. Endringane som er føreslege vil vera små ihøve til eksisterande arealbruk.

12 Friluftsområde Hosangerheimen

STADNAMN: Hosanger

GNR/BNR: 88/30 og 31


Noverande planstatus: Sentrumsføre mål på land og Bruk og vern av sjø og vassdrag i sjø. Ligg innan omsynssone med krav om felles planlegging.

Framlegg til nytt arealføre mål: Friluftsområde på land og i sjø

Storleik (daa): omtrent 1 daa

Områdeskildring:

Område ligg mellom Hosangerheimen og til sjø. Hosanger helselag ynskjer å etablere ein gangveg ned til sjø og brygge eller liknande her, slik at det kan vera eit tilbod til bebuarane på Hosangerheimen.



| | TEMA | MERKNAD/VURDERING | KONSEKVENNS |
|---------|-------------------------------|---|-------------------|
| MILJØ | Friluftsliv | Området er bratt skråning mot sjø. Ingen friluftsjnteresser. | Ingen (0) |
| | Landskap | Etablering av ein gangveg i ei bratt skråning kan føre til skjeringar og vil vera eit eksponert trekk. På bakgrunn av at Hosangerheimen ligg markert i bakgrunnen vurderar vil konsekvensen til å vera liten negativ. | Negativ (-) |
| | Naturmangfald | Ingen registrerte verdiar her. Etablering av tiltak antas å ha liten til ingen verknad. | Ingen (0) |
| | Forureining | Ikkje aktuelt. | Ingen (0) |
| | Landbruk | Ikkje aktuelt. | Ingen (0) |
| SAMFUNN | Bærekraftig samfunnsutvikling | Etablering av gangveg vil ha ein positiv effekt fordi det gjer ein auka tilgong til sjøen for ålmenta. | Positiv (+) |
| | Infrastruktur | Ingen verknad. | |
| | Folkehelse | Stor positiv effekt å ha mulighet til tilgong til sjø både for bebuarar ved heimen og andre. | Stor positiv (++) |
| | Born og unge | Positiv effekt at born og unge får ein betre tilgong til sjø. | Positiv (+) |
| | Kulturminne | Liten eller ingen effekt. | Ingen (0) |

ROS-ANALYSE

| Fareområde/tema. Skildring av uønska hending og konsekvens. | Utløysande årsak til hending. | Merknad/utfyllande opplysningar. |
|--|--|----------------------------------|
| 1. Sterk vind, bølger og stormflo gjer skade | Sterk vind og bølger i kombinasjon med stormflo. | 5.1, 5.1, 5.2 |
| 2. | | |
| 3. | | |
| 4. | | |

| | | Konsekvens | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
|---------|------------------|--------------|---|---|---|---|---|-------|---|---|---|---|---|--------------------|---|---|---|---|---|---|
| | | LIV OG HELSE | | | | | | MILJØ | | | | | | MATERIELLE VERDIAR | | | | | | |
| | | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | |
| Sannsyn | Særs sannsynleg | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 |
| | Mykje sannsynleg | 5 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 |
| | Sannsynleg | 4 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 |
| | Noko sannsynleg | 3 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 |
| | Lite sannsynleg | 2 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 |
| | Usannsynleg | 1 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 |
| | | | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 |

Risikoreduserande tiltak. Trong for vidare vurderingar:

Ingen risikoreduserande tilak.

SAMASTILLING OG TILRÅING:

Positive konsekvensar:

- Ein gangveg vil vera positivt for mange grupper ved at det vert ein auka tilgjenge til sjø.

Negative konsekvensar:

- Vil ha ein liten negativ effekt for strandsonelandskapet.

Konklusjon:

Tiltaket har liten positiv effekt ved å auke tilgjenge til sjø, både for bebuarane ved Hosanger heimen og ålmenta. Innspelet vert tilrådd.

13 Friluftsområde Hosanger

STADNAMN: Hosanger

GNR/BNR: 88/1


Noverande planstatus: Sentrumsføremål på land og Bruk og vern av sjø og vassdrag i sjø. Ligg innan omsynssone med krav om felles planlegging.

Framlegg til nytt arealføremål: Friområde på land og friluftsområde i sjø

Storleik (daa): omtrent 8 daa

Områdeskildring:

Område ligg ved kyrkja i Hosanger og er eksisterande og delvis tilrettelagd friluftsområde. Området er delvis lagd til rette for friluftsliv i dag.



| | TEMA | MERKNAD/VURDERING | KONSEKVENNS |
|---------|-------------------------------|--|-------------------|
| MILJØ | Friluftsliv | Stor positiv konsekvens å avsette eit område med store kvalitetar til friluftsliv. | Positiv (++) |
| | Landskap | Vidareføring av dagens bruk vil vera positiv for å ivareta landskapet. | Positiv (+) |
| | Naturmangfald | Ingen registreringar. Vidareføring av dagens bruk vil ikkje ha noko konsekvens for naturmangfald. | Ingen (0) |
| | Forureining | Ingen verknad. | Ingen (0) |
| | Landbruk | Ikkje aktuelt. | Ingen (0) |
| SAMFUNN | Bærekraftig samfunnsutvikling | Tilrettelegging for friluftsliv er sært positiv. | Positiv (+) |
| | Infrastruktur | Ingen verknad. | |
| | Folkehelse | Svært positiv med tilrettelegging av eit friluftsområde. | Stor positiv (++) |
| | Born og unge | Svært positiv med tilrettelegging av eit friluftsområde. | Stor positiv (++) |
| | Kulturminne | Ligg SEFRAK-registrert naust her. Ligg rundt kyrkja i Hosanger. Endringa vil føre til lite endringar i landskapet eller ha negativ påverknad på kulturminne. | Ingen (0) |

ROS-ANALYSE

| Fareområde/tema. Skildring av uønska hending og konsekvens. | Utløysande årsak til hending. | Merknad/utfyllande opplysningar. |
|---|--|----------------------------------|
| 1. Drukningssulykker | Meir tilrettelegging vil auke aktiviteten og auke fare for ulykker | 5.5, 5.1, 5.1 |

2.

| | | Konsekvens | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
|---------|------------------|--------------|-------|--------|--------|--------|--------|-------|-------|--------|--------|--------|--------|--------------------|--------|-------|--------|--------|--------|--------|-----|
| | | LIV OG HELSE | | | | | | MILJØ | | | | | | MATERIELLE VERDIAR | | | | | | | |
| | | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | | |
| Sannsyn | Særs sannsynleg | 6 | Green | Yellow | Red | Red | Red | Red | Green | Yellow | Red | Red | Red | Red | Red | Green | Red | Red | Red | Red | Red |
| | Mykje sannsynleg | 5 | Green | Yellow | Red | Red | 1 | Red | 1 | Yellow | Red | Red | Red | Red | Red | 1 | Yellow | Yellow | Red | Red | Red |
| | Sannsynleg | 4 | Green | Green | Yellow | Red | Red | Red | Green | Green | Yellow | Red | Red | Red | Red | Green | Green | Yellow | Red | Red | Red |
| | Noko sannsynleg | 3 | Green | Green | Yellow | Red | Red | Red | Green | Green | Yellow | Yellow | Red | Red | Red | Green | Green | Yellow | Yellow | Red | Red |
| | Lite sannsynleg | 2 | Green | Green | Green | Yellow | Red | Red | Green | Green | Yellow | Yellow | Yellow | Red | Red | Green | Green | Yellow | Yellow | Yellow | Red |
| | Usannsynleg | 1 | Green | Green | Green | Yellow | Yellow | Red | Green | Green | Green | Yellow | Yellow | Yellow | Yellow | Green | Green | Green | Green | Green | Red |

Risikoreduserande tiltak. Trong for vidare vurderingar:

1. Må vurderast om det kan gjerast tiltak i lag med BOF som driftar området.
- 2.

SAMASTILLING OG TILRÅING:

Positive konsekvensar:

Store positive konsekvensar ved å avsette området til friluftsliv.

Konklusjon:

Innspelet vert tilrådd.

14 Hosanger kyrkje

STADNAMN: Hosanger

GNR/BNR: 88/1 og 39

Noverande planstatus: Sentrumsføre mål. Ligg innan omsynssone med krav om felles planlegging.

Framlegg til nytt arealføre mål: Andre typer nærmer angitt bebyggelse og anlegg (kyrkje og grav og urnelund)

Storleik (daa): omtrent 11 daa

Områdeskildring:

Området ligg som sentrumsføre mål i gjeldande kommuneplan. Det er ynskje om å utvide eksisterande kyrkjegard og det vert difor sett av eit større areal til dette føremålet. I tillegg vert eksisterande kyrkje og gravplass sett til føremålet som er der i dag.



| | TEMA | MERKNAD/VURDERING | KONSEKVENNS |
|---------|-------------------------------|---|-------------|
| MILJØ | Friluftsliv | Området er delvis gjenngrodd hagemark som i liten grad har interesse for friluftsliv. | Ingen (0) |
| | Landskap | Vil endra landskapet og kan ha ein negativ verknad på kulturmiljøet rundt kyrkja. | Negativ (-) |
| | Naturmangfald | Ingen registrerte verdiar her. Etablering av tiltak antas å ha liten til ingen verknad. | Ingen (0) |
| | Forureining | Ikkje aktuelt. | Ingen (0) |
| | Landbruk | Ikkje aktuelt. | Ingen (0) |
| SAMFUNN | Bærekraftig samfunnsutvikling | Ein kyrkjegard med tilstrekkeleg kapasitet er viktig for kommunen og for lokalsamfunnet. | Positiv (+) |
| | Infrastruktur | Ingen verknad. | |
| | Folkehelse | Liten til ingen effekt. | Ingen (0) |
| | Born og unge | Liten til ingen verknad. | Ingen (0) |
| | Kulturminne | Ligg nære kyrkja. Vil vera ein naturleg forlenging av kyrkjeområdet. Viktig at det vert gjort gode landskapstilpassing evd etablering av området. Liten til ingen verknad (0) | Ingen (0) |

ROS-ANALYSE

Medfører liten endring i aktivitet og med det ingen endring i risikobilette.

SAMASTILLING OG TILRÅING:

Positive konsekvensar:

Stor positiv effekt for samfunnsutvikling.

Negative konsekvensar:

Kan ha negativ effekt forlandskap.

Konklusjon:

Det er trong for ein auka kapasitet på kyrkjegarden og tiltaket er positivt i eit samfunnsperspektiv. Tiltaket er tilrådd under forutsetning at det vert sett krav om god landskapstilpassing.

15 Bryggje - Hosanger

STADNAMN: Hosanger

GNR/BNR: 88/22


Noverande planstatus: Sentrumsføremål på land og Bruk og vern av sjø og vassdrag i sjø. Ligg innan omsynssone med krav om felles planlegging.

Framlegg til nytt arealføremål: Naust og andre typar bebyggelse og anlegg (brygge)

Storleik (daa): omtrent 2 daa

Områdeskildring:

Område ligg ved kyrkja i Hosanger og er eksisterande naustområde. Arealet ligg tilgrensande til det som er føreslege som friluftsområde. Det er ynskje om å få mulighet til å leggja ut kai eller flytebrygge framom nausta for å letta tilkomst til båt.



| | TEMA | MERKNAD/VURDERING | KONSEKVENNS |
|---------|-------------------------------|--|-------------|
| MILJØ | Friluftsliv | Området er prega av naust og fortøyingar til båt. Området har difor lite verdi for friluftsliv og konsekvensen må reknast som liten til ingen. | Ingen (0) |
| | Landskap | Landskapet er prega av nærleiken til kyrkja og store grøntområder. Naustområdet framstår som godt tilpassa landskapet fordi det er liten bygningsmasse. Etablering av kaianlegg og eller flytebrygge vil gjera at området framstår meir nedbygd, noko som gjer ein negativ landskapseffekt i høve til slik det er i dag. | Negativ (-) |
| | Naturmangfald | Ingen registrerte verdiar her. Etablering av indre brygger antas å ha liten til ingen verknad. | Ingen (0) |
| | Forureining | Ikkje aktuelt. | Ingen (0) |
| | Landbruk | Ikkje aktuelt. | Ingen (0) |
| SAMFUNN | Bærekraftig samfunnsutvikling | Etablering av brygger vil ha liten effekt på samfunnsutvikling. | Ingen (0) |
| | Infrastruktur | Ingen verknad. | Ingen (0) |
| | Folkehelse | Liten eller ingen effekt. | Ingen (0) |
| | Born og unge | Liten eller ingen effekt. | Ingen (0) |
| | Kulturminne | Tre av nausta er SEFRAK-registrerte. I tillegg ligg området tett opptil Hoanger kyrkje. Endringar i strandsona vil ha ein verknad for den | Negativ (-) |

| | | | |
|--|--|--|--|
| | | totale opplevinga av kulturmiljøet her. Etablering av kaianlegg og/eller bryggje vert vurdert til å ha ein liten negativ verknad på kulturmiljøet. | |
|--|--|--|--|

ROS-ANALYSE

| Fareområde/tema. Skildring av uønska hending og konsekvens. | Utløysande årsak til hending. | Merknad/utfyllande opplysningar. |
|--|--|----------------------------------|
| 1. Sterk vind, bølger og stormflo gjer skade | Sterk vind og bølger i kombinasjon med stormflo. | 5.1, 5.1, 5.2 |

| | | Konsekvens | | | | | | | | | | | | | | | | | |
|---------|------------------|--------------|---|---|---|---|---|-------|---|---|---|---|---|--------------------|---|---|---|---|---|
| | | LIV OG HELSE | | | | | | MILJØ | | | | | | MATERIELLE VERDIAR | | | | | |
| | | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 |
| Sannsyn | Særs sannsynleg | 6 | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| | Mykje sannsynleg | 5 | 1 | | | | | 1 | | | | | | 1 | | | | | |
| | Sannsynleg | 4 | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| | Noko sannsynleg | 3 | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| | Lite sannsynleg | 2 | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| | Usannsynleg | 1 | | | | | | | | | | | | | | | | | |

SAMASTILLING OG TILRÅING:

Positive konsekvensar:

Tiltaket er positiv for eigar av naust.

Negative konsekvensar:

Vil ha ein liten negativ effekt for strandsonelandskapet og for kulturminnemiljøet rundt kyrkja.

Konklusjon:

Tiltaket har liten positiv effekt ved å auke tilgjenge til naustområde. Dette er imidlertid eit særprega område med eldre naust og strandsone i forkant av kyrkja. Etablering av bryggjeanlegg her vil endra karakteren til området og det bør i dette området ikkje gjennomførast tiltak som endrar strandsonelandskapet. Innspelet vert ikkje tilrådd.

16 Friluftsområde Hosanger

STADNAMN: Hosanger

GNR/BNR: 89/7, 8, 9 og 56

Noverande planstatus: Sentrumsføremål på land og Bruk og vern av sjø og vassdrag i sjø. Ligg innan omsynssone med krav om felles planlegging og omsynsone for bevaring av kulturmiljø.


Framlegg til nytt arealføremål: Grøntstruktur

Storleik (daa): omtrent 1 daa

Områdeskildring:

Område ligg mellom bustadtomter og sjø. Det er eit mindre grønt belte som ikkje er bebygd som gjer tilgong til strandsona. Hosanger helselag ynskjer å etablera ein gangveg med universell utforming for å sikre tilgong langs sjø for ålmenta.

Det er i tillegg komen innspel om endra arealstatus for same området til hage for bustad og etablering av kai, sjå innspel 14.



| | TEMA | MERKNAD/VURDERING | KONSEKVENNS |
|---------|-------------------------------|--|-------------------|
| MILJØ | Friluftsliv | Ein universell utforma gangveg er svært positivt for friluftsliv. | Stor positiv (++) |
| | Landskap | Området er flatt og har ingen landskapskvalitetar som vert råka av etablering av ein gangveg. | Ingen (0) |
| | Naturmangfald | Ingen registrerte verdiar her. Etablering av tiltak antas å ha liten til ingen verknad. | Ingen (0) |
| | Forureining | Ikkje aktuelt. | Ingen (0) |
| | Landbruk | Ikkje aktuelt. | Ingen (0) |
| SAMFUNN | Bærekraftig samfunnsutvikling | Etablering av gangveg vil ha ein positiv effekt fordi det gjer ein auka tilgong til sjøen for ålmenta. | Positiv (+) |
| | Infrastruktur | Ingen verknad. | Ingen (0) |
| | Folkehelse | Stor positiv effekt å ha mulighet til tilgong til sjø. | Stor positiv (++) |
| | Born og unge | Stor positiv effekt at born og unge får ein betre tilgong til sjø. | Stor positiv (++) |
| | Kulturminne | Dette skal vera den gamle kyrkjevegen. Etablering av grøntstruktur her vil ha liten verknad på denne. | Ingen (0) |

ROS-ANALYSE

| Fareområde/tema. Skildring av uønska hending og konsekvens. | Utløysande årsak til hending. | Merknad/utfyllande opplysningar. |
|---|-------------------------------|----------------------------------|
| 1. Medfører ingen endring av risikobilete | | Positivt for mjuke trafikanter |
| 2. | | |

| | | Konsekvens | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
|---------|------------------|--------------|-------|--------|--------|--------|--------|-------|-------|--------|--------|--------|--------|--------------------|-------|--------|--------|--------|--------|-----|
| | | LIV OG HELSE | | | | | | MILJØ | | | | | | MATERIELLE VERDIAR | | | | | | |
| | | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | |
| Sannsyn | Særs sannsynleg | 6 | Green | Yellow | Red | Red | Red | Red | Green | Yellow | Red | Red | Red | Red | Green | Red | Red | Red | Red | Red |
| | Mykje sannsynleg | 5 | Green | Yellow | Red | Red | Red | Red | Green | Yellow | Red | Red | Red | Red | Green | Yellow | Yellow | Red | Red | Red |
| | Sannsynleg | 4 | Green | Green | Yellow | Red | Red | Red | Green | Green | Yellow | Red | Red | Red | Green | Green | Yellow | Red | Red | Red |
| | Noko sannsynleg | 3 | Green | Green | Yellow | Red | Red | Red | Green | Green | Yellow | Yellow | Red | Red | Green | Green | Yellow | Yellow | Red | Red |
| | Lite sannsynleg | 2 | Green | Green | Green | Yellow | Red | Red | Green | Green | Yellow | Yellow | Yellow | Red | Green | Green | Yellow | Yellow | Yellow | Red |
| | Usannsynleg | 1 | 1 | Green | Green | Yellow | Yellow | Red | 1 | Green | Green | Yellow | Yellow | Yellow | 1 | Green | Green | Green | Green | Red |

SAMASTILLING OG TILRÅING:

Positive konsekvensar:

Ein gangveg vil vera positivt for mange grupper ved at det vert ein auka tilgjenge til sjø.

Konklusjon:

Tiltaket har stor positiv effekt i høve til å opne tilgang langs sjø for ålmenta. Innspelet vert tilrådd.

17 Bustad - Hosanger

STADNAMN: Hosanger

GNR/BNR: 89/8


Noverande planstatus: Sentrumsføremål på land og Bruk og vern av sjø og vassdrag i sjø. Ligg innan omsynssone med krav om felles planlegging og omsynsone for bevaring av kulturmiljø.

Framlegg til nytt arealføremål: Bustad og andre typer bebyggelse og anlegg (brygge)

Storleik (daa): omtrent 2 daa

Områdeskildring:

Område ligg mellom bustadtomter og sjø. Det er eit mindre grønt belte som ikkje er bebygd. Det er ynskje om å gjera dette om frå utmark til innmark og tilbakeføre pir/kai i tre.



| | TEMA | MERKNAD/VURDERING | KONSEKVENNS |
|---------|-------------------------------|---|-------------------|
| MILJØ | Friluftsliv | Endring av arealet til innmark eller hustomt vil gjera at det ikkje er rett til ferdsel etter friluftsløva, og konsekvensen er at det ikkje vil vera rett til ferdsel og opphald her slik det er i dag. Oppføring av bryggje vil i dette konkrete tilhøvet vera ei element som fører til at området framstår som privatisert. | Stor negativ (--) |
| | Landskap | Området er flatt og har ingen landskapskvalitetar som vert råka. | Ingen (0) |
| | Naturmangfald | Ingen registrerte verdiar her. Etablering av tiltak antas å ha liten til ingen verknad. | Ingen (0) |
| | Forureining | Ikkje aktuelt. | Ingen (0) |
| | Landbruk | Ikkje aktuelt. | Ingen (0) |
| SAMFUNN | Bærekraftig samfunnsutvikling | Strandsoneareal er ein ikkje-fornybar ressurs. Privatisering av dette området vil bety at det vert mindre areal tilgjengeleg i strandsona, noko som er negativ i ei langsiktig samfunnsutvikling. | Stor negativ (--) |
| | Infrastruktur | Ingen verknad. | Ingen (0) |
| | Folkehelse | Stor negativ effekt å privatisera tilgong til sjø. | Stor negativ (--) |
| | Born og unge | Stor negativ effekt å privatisera tilgong til sjø. | Stor negativ (--) |
| | Kulturminne | Den gamle kyrkjevegen skal gå langs sjø her. Etablering av kai og endring av føremål til bustad vil føre til at dette kulturminne vert råka. Verknaden er negativ. | Negativ (-) |

| Fareområde/tema. Skildring av uønska hending og konsekvens. | Utløysande årsak til hending. | Merknad/utfyllande opplysningar. |
|--|-------------------------------|----------------------------------|
| 1. Skade kai/bryggje grunna bølger og stormflo | Stormflo, vind og bølger | 5.1, 5.1, 5.3 |
| 2. | | |
| 3. | | |
| 4. | | |

| | | Konsekvens | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
|---------|------------------|--------------|---|---|---|---|---|-------|---|---|---|---|---|--------------------|---|---|---|---|---|--|---|--|--|--|
| | | LIV OG HELSE | | | | | | MILJØ | | | | | | MATERIELLE VERDIAR | | | | | | | | | | |
| | | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | | | | | |
| Sannsyn | Særs sannsynleg | 6 | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| | Mykje sannsynleg | 5 | 1 | | | | | | | 1 | | | | | | | | | | | 1 | | | |
| | Sannsynleg | 4 | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| | Noko sannsynleg | 3 | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| | Lite sannsynleg | 2 | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| | Usannsynleg | 1 | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |

SAMASTILLING OG TILRÅING:

Positive konsekvensar:

- Omgjering av området til privat hustomt vil bidra til at dei to bustadane får privat tilgong til strandsona.

Negative konsekvensar:

- Det er store negativ konsekvensar å privatisera dette arealet til to av bustadane, og med det hindre ferdsel for ålmenta i strandsona.

Konklusjon:

Tiltaket har stor negativ effekt og vert ikkje tilrådd.

18 Fritidsbustad, småbåthamn og friluftsområde - Hoshovde

STADNAMN: Hoshovde - Hoshovdehamnen

GNR/BNR: 85/5, 86/5, 87/3


Noverande planstatus: På land er areala avsett til LNF. Rett aust for føreslegne innspel er ligg areala med føremål fritidsbustad og bustad. I sjø ligg områda som bruk og vern av sjø og vassdrag.

Framlegg til nytt arealføremål:

1. Småbåthamn
2. Friområde og gangveg
3. Utviding hytteområde
4. Utviding bustadområde
5. Naustområde

Storleik (daa): Omtrent 80 daa

Områdeskildring:



Området ligg lunt til ned mot sjøen. Det er i dag nokre naust og enkelte hytter i området, og øvre delar er regulert til hyttefelt i reguleringsplan for Heldal. Sjølve Hamn ligg skjerma for vind og bølger av Heldalsholmen. Delar av området har bratt topografi.

| TEMA | | MERKNAD/VURDERING | KONSEKVENNS |
|-------|-------------|---|---|
| MILJØ | Friluftsliv | <p>Området har store friluftskvalitetar i form av store områder med tilgong til sjø.</p> <ol style="list-style-type: none"> Småbåthamn kan vera positivt for friluftsliv der dette gjev tilgong til sjø for enkelte brukargrupper. Slik småbåthamna er lokalisert i forslaget vil dei ta opp mykje plass av Hamn og på den måten beslagleggja delar av sjøareala. For friluftsliv er desse kvalitetane små men mindre areal tilgjengeleg vil vera negativ. Tilrettelegging av gangveg og badeområde vil ha stor positiv effekt for friluftsliv. Utviding av hytteområde vil føre til at ein byggjer ned areal ned mot sjøen. For friluftsliv betyr dette at areala ned mot sjø vil heilt eller delvis verta bygd ned. Dette har stor negativ konsekvens. Ei mindre utviding av bustadområde har liten eller ingen konsekvens for friluftsliv. Lokalisering av naustområde 5 b) er delvis fortetting av eksisterande område. Dette vil ha liten eller ingen konsekvens for friluftsliv. Område 5 a) har store kvalitetar for friluftsliv. Utviding av naustområde ut over eksisterande naustområde har stor negativ konsekvens. | <ol style="list-style-type: none"> Negativ (-) Stor positiv (++) Stor negativ (--) Ingen (0) a) Stor negativ (--) b) Negativ (-) |
| | Landskap | <ol style="list-style-type: none"> Ei småbåthamn vil vera eit markert landskapselement i eit område utan noko inngrep i dag ut over naust, spesielt i austre del av Hamn. Vil ha ein negativ konsekvens på eit relativt urørt landskap. Tilrettelegginga vil krevja planering, utfylling eventuelt utsprenging av skjeringar for å gjennomføre det som ligg i forslaget. Gangveg til Heldalsholmen og over til Hoshovde vil endra eit landskap som i liten grad er påverka. Vurderast difor til å ha negativ effekt på landskapet. Utviding av hytteområdet vil byggja ned det urørte landskapet i 100m-beltet som er der i dag. Etablering av tomter og infrastruktur vil ha ein negativ konsekvens. | <ol style="list-style-type: none"> Negativ (-) Negativ (-) Stor negativ (--) Ingen (0) a) Stor negativ (--) b) Negativ |

| | | | |
|----------------|-------------------------------|--|---|
| | | <p>4. Utviding av bustadområde er kun ei mindre utviding av eksisterande og vil difor ha liten verknad for landskapet.</p> <p>5. Utviding av naustområde ut over det som er eksisterande vil vera ei markert landskapsinngrep, spesielt nord i området. Denne nedbygginga må reknast til å ha stor negativ verknad.</p> | |
| | Naturmangfald | <p>Det er ikkje registrert noko naturmangfald i området. Området består av blandingsskog og delvis gjengrodd beitemark. Ut frå tilgjengeleg kunnskap om området er det antatt at endringar i arealbruk har små til ingen verknadar på land. Ved etablering av fylling ut til Heldalsholmen vil vassirkulasjonen sannsynlegvis verta dårlegare. Dette vil endra miljøtilhøva i indre del av Hamn og føre til ein endra artssamansetning. Eksisterande naturmangfald vil sannsynlegvis verta påverka negativt. Sjølv om det ikkje er registrert noko viktig naturmangfald vurderar ein konsekvensen til å vera negativ.</p> <p>Etablering av fylling ut til holmen 2 a) vil føre til auka ferdsel. Denne type holmer kan vera viktige hekkeområde for sjøfugl. Auka ferdsel vil ha ein negativ innverknad.</p> | Negativ (-) |
| | Forureining | <p>Ingen registrert forureining.</p> <p>Ved etablering av fylling ut til Heldalsholmen vil vassirkulasjonen sannsynlegvis verta dårlegare. Småbåthamner kan føre til ei lokal forureining av sediment ved bruk av kjemikalier og spillolje med meir. Det er difor viktig å oppretthalde sirkulasjon. Konsekvensen for forureining er difor negativ med tanke på utfylling og etablering av småbåthamn.</p> | Negativ (-) |
| | Landbruk | <p>Området i nord som er føreslege til naust er registrert som innmarksbeite. Arealendring til naust vil ta lite av innmarksbeite og konsekvensen er lite til ingen for landbruksverdiane. Dette forutset at det ikkje vert etablert veg ned til naust.</p> | Ingen (0) |
| SAMFUNN | Bærekraftig samfunnsutvikling | <ol style="list-style-type: none"> Småbåthamn i nærleiken av hytte og bustadområde er viktig for å sikre kort transportavstand. I tillegg gjer det både bustad og hytteområda meir attraktive. Konsekvensen vurderast til å vera positiv. Betre tilrettelagde areal i strandsona vil vera i tråd med ein langsiktig bærekraftig arealforvaltning. Konsekvensane er positive. Utviding av hytteområde kan føre til ei auka verdiskaping. For ei langsiktig bærekraftig samfunnsutvikling er det | <ol style="list-style-type: none"> Postiv (+) Positiv (+) Negativ (-) Postiv (+) Negativ (-) |

| | | |
|---------------|---|---|
| | <p>imidlertid svært viktig å ivareta areal til rekreasjon og fritid, der verdien av areala mot sjø er stor. Omgjering av desse areala til byggeområde for hytter vil difor vera negativ for langsiktig samfunnsutvikling.</p> <p>4. Utviding av bustadfeltet er positivt i høve til auka tal bustadar og at det er eit bustadareal som allereie eksisterar. Positiv verknad.</p> <p>5. Naust er positivt der desse kan gje mulighet for tilgong til sjø. Imidlertid er areala i dette området avgrensa og det må vurderast korleis ein skal nytte desse areala best mogleg. Målsettinga i ei berekraftig samfunnsutvikling må vera å gje flest mogleg tilgong til båtplass. Naust er arealkrevjande i høve til småbåthamn og i eit område der det ligg planar for både hytte og bustad må ein ha ei arealeffektiv løysing som sikrar flest mogleg tilgong til båtplass. Dette gjerast best gjennom småbåthamner. På bakgrunn av dette vil store naustareal vera negativt.</p> | |
| Infrastruktur | Auke i ulike bruksområder av areala her kan føre til ein auke i pesonar som skal til området. I samband med utbygging av Heldal hyttefelt vil krysset til fylkesvegen verta oppgradert. Verknadane er vurdert til å vera liten. | Ingen (0) |
| Folkehelse | <p>1. Småbåthamn gjer mulighet til eit aktivt liv og tilgong til sjø. Positiv verknad.</p> <p>2. Betre tilrettelagde areal i strandsona gjer mulighet for auka aktivitet og vil vera positiv for folkehelsa.</p> <p>3. Utviding av hytteområde vil byggje ned areal som har større verdi som rekreasjonsområde enn som hytteareal. Verknaden for folkehelsa vil vera negativ.</p> <p>4. Utviding av bustadfelt har liten til ingen effekt.</p> <p>5. Lokalisering av naustområde vil byggje ned ein god del strandsone. Ulempen med dette må reknast som større enn fordelane ved å opne for naust som gjer tilgong til sjø og effekten av dette. Verknadane må reknast som negativ.</p> | <p>1. Positiv (+)</p> <p>2. Positiv (+)</p> <p>3. Negativ (-)</p> <p>4. Ingen (0)</p> <p>5. Negativ (-)</p> |
| Born og unge | <p>1. Småbåthamn kan gje mulighet til rekreasjon med båt og aktivitet tilknytt sjø.</p> <p>2. Betre tilrettelagde areal i strandsona gjer mulighet for auka aktivitet og har ein positiv verknad.</p> <p>3. Nedbygging av strandsoneareal er negativ</p> | <p>1. Positiv (+)</p> <p>2. Positiv (+)</p> <p>3. Negativ (-)</p> <p>4. Ingen (0)</p> <p>5. Negativ (-)</p> |

| | | | |
|--|-------------|--|-------------|
| | | <p>for mulighet for tilgong til sjø for born og unge.</p> <p>4. Utviding av bustadfelt har liten til ingen effekt.</p> <p>5. Tilgong til strandsona er ein viktig kvalitet for born og unge. Nedbygging av strandsoneareal vil vera negativt for tilgong til sjø.</p> | |
| | Kulturminne | <p>Det er registrert ei gravrøys på Hoshovde, rett nord for forslag om nytt naustområde. I tillegg ligg det fleire SEFRAC-registrerte naust i 5 a) og 5 b).</p> <p>Etablering av naustområde vil medføre ei stor skjering i bakkant, noko som vil medføre eit negativ landskapselement i nærleiken av kulturminne.</p> <p>Både småbåthamn og utfylling til Heldalsholmen er landskapsinngrep som vil påverka landskapet som gravrøys ligg i. Samla sett vil tiltaka ha ein negativ verknad på kulturminne.</p> | Negativ (-) |

ROS-ANALYSE

| Fareområde/tema. Skildring av uønska hending og konsekvens. | Utløysande årsak til hending. | Merknad/utfyllande opplysningar. |
|---|--|---|
| Småbåthamn | | |
| 1. Snøskred | Vind, endring i temperatur og store nedbørsmengder | Ingen kjende hendingar, ingen spor i terreng. 3.3, 3.2, 3.4 |
| 2. Skader på båt i anlegg og evt konstruksjon. Mange mindre skader. | Vind og bølger i kombinasjon med stormflo | 3.1,3.1,3.4 |
| 3. Utslepp av forureining | | 3.1, 3.1, 3.1 |
| 4. Drukningssulykke | Fleire personar er nære sjøen | 3.5, 3.1, 3.1 |
| 5. Brann | Brann i båt , sjå over | Sjå over. Avb tiltak gangveg stor nok for slokkematr |
| Friluftsområde | | |
| 6. Skade på person som følgje av skred på planlagd gangveg | Store nedbørsmengder, temperatursvingingar og vind. | Sjå punkt 1 |
| 7. Drukningssulykker | Sett inn som over | 5.5, 5.1, 5.1 |
| 8. Trafikkulykker | Tilreisande auker risiko for ulykker ved auka bruk av området. | 2.1, 2.1, 2.1 |
| Hyttefelt | | |
| 9. Brann | | Må avklarast i reguleringsplan |
| 10. Skade grunna klimatiske tilhøve | Vind, stormflo og bølger | Ivaretatt i detaljplan |
| Naust | | |
| 12. Flaumskred | | Ivaretakast i detaljplan |
| 13. Stormflo | | Ivaretakast i detaljplan |
| 12. Brann | Større skade grunna ikkje tilgjenge for slokkemateriell, | 3.1,3.2,3.4 |

| | | |
|--|--|--|
| | fleire naust i rekke gjer større skade | |
|--|--|--|

| | | Konsekvens | | | | | | | | | | | | | | | | | |
|---------|------------------|--------------|------|---|---|---|---|-------|---|---|---|---|---|--------------------|---|---|---|---|---|
| | | LIV OG HELSE | | | | | | MILJØ | | | | | | MATERIELLE VERDIAR | | | | | |
| | | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 |
| Sannsyn | Særs sannsynleg | 6 | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| | Mykje sannsynleg | 5 | | | | 7 | | 7 | | | | | | 7 | | | | | |
| | Sannsynleg | 4 | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| | Noko sannsynleg | 3 | 2, 3 | | 1 | | 4 | 2 | 1 | | | | | 3 | 4 | | | 1 | 2 |
| | Lite sannsynleg | 2 | | | 8 | | | 8 | | | | | | | 8 | | | | |
| | Usannsynleg | 1 | | | | | | | | | | | | | | | | | |

Risikoreducerande tiltak. Trong for vidare vurderingar:

1. Skredfare må vurderast i reguleringsplanprosess
4 og 7. Tiltak må vurderast i reguleringsplanprosess

SAMASTILLING OG TILRÅING:

Positive konsekvensar:

- Småbåthamn vil vera positivt for ei berekraftig samfunnsutvikling, folkehelse og for born og unge.
- Friluftsområde og gangveg er positivt for friluftsliv, born og unge og folkehelse, og legg til rette for ei berekraftig samfunnsutvikling.
- Utviding av bustadfeltet har ein liten positiv effekt for samfunnsutviklinga.

Negative konsekvensar:

1. Småbåthamn vil beslagleggja delar av vågen og vera eit markert landskapselement i høve til dagens situasjon. Konsekvensane er negative for friluftsliv, landskap, forureining og kan vera negativ for kulturminne.
2. Tilrettelegging av Heldalsholmen for ferdsel gjennom utfylling kan verta eit stort landskapsinngrep som bidreg til mindre vassirkulasjon og med det har ein negativ effekt på eksisterande naturmangfald. Holmen er ein potensell hekkeplass for sjøfugl og auka ferdsel her vil vera negativ.
3. Utviding av hytteområdet har sin negativ konsekvens for friluftsliv, landskap, samfunn, folkehelse, born og unge gjennom å byggje ned strandsona.
4. Naustområdet har negative konsekvensar for friluftsliv, landskap, samfunnsutvikling, folkehelse, born og unge, og kulturminne.

Konklusjon:

1. Det bør leggjast tilrette for ei småbåthamn men størrelse og lokalisering må vurderast slik at konsekvensane vert minst mogleg negative. Det vert tilrådd at denne vert lokalisert mot eksisterande naustmiljø.
2. Friluftsområde og gangveg er positivt for området. Dette forutset at det vert lagt føringar i reguleringsplanarbeidet som sikrar god landskapstilpassing.
3. Utviding av hytteområde har mange negative konsekvensar og vert ikkje tilrådd
4. Utviding av bustadfeltet har små konsekvensar og vert tilrådd.
5. Naustareal har ei overvekt av ulemper og vert ikkje tilrådd. Det bør vurderast eit mindre areal til naust med mulighet for fortetting i området 5 b).

Lonevåg



19 Bustadområde og friluftsområde - Lonevåg

STADNAMN: Lonevåg - Nesjatun


GNR/BNR: 13/159

Noverande planstatus: Bustadområde og friluftsområde. Delar av gbnr 13/159 er regulert i reguleringsplan for Rv 567 Hauge – Lonevåg. Arealet her er avsett til ulike vegføremål.

Framlegg til nytt arealføremål: Konsentrert bustad i form av lågblokker og friluftsområde mot sjø.

Storleik (daa): 8 daa

Områdeskildring: Området ligg med Rv 567 i nord og sjøen mot vest. Området er kupert med ein bratt helning mot sjø. Markert flate hyller i terrenget. Grensar mot bustadområde i nordaust.



| | TEMA | MERKNAD/VURDERING | KONSEKVENNS |
|---------|-------------------------------|---|-------------|
| MILJØ | Friluftsliv | Området er i liten grad nytta til friluftaktivitetar i dag. Området har potensiale som ein sentrumsnær sti eller gangveg langs/over vågen. Område føreslege til byggjeområde vert delvis utvida inn i det som ligg som friluftsområde medan det meste av friluftsområde er ynskje vidareført. Utviding av byggjeområde vil vera negativ for friluftsverdiane men ettersom området ikkje er i bruk og ein mindre utviding vil i liten grad byggje ned store verdiar vert konsekvensen rekna som liten negativ. | Negativ (-) |
| | Landskap | Området har ein markert åsrygg som går nordvest-søraust. Større terrenginngrep og bygg i profil på åskammen vil vera negativ for landskapsinntrykket av ein samanhengande skogkledd åsrygg. Konsekvensen vert vurdert som liten negativ. | Negativ (-) |
| | Naturmangfald | Området har ikkje registrert naturmangfald. Vegetasjonen består av lauvskog med hovudvekt av bjørk. Ei mindre utviding av byggjeområde vil ha ein liten til ingen konsekvens på naturmangfald. | Ingen (0) |
| | Forureining | Naturmark i dag og ingen kjend forureining | Ingen (0) |
| | Landbruk | Ikkje aktuelt | Ingen (0) |
| SAMFUNN | Bærekraftig samfunnsutvikling | Lokaliseringa er i gangavstand til butikk, bussterminal og til ei rekkje offentlege og private tenester. Lokalisering av konsentrert bustad nær sentrum stør opp om ei bærekraftig samfunnsutvikling. | Positiv (+) |
| | Infrastruktur | Er gangveg og bilveg til området. Ingen verknad. | Inegn (0) |
| | Folkehelse | Utviding av bustadområde vil byggje ned friluftareal og med det ha ein potensiell negativ konsekvens. Delar av innspel omhandlar mulighet for å etablera ein gangsti nær sjø. Samla sett vil innspelet soleis leggja til rette for betre tilgong for fysisk aktivitet. Konsekvensen vert difor vurdert til å vera positiv. | Positiv (+) |

| | | | |
|--|--------------|---|-------------|
| | Born og unge | Det er ei dag små verdiar for born og unge i område. Tilrettelegging av gangsti vil vera med å gjera området tilgjengeleg for born og unge. | Positiv (+) |
| | Kulturminne | Ingen registrerte kulturminner | Ingen (0) |

ROS-ANALYSE

Ikkje endra risikobilete.

SAMASTILLING OG TILRÅING:

Positive konsekvensar:

- Konsentrert bustad nær butikkar, kollektivterminal og offentleg og privat tenestetilbod
- Tilrettelegging av gangsti

Negative konsekvensar:

- Utviding av byggeområde vil byggje ned friluftsområde
- Bygg på åskammen kan ha negativ siluettverknad
- Kupert terreng kan føre til store terrengingrep

Konklusjon:

Sjølv om ei utviding av byggeområde gjer negative konsekvensar for størrelsen på friluftareal så er det ei overvekt av fordelar som talar for at det bør kunne opnast for ei mindre utviding av byggeområde på bakgrunn av nærleik til sentrum og at det er låg konfliktgrad. Forutsetninga bør vera at det er høg utnytting av arealet og at gangveg i friluftsområde vert etablert.

20 Næringsområde og akvakultur - Lonevåg

STADNAMN: Lonevåg


GNR/BNR: 10/6

Noverande planstatus: Næring, LNF og bruk og vern av sjø og vassdrag. Ligg innanfor omsynssone «Bandlegging etter anna lovverk», utløpet av Loneelva er freda etter lov om lakse- og innlandsfisk.

Framlegg til nytt arealføremål: Næring og akvakultur

Storleik (daa): 9,5 daa

Områdeskildring:



Området er eksisterande næringsområde, etablert delvis på fylling i vågen. Ynskje om å fylle ut i vågen for å utvide eksisterande næringsområde og etablering av næringsbygg. Føremålet er å etablere landbasert anlegg for akvakultur. Strandsona søraust for brua skal ha LNF-status, som er gjeldande planstatus.

| TEMA | | MERKNAD/VURDERING | KONSEKVENNS |
|-------|-------------|--|-------------|
| MILJØ | Friluftsliv | Området er delvis eldre industriområde. Området har liten/ingen friluftskvalitetar. Vågen har mindre friluftskvalitet i høve til båt og padling. | Ingen (0) |
| | Landskap | Landskapet framstår som sterkt påverka av infrastruktur og eksisterande næringsområde. Vågen innover dannar ei ubrotten vassflate frå riksvegen og inn til brua over til Kårvika. Mindre utfylling vil ta ein del av vasspegelen men vert vurdert til å ha ein mindre effekt på landskapet. Sørlege del av området består av bratt helning med skog ned mot sjøen. Lokalisering av eit næringsbygg her vil føre til større | Negativ (-) |

| | | | |
|----------------|-------------------------------|---|-------------------|
| | | landskapsinngrep, som vil ha ein mindre negativ verknad på landskap. | |
| | Naturmangfald | <p>Området på land består av delvis nedbygd areal og kantvegetasjon med ulike lauvtre. Sjøarealet er antatt bløtbunn. Det er ikkje registrert noko verdifullt naturmangfald i området for planlagd tiltak.</p> <p>I indre del av vågen er det registrert lokalt viktig brakkvassdelta. Loneelva er eit verna vassdrag på bakgrunn av stort naturmangfald knytt til anadrom fisk, fugl og stor variasjon i habitat. Det er usikkerhet til kva konsekvensane av å etablera landbasert anlegg for akvakultur så tett opp til eit vassdrag med anadrom fisk, uavhengig av kva artar anlegget skal oppdretta. I tillegg skal denne typen anlegg ha tilgong på salt eller ferskvatn i tillegg til avløpsledningar. Dette må mest sannsynleg leggast på botn ut vågen.</p> <p>Utfylling i vågen kan føre til mindre gjennomstrømming av saltvatn som kan endra saltinnhaldet i brakkvassområdet innerst i vågen, noko som kan ha ein negativ konsekvens. Dette kan òg ha ein negativ konsekvens på anadrom fisk i Loneelva.</p> <p>Utfylling i sjø kan føre til resedimentering under og etter anleggsperioden, som kan ha ein negativ verknad på naturmangfald. Samla sett kan gjennomføring av planlagd tiltak føre til store negative konsekvensar for naturmangfald.</p> | Stor negativ (--) |
| | Forureining | <p>Grunn i nordvestlege del av området er registrert som forureina grunn. Det er stort sannsyn for at også sediment i sjø langs området er ureina. Dersom tiltaket vert gjennomført må det setjast i verk tiltak for å unngå spreiding forureina sediment. Etablering av vassinntak og avløpsledningar må leggast på forureina sediment, noko som vil gje negative konsekvensar dersom det ikkje vert iverksett tiltak.</p> | Stor negativ (--) |
| | Landbruk | Ikkje aktuelt | 0 |
| SAMFUNN | Bærekraftig samfunnsutvikling | <p>Området er delvis avsett som næringsområde i gjeldane kommuneplan, og er delvis nytta som dette. Området har eit større potensiale for å verta nytta til næringsutvikling og verdiskaping. Nærleik til Lonevåg og infrastruktur gjer at området eignar seg til utvikling av næring. Ei utfylling vil gje meir</p> | Positivt (++) |

| | | | |
|--|---------------|---|-------------|
| | | hensiktsmessig areal og vil underbygge næring som etablerar seg her, med positive ringverknadar. For samfunnsutvikling vert planlagde tiltak vurdert som positivt med ny aktivitet på næringsområdet. | |
| | Infrastruktur | Dårleg og smal veg som i liten grad er egna for større køyrety. Ingen sikker tilkomst for mjuke trafikantar. | Negativ (-) |
| | Folkehelse | Ingen konsekvens. | Ingen (0) |
| | Born og unge | Ingen konsekvens. | Ingen (0) |
| | Kulturminne | Området grensar til eit garverimiljø som er ein viktig del av industrihistoria til Osterøy kommune. Området framstår som sterkt nedbygd og utvikling av området med næringsbygg vert vurdert til å ha liten og ingen effekt på verdien til området som kulturminne. | Ingen (0) |

ROS-ANALYSE

| Fareområde/tema. Skildring av uønska hending og konsekvens. | Utløysande årsak til hending. | Merknad/utfyllande opplysningar. |
|---|---|--|
| 1. Utløpsområde steinskred | | Avklarast i detaljplan |
| 2. Utløpsområde snøskred | | Avklarast i detaljplan |
| 3. Utgliding ny fylling | Dårlege grunntilhøve fører til ustabil utfylling | Må gjennomførast geotekniske undersøkingar, avklarast i detaljplan. |
| 4. Spreiing forureining i sediment eller grunn | Spreiing av forureina sediment ved utfylling og/eller nedlegging av vassledning. Særleg sårbarhet i anleggsperiode. | Må gjennomførast miljøtekniske undersøkingar, avklarast i detaljplan |
| 5. Skade på bru og veg som gjer at det ikkje er tilkomst på fleire dagar. | Flaum fører til kommunal veg og bru får skade og vert ubrukelege grunna skader. | 5.1, 5.1, 5.5 |
| 6. Oversvømming av veg | Stormflo og eller flaum. Høg vasstand hindrar tilkomst til området. | 6.1, 6.1, 6.1 |
| 7. Rømming av fisk | Menneskeleg svikt eller | Vurderast i ROS i detaljplan |

| | | |
|----------------------------|--|--|
| | tekniskfeil/material svikt | |
| 8. Forureining frå veksemd | Menneskeleg svikt eller tekniskfeil/material svikt | Vurderast i detaljplan grunna manglande informasjon opå dette nivå |
| 9. Trafikkulykke | | Må vurderast i trafikktryggleik i ROS i detaljplan. |
| | | |

| | | Konsekvens | | | | | | | | | | | | | | | | | |
|---------|------------------|--------------|---|---|---|---|---|-------|---|---|---|---|---|--------------------|---|---|---|---|---|
| | | LIV OG HELSE | | | | | | MILJØ | | | | | | MATERIELLE VERDIAR | | | | | |
| | | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 |
| Sannsyn | Særs sannsynleg | 6 | | | | | | 6 | | | | | | 6 | | | | | |
| | Mykje sannsynleg | 5 | | | | | | 5 | | | | | | | | | | 5 | |
| | Sannsynleg | 4 | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| | Noko sannsynleg | 3 | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| | Lite sannsynleg | 2 | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| | Usannsynleg | 1 | | | | | | | | | | | | | | | | | |

Risikoreduserande tiltak. Trong for vidare vurderingar:

1. Skred og rasfare må vurderast i ein reguleringsplanprosess
5. Tiltak må vurderast i reguleringsplanprosess
6. Tiltak må vurderast i reguleringsplanprosess

SAMASTILLING OG TILRÅING:

Positive konsekvensar:

- Tiltaket kan føre til meir og betre tilrettelagd næringsareal på allereie eksisterande næringsområde
- Næringsutvikling og arbeidsplassar nær kommunesenteret

Negative konsekvensar:

- Utsprenging og planering vil føre til ein negativ verknad på landskapet
- Underdimensjonert tilomstveg for større køyrety
- Endra vassgjennomstrømning og negativ påverknad på lokalt viktig naturtype
- Utfylling kan føre til endring av botnsediment og resedimentering og med det ha negativ verknad på anadrom laksefisk og naturmangfald
- Forureina grunn og sediment kan føre til spreiiing av forureina masse

Konklusjon:

Det er positivt med ynskje om å utnytte eksisterande næringsområde og utvide dette for å tilrettelegge for næringsutvikling. Imidlertid vil utfylling i vågen samla sett føre til store negative konsekvensar og det bør ikkje opnast for ei utfylling. Det er i tillegg knytt usikkerhet til kva konsekvensane vil vera av å etablera akvakultur så nær eit vassdrag med anadrom fisk. Tiltaket er difor ikkje tilrådd.

21 Næringsområde - Lonevåg

STADNAMN: Lonevåg


GNR/BNR: 9/4 m. fl.

Noverande planstatus: Næring, LNF og bruk og vern av sjø og vassdrag. Ligg innanfor omsynszone «Bandlegging etter anna lovverk», utløpet av Loneelva er freda etter lov om lakse- og innlandsfisk.

Framlegg til nytt arealføremål: Næring og hamn

Storleik (daa): ca 8 daa

Områdeskildring:



Planlagd tiltak omfattar utfylling i sjø langs land mellom Rv567 og bru til Kårvika. Området består av eldre næringsområde med tidlegare garveriverksemd. I tillegg er det ynskje om å utvikle eit hamneareal nordvest for bru over Rv 567. Bakgrunn for tiltaket er ynskje om å få betre plass på framsida av eksisterande bygg og kunne utvikle eit areal til lossing og lasting av båt på nordsida av bru over Rv 567.

| TEMA | | MERKNAD/VURDERING | KONSEKVENNS |
|-------|-------------|--|-------------|
| MILJØ | Friluftsliv | Området er delvis eldre industriområde og mot sjø ligg det tett kantvegetasjon. Området har liten/ingen friluftskvalitetar. Vågen har mindre friluftskvalitet i høve til båt og padling. | Ingen (0) |
| | Landskap | Landskapet framstår som sterkt påverka av infrastruktur og eksisterande næringsområde. Vågen innover dannar ei ubroten vassflate frå riksvegen og inn til brua over til Kårvika. Mindre utfylling vil ta ein del av vasspegelen men vert | Ingen (0) |

| | | | |
|----------------|-------------------|--|-------------------|
| | | vurdert til å ha ein mindre effekt på landskapet. På bakgrunn av situasjonen i dag er det vurdert at landskapsverknaden er lik ingen. | |
| | Naturmangfald | <p>Området på land består av delvis nedbygd areal og kantvegetasjon med ulike lauvtre. Sjøarealet er antatt bløtbunn. Det er ikkje registrert noko verdifullt naturmangfald i området for planlagd tiltak.</p> <p>I indre del av vågen er det registrert lokalt viktig brakkvassdelta. Loneelva er eit verna vassdrag på bakgrunn av stort naturmangfald knytt til anadrom fisk, fugl og stor variasjon i habitat.</p> <p>Utfylling i vågen kan føre til mindre gjennomstrømming av saltvatn som kan endra saltinnhaldet i brakkvassområdet innerst i vågen, noko som kan ha ein negativ konsekvens. Dette kan òg ha ein negativ konsekvens på anadrom fisk i Loneelva.</p> <p>Utfylling i sjø kan føre til resedimentering under og etter anleggsperioden, som kan ha ein negativ verknad på naturmangfald. Samla sett kan gjennomføring av planlagd tiltak føre til store negative konsekvensar for naturmangfald.</p> | Stor negativ (--) |
| | Forureining | <p>Grunnen ved Borge garveri er registrert som forureina grunn. Det er stort sannsyn for at også sediment i sjø langs garveritomta er ureina.</p> <p>Gjennomføring av tiltak utan at det vert gjort avbøtande tiltak vil ha store negative konsekvensar. Dersom tiltaket vert gjennomført må det setjast i verk tiltak for å unngå spreiding forureina sediment.</p> | Stor negativ (--) |
| | Landbruk | Ikkje aktuelt. | 0 |
| SAMFUNN | Samfunnsutvikling | <p>Borge garveri er eit industriområde som har stort potensiale for å verta nytta til næringsutvikling og verdiskaping. Nærleik til Lonevåg og infrastruktur gjer at området eignar seg til utvikling av næring. Ei utfylling vil gje meir hensiktsmessig areal og med tilgang til kaiareal for lasting og lossing vil dette kunne underbygge næring som etablerar seg her, med positive ringverknadar. For samfunnsutvikling vert planlagde tiltak vurdert som positivt.</p> | Positivt (+) |

| | | | |
|--|---------------|---|-------------|
| | Infrastruktur | Dårleg og smal veg som i liten grad er egna for større køyrety. Ingen sikker tilkomst for mjuke trafikantar. | Negativ (-) |
| | Folkehelse | Ingen konsekvens. | |
| | Born og unge | Ingen konsekvens. | Ingen (0) |
| | Kulturminne | Området er ein viktig del av industrihistoria til Osterøy kommune. Tiltaket vert vurdert til å ha liten og ingen effekt på verdien til området som kulturminne. | Ingen (0) |

ROS-ANALYSE

| Fareområde/tema. Skildring av uønska hending og konsekvens. | Utløysande årsak til hending. | Merknad/utfyllande opplysningar. |
|--|---|---|
| Kai | | |
| 1. Snøskred | | Må avklarast i detaljplan |
| 2. Steinskred | | Må avklarast i detaljplan |
| 3. Forureining | | Må gjennomførast miljøgeologiske undersøkingar, avklarast i detaljplan. |
| 4. Grunnstøting eller kollisjon av lastebåt | Smalt farvatn, mange grunner og vanskar med å navigera. | 5.1, 5.1, 5.4 |
| 5. Trafikkulykke grunna større trafikk med større køyrety | | Vanskeleg å vekta utan detaljert kunnskap. |
| Næringsområde | | |
| 7. Snøskred | | Må avklarast i detaljplan |
| 8. Steinskred | | Må avklarast i detaljplan |
| 9. Utgliding utfylling | | Må utførast geoteknisk undersøking. Usikker vektning. |
| 10. Spreiing av forureining ved anleggsarbeid og ny utfylling. | Dumping av forureina masser eller dumping av masser på forureina sediment kan føre til spreieing. | |

Konsekvens

| | | LIV OG HELSE | | | | | | MILJØ | | | | | | MATERIELLE VERDIAR | | | | | |
|---------|------------------|--------------|---|---|---|---|---|-------|---|---|---|---|---|--------------------|---|---|---|---|---|
| | | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 |
| Sannsyn | Særs sannsynleg | 6 | 4 | 1 | 0 | 0 | 0 | 4 | 1 | 0 | 0 | 0 | 1 | 0 | 0 | 4 | 0 | 0 | |
| | Mykje sannsynleg | 5 | 4 | 1 | 0 | 0 | 0 | 4 | 1 | 0 | 0 | 0 | 1 | 0 | 0 | 4 | 0 | 0 | |
| | Sannsynleg | 4 | 4 | 1 | 0 | 0 | 0 | 4 | 1 | 0 | 0 | 0 | 1 | 0 | 0 | 4 | 0 | 0 | |
| | Noko sannsynleg | 3 | 4 | 1 | 0 | 0 | 0 | 4 | 1 | 0 | 0 | 0 | 1 | 0 | 0 | 4 | 0 | 0 | |
| | Lite sannsynleg | 2 | 4 | 1 | 0 | 0 | 0 | 4 | 1 | 0 | 0 | 0 | 1 | 0 | 0 | 4 | 0 | 0 | |
| | Usannsynleg | 1 | 4 | 1 | 0 | 0 | 0 | 4 | 1 | 0 | 0 | 0 | 1 | 0 | 0 | 4 | 0 | 0 | |
| | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |

Risikoreduserande tiltak. Trong for vidare vurderingar:

1. Skred og rasfare må avklarast i ein reguleringsplanprosess
4. Må vurderast i ein reguleringsplanprosess
10. Må gjennomførast undersøknigar i høve til forureiningsforskrift. Regulert av eige lovverk.

SAMASTILLING OG TILRÅING:

Positive konsekvensar:

- Tiltaket kan føre til meir og betre tilrettelagd næringsareal på allereie eksisterande næringsareal
- Bruk vitalisering av eldre næringsbygg og areal
- Næringsutvikling og arbeidsplassar nære kommunesenteret


Negative konsekvensar:

- Endra vassgjennomstrømning og negativ påverknad på lokalt viktig naturtype
- Utfylling kan føre til endring av botnsediment og resedimentering og med det ha negativ verknad på anadrom laksefisk og naturmangfald
- Forureina grunn og sediment kan føre til spreining av forureina masse
- Vegtilkomst i liten grad dimensjonert til større køyrety

Konklusjon:

Det er positivt med ynskje om å utnytte eit eldre næringsområde og tilrettelegge for næringsutvikling. Mellombels vil utfylling i vågen samla sett føre til store negative konsekvensar og det bør ikkje opnast for ei utfylling. Etablering av kaiareal på utsida av fylkesveg vil medføre eit stort landskapsinngrep og utfylling på ureina sediment. På den bakgrunn vart difor ikkje tiltaket tilrådd.

Hamre, Hjellvik og Raknes



22 Bustad og naust - Raknes

STADNAMN: Hosanger

GNR/BNR: 110/78, 79, 92, 93 og 117

Noverande planstatus: LNF og Bruk og vern av sjø og vassdrag i sjø

Framlegg til nytt arealføremål: Bustad/fritidsbustad og naust

Storleik (daa): omtrent 24 daa

Områdeskildring:

Område ligg aust for Raknes. Det er ikkje noko eksisterande infrastruktur til området men det ligg ei eksisterande hytte ved sjøen. Det er ynskje om å nytte området til bustad og ha naust ved sjøen.

Bakgrunnen for at innspelet er teken inn er at det vart gjort vedtak i formannskapet i to saker som omhandlar areala.

I sak nr FS-082/11 vart det søkt om frådeling av parsell på 1 daa ved sjø til bruk for nausttomter. Rådmannen tilrådde ikkje tiltaket. I formannskapet vart det fatta vedtak om at frådeling av tomtene til bruk som naustetomter.

I sak nr 081/11 vart det søkt om frådeling av eit areal til bustad/fritidsbustad. Rådmannen tilrådde ikkje tiltaket. I formannskapet vart det fatta vedtak om frådeling av tomter til bruk som omsøkt. Det vart i same vedtaket vist til at: «*Det er ikkje ledige tomter på Raknes, og det er ein føresetnad at det vert lagt inn i kommuneplanen som byggjeområde for bustad*».

Området vart ikkje vurdert i rullering av komuneplanen sin arealdel i 2011. På bakgrunn av at kommunen har fatta vedtak om å ta inn arealet i tidlegare rullering av kommuneplanen er difor arealet teke inn i denne planen til vurdering. I vedtaket er det vist til at området skal leggest inn i planen som bustadområde. Alle nye areal vert vurdert etter fastsette kriteriar og dette arealet vert difor vurdert etter dei same kriteria som ligg til grunn for planen.



| | TEMA | MERKNAD/VURDERING | KONSEKVENNS |
|-------|---------------|--|-------------|
| MILJØ | Friluftsliv | Det ligg ikkje føre informasjon om at området er nytta til friluftsliv. Det er imidlertid eit areal som ligg til strandsona og er utan inngrep, med unntak av eksisterande hytte. Bustad/fritidsbustad og naust vil byggje ned areal i strandsona og vil verka negativt for friluftsliv. Verknaden er negativ. | Negativ (-) |
| | Landskap | Kupert område utan inngrep med unntak av hytte i strandsona. Auka nedbygging vil føre til inngrep for å gjera området tilgjengeleg og etablera tomter. Verknad negativ. | Negativ (-) |
| | Naturmangfald | Ingen registrerte verdiar på land. Overvintringsområde for havelle i sjø. Tiltaket kjem ikkje i direkte konflikt med registrert område for havelle og det vil ha liten verknad. | Ingen (0) |
| | Forureining | Ikkje aktuelt. | Ingen (0) |

| | | | |
|----------------|-------------------------------|---|-------------------|
| | Landbruk | Ikkje aktuelt. | Ingen (0) |
| SAMFUNN | Bærekraftig samfunnsutvikling | Strandsoneareal er ein ikkje-fornybar ressurs. Privatisering av dette området vil bety at det vert mindre areal tilgjengeleg i strandsona, noko som er negativ i ei langsiktig samfunnsutvikling. | Stor negativ (-) |
| | Infrastruktur | Ingen verknad. | Ingen (0) |
| | Folkehelse | Negativ effekt å privatisera tilgong til sjø. | Stor negativ (--) |
| | Born og unge | Stor negativ effekt å privatisera tilgong til sjø. | Stor negativ (-) |
| | Kulturminne | Ingen kjende registreringar. | Ingen (0) |

ROS-ANALYSE

| Fareområde/tema. Skildring av uønska hending og konsekvens. | Utløysande årsak til hending. | Merknad/utfyllande opplysningar. |
|--|-------------------------------|---|
| 1. Brann | | Ikkje tilgong til sløkkevatn i dag. Vil vera vegframføring som gjer at det er tilgong til sløkkevatn 5.1, 5.1, 5.3 |
| 2. | | |
| 3. | | |
| 4. | | |

Konsekvens

| | | LIV OG HELSE | | | | | | MILJØ | | | | | | MATERIELLE VERDIAR | | | | | |
|---------|------------------|--------------|---|---|---|---|---|-------|---|---|---|---|---|--------------------|---|---|---|---|---|
| | | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 |
| Sannsyn | Særs sannsynleg | 6 | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| | Mykje sannsynleg | 5 | 1 | | | | | | | | | | | | | 1 | | | |
| | Sannsynleg | 4 | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| | Noko sannsynleg | 3 | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| | Lite sannsynleg | 2 | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| | Usannsynleg | 1 | | | | | | | | | | | | | | | | | |

SAMASTILLING OG TILRÅING:

Positive konsekvensar:

Ut over realisering av tomter har tiltaket få positive verknadar.

Negative konsekvensar:

Etablering av bustad/fritidsbustadtomter og naust har negative effekter for friluftsliv, berekraftig samfunnsutvikling, folkehelse og born og unge

Konklusjon:

Tiltaket har stor negativ effekt og vert ikkje tilrådd.

23 Friluftsområde, naustområde og bustadområde Raknes

STADNAMN: Raknes

GNR/BNR: 118/2, 5, 6, 15, 50, 109, 119, 120, 27, 42, 94, 128, 72 og 85

Noverande planstatus: LNF, bustadområde og Bruk og vern av sjø og vassdrag, Fiske og akvakultur.

Framlegg til nytt arealføremål: Naust, friluftsområde og LNF med omsynssone friluftsliv.

Storleik (daa): omtrent 20 daa


Områdeskildring:

Det er komen innspel om større områder på Raknes. Dette gjeld:

- 1) Tre friluftsområder langs sjøen
- 2) Naustområde i Ingridvika
- 3) To større bustadområder.

Planprogrammet avgrensar planområdet til kun gjelda det arealet som ligg i funksjonell strandsone. Innspelet om bustadområde (3) er berre vurdert der det fell innanfor planområdet.

Området er delvis beitemark og delvis skogkledd, og med strandsone utan større inngrep.





| | TEMA | MERKNAD/VURDERING | KONSEKVENNS |
|--------------|---------------|--|--|
| MILJØ | Friluftsliv | 1) Friluftsområda har store kvalitetar verknaden av å setje av desse områda er stor positiv. 2) Naustområdet er tenkt i eit området som er relativt bratt og som ikkje er egna for ferdsel. Etablering av naust vil imidlertid føre med seg tiltak som veg og byggeområde som gjer at området i eit friluftsperspektiv får mindre verdi. Verknaden vert vurdert å vera negativ. 3) Privatiserar strandsona, negativ verknad. | 1) Stor positiv (++) 2) Negativ (-) 3) Stor negativ (--) |
| | Landskap | 1) Ingen verknad 2) Bratt terreng mot sjø gjer at det må gjennomførast større landskapsinngrep for å kunne etablera naustområde her. I tillegg er størrelsen på naustområdet så stort at landskapsinngrepet vil vera markert. Verknaden vert vurdert til å vera negativ. 3) Kan opne for store inngrep. | 1) Ingen (0) 2) Stor negativ (--) 3) Negativ (-) |
| | Naturmangfald | Det er ikkje registrert naturmangfald i det aktuelle området. Det er registrert leveområde til Havelle i sjøområda utanfor. Ut frå tiltaket slik det er skissert vil dette ikkje ha noko innverknad på naturmangfald. | Ingen (0) |
| | Forureining | Ikkje aktuelt | Ingen (0) |

| | | | |
|----------------|-------------------------------|---|--|
| | Landbruk | Delar av arealet som er sett av til friluftsområde og til naustområde er innmarksbeite. Etablering av større naustområde kan føre til krav om vegframføring og nedbygging av innmarksbeite. Dette vil gje ein negativ effekt på landbruksinteresser. | Negativ (-) |
| SAMFUNN | Bærekraftig samfunnsutvikling | 1) Stor positiv effekt. 2) Etablering av naust gjer muligheten til fritidsaktivitetar på og ved sjø, noko som er positivt. I eit langsiktig perspektiv bør det alltid vurderast å samlokalisera større anlegg, og vurderer om det er meir hensiktsmessig å ha ei stor båthamn framfor eit stort naustområde. For samfunnsutviklinga vil fordelane med å ha tilgjengelege nausttomter ikkje vega opp ulempene med å byggje ned eit større strandsoneareal. 3) Etablering av bustadar i strandsona betyr ned bygging av areal som har stor verdi for friluftsliv mellom anna. Dette fører til mindre av ein viktig ressurs som ikkje er fornybar. | 1) Stor positiv (++) 2) Negativ (-) 3) Negativ (-) |
| | Infrastruktur | Ingen verknad | Ingen (0) |
| | Folkehelse | 1) Stor positiv 2) Positiv effekt for dei som har mulighet til naust. Store omkringliggende områder avsett til friluftsliv vil vera positiv for folkehelse og gjera at naustområdet ikkje har noko negativ effekt på folkehelse. 3) Mindre tilgjengeleg rekreasjonsareal. | 1) Stor positiv (++) 2) Ingen (0) 3) Negativ (-) |
| | Born og unge | 1) Stor positiv 2) Positiv effekt for dei som har mulighet til naust. Store omkringliggende områder avsett til friluftsliv vil vera positiv for born og unge og gjera at naustområdet ikkje har noko negativ effekt. 3) Mindre tilgjengeleg rekreasjonsareal. | 1) Stor positiv (++) 2) Ingen (0) 3) Negativ (-) |
| | Kulturminne | 2) SEFRAK registrert naust. Antatt liten verknad | Ingen (0) |

ROS-ANALYSE

| | | |
|--|-------------------------------|----------------------------------|
| Fareområde/tema. Skildring av uønska hending og | Utløysande årsak til hending. | Merknad/utfyllande opplysningar. |
|--|-------------------------------|----------------------------------|

| konsekvens. | | |
|---------------------|---|--|
| Friluftsområde | | |
| 1. Drukningssulykke | Meir tilrettelegging vil auke aktiviteten og auke fare for ulykker. | 5.5, 5.1, 5.1 |
| Naust | | Legg til grunn fleire naust opptil 40 m2 med vegtilkomst. |
| 3. Brann i naust | Teknisk eller menneskeleg feil. | Må etablerast veg mtp tilgong til slokkemateriell. 5.1, 5.1, 5,4 |

| | | Konsekvens | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
|---------|------------------|--------------|---|---|---|---|---|-------|---|---|---|---|---|--------------------|---|---|---|---|---|---|
| | | LIV OG HELSE | | | | | | MILJØ | | | | | | MATERIELLE VERDIAR | | | | | | |
| | | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | |
| Sannsyn | Særs sannsynleg | 6 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 |
| | Mykje sannsynleg | 5 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 |
| | Sannsynleg | 4 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 |
| | Noko sannsynleg | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 |
| | Lite sannsynleg | 2 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 |
| | Usannsynleg | 1 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 |

Risikoreduserande tiltak. Trong for vidare vurderingar:

3. Må etablerast tilgong til slokkevatn og tilkomst for slokkemateriell.

SAMASTILLING OG TILRÅING:

Positive konsekvensar:

Utlegging av friluftsområde har store positive verknadar for mellom anna friluftsliv og folkehelse

Negative konsekvensar:

Naustområde vil krevja store landskapsinngrep å realisera og har ein stor negativ konsekvens på landskap.

Utlegging av areal til 3) bustad i strandsona er negativt for friluftsliv og landskap mellom anna.

Konklusjon:

Friluftsområde (1) har store positive konsekvensar og vert tilrådd.

Naustområdet (2) slik det er føreslege vil ha ein negativ konsekvens. Det må difor vurderast avbøtande tiltak som gjer at eit naustområde her har mindre negativ effekt. Naustområdet bør lokalisert på sørsida av vågen der det i dag er naust og kai. I tillegg bør størrelsen reduserast. Etablering av småbåthamn er ein meir arealeffektiv måte å gje flest mogleg tilgong til båtplass. Det vert difor lagt ut eit mindre område sør i vågen der det bør kunne etablerast ei mindre småbåthamn. Med omsyn til at det er småbåthamn både på Raknes og Hjellvik bør ein sjå på utviding av eksisterande båthamn for å gje tilbod om båtplass til flest mogleg på Raknes.

Naustområde er ikkje tilrådd.

Bustadområde (3) er ikkje tilrådd.

24 Naustområde Raknes

STADNAMN: Raknes

GNR/BNR: 111/62

Noverande planstatus: LNF og Bruk og vern av sjø og vassdrag.


Framlegg til nytt arealføremål: Naust

Storleik (daa): omtrent 0,7 daa

Områdeskildring:

Området ligg i nordvendt vik mot Raknesvågen. Arealet består i dag av hellande terreng som er delvis gjenngrodd.

Det er ynskje om å leggja inn naustområde for mulighet til å byggje naust. Det eksisterar fleire naust på eigedomen i vest. Dette området vert difor lagt som naustområde og utvida mot aust slik at det er mogleg å byggje fleire naust inn mot eksisterande.



| | TEMA | MERKNAD/VURDERING | KONSEKVENNS |
|---------|-------------------------------|---|-------------|
| MILJØ | Friluftsliv | Området har små kvalitetar for friluftsliv men det er mogleg å ferdist i området. Tilrettelegging av naust vil medføre ein auka grad av privatisering som kan ha ei avvisande effekt. Verknaden vert vurdert til å vera liten negativ. | Negativ (-) |
| | Landskap | Området har lav verdi som landskap ved at det er spreidd nedbygging av bustadar og fritidsbustadar. Etablering av naust vil medføre landskapsinngrep men vert vurdert til å ha liten verknad. | Ingen (0) |
| | Naturmangfald | Det er ingen registreringar på det aktuelle arealet. Antatt ingen verknad. | Ingen (0) |
| | Forureining | Ikkje aktuelt | Ingen (0) |
| | Landbruk | Ikkje aktuelt | Ingen (0) |
| SAMFUNN | Bærekraftig samfunnsutvikling | Etablering av naust gjer muligheten til fritidsaktivitetar på og ved sjø, noko som er positivt. Nedbygging av strandsoneareal kan vera negativt for ålmenne verdiar, som tilgong til sjø er. Ut frå verdien av areal er denne negative verknaden liten. Konsekvensen for samfunnsutvikling vert vurdert til å vera liten til ingen. | Ingen (0) |
| | Infrastruktur | Ingen verknad. | Ingen (0) |
| | Folkehelse | Positiv effekt for dei som har mulighet til naust. Området har få kvalitetar som gjer at det har verdi for folkehelse. Liten til ingen verknad | Ingen (0) |
| | Born og unge | Liten til ingen verknad | Ingen (0) |
| | Kulturminne | Ingen registrerte kulturminner. | Ingen (0) |

ROS-ANALYSE

| Fareområde/tema. Skildring av uønska hending og konsekvens. | Utløysande årsak til hending. | Merknad/utfyllande opplysningar. |
|--|-------------------------------|---|
| 1.Brann i bygning | | Ikkje til gong til slokkekvatn. Må nytte tankbil. Ein ny bustad i eksisterande bustadfelt endrar ikkje risikobilete, difor ikkje vekta. |

SAMASTILLING OG TILRÅING:

Positive konsekvensar:

Positive kosekvensar å ha tilgong til naust for å kunne drive friluftsliv på sjø.

Negative konsekvensar:

Innspelet har liten negativ konsekvens for friluftsliv ved at noko strandsoneareal vert bygd ned

Konklusjon:

Etablering av naust har ein negativ effekt for friluftsliv men på bakgrunn av at det er få andre konsekvensar og at arealet er nordvendt og har liten verdi for friluftsliv vert tiltaket tilrådd.

25 Småbåthamn Raknes

STADNAMN: Raknes

GNR/BNR: 111/1

Noverande planstatus: LNF og Bruk og vern av sjø og vassdrag.

Framlegg til nytt arealføremål: Småbåthamn

Storleik (daa): 3 daa

Områdeskildring:

Området ligg i Raknesvågen. Det er i dag ei eksisterande småbåthamn med omtrent 26 plassar. Området vert lagt inn med moglegheit for ei mindre utviding.



| | TEMA | MERKNAD/VURDERING | KONSEKVENNS |
|-------|---------------|---|-------------|
| MILJØ | Friluftsliv | Området er i dag nytta til småbåthamn og tiltaket har difor liten verknad for friluftsliv. | Ingen (0) |
| | Landskap | Utviding av eksisterande småbåthamn har liten verknad. | Ingen (0) |
| | Naturmangfald | Det er ikkje registrert naturmangfald i det aktuelle området. Verknad vert vurdert til liten. | Ingen (0) |
| | Forureining | Ikkje aktuelt | Ingen (0) |
| | Landbruk | Ikkje aktuelt | Ingen (0) |

| | | | |
|----------------|-------------------------------|---|-------------|
| SAMFUNN | Bærekraftig samfunnsutvikling | Det er ein positiv konsekvens at det vert lagt til rette for fleire småbåtplasser for lokalsamfunnet. | Positiv (+) |
| | Infrastruktur | Ingen verknad. | Ingen (0) |
| | Folkehelse | Mulighet for fritidsbåt for å kome på sjøen er positivt for folkehelsa. | Positiv (+) |
| | Born og unge | Ei småbåthamn kan vera eit positivt element for born og unge ved å opne mulighet til båtliv. | Positiv (+) |
| | Kulturminne | Ingen verknad. | Ingen (0) |

ROS-ANALYSE

Ingen endring av risikobilete i høve til eksisterande situasjon.

SAMASTILLING OG TILRÅING:

Arealendringa stadfestar gjeldande bruk og vert tilrådd.

26 LNF-spreidd naust Raknes

STADNAMN: Raknes

GNR/BNR: 111/1, 66, 81, 85

Noverande planstatus: LNF og Bruk og vern av sjø og vassdrag.

Framlegg til nytt arealføremål: LNF-spreidd naust og andre typar bygg og anlegg (bryggje) i sjø

Storleik (daa): 0,5 daa

Områdeskildring:

Området ligg i Raknesvågen. Eksisterande naust på gbnr 111/1 er ynskja nytta av leirskule på Tirevollgarden og av Osterøy turlag til sjøtilknytte aktivitetar. Det er difor viktig at det er tilgong på toalett og mulighet til å ha aktivitetar under tak. Det er difor lagt opp til å kunne setja opp toalett bygg, som skal vera frittstående slik at det ikkje er inne i naust og eit frittstående, ope bygg med tak. Arealtypen vert lagt som LNF slik at det ikkje skal kunne delast frå gardsbruket.



| | TEMA | MERKNAD/VURDERING | KONSEKVENNS |
|-------|---------------|--|-------------|
| MILJØ | Friluftsliv | Området er eksisterande naustområde i dag og det vert ikkje opna for nye naust. Verknaden for friluftsliv vert ikkje endra av arealendringa. | Ingen (0) |
| | Landskap | Gjeld eksisterande naustareal og har liten verknad. | Ingen (0) |
| | Naturmangfald | Det er ikkje registrert naturmangfald i det aktuelle området. Verknad vert vurdert til liten. | Ingen (0) |
| | Forureining | Ikkje aktuelt | Ingen (0) |
| | Landbruk | Ikkje aktuelt | Ingen (0) |

| | | | |
|----------------|-------------------------------|---|-------------|
| SAMFUNN | Bærekraftig samfunnsutvikling | Det er ein positiv konsekvens at det vert lagt til rette for bruk av naust for leirskule og turlag. | Positiv (+) |
| | Infrastruktur | Ingen verknad. | Ingen (0) |
| | Folkehelse | Det er ein positiv konsekvens at det vert lagt til rette for bruk av naust for leirskule og turlag. | Positiv (+) |
| | Born og unge | Det er ein positiv konsekvens at det vert lagt til rette for bruk av naust for leirskule og turlag. | Positiv (+) |
| | Kulturminne | Dei to nausta på gbnr 111/1 er SEFRAK registrerte. Tiltak på naust kan difor medføre uheldig verknad for kulturminna. | Negativ (-) |

ROS-ANALYSE

| Fareområde/tema. Skildring av uønska hending og konsekvens. | Utløysande årsak til hending. | Merknad/utfyllande opplysningar. |
|--|---|----------------------------------|
| 1. Drukningssulykke | Mange personar oppheld seg i tilknytning til sjø. | 5.5, 5.1, 5.1 |
| | | |

| | | Konsekvens | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
|----------------|------------------|--------------|---|---|---|---|---|-------|---|---|---|---|---|--------------------|---|---|---|---|---|--|
| | | LIV OG HELSE | | | | | | MILJØ | | | | | | MATERIELLE VERDIAR | | | | | | |
| | | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | |
| Sannsyn | Særs sannsynleg | 6 | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| | Mykje sannsynleg | 5 | | | | | 1 | | | | | | | | | | | | | |
| | Sannsynleg | 4 | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| | Noko sannsynleg | 3 | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| | Lite sannsynleg | 2 | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| | Usannsynleg | 1 | | | | | | | | | | | | | | | | | | |

Risikoreducerande tiltak. Trong for vidare vurderingar:

1. Må vurderast tiltak i samband med utvida bruk i høve til leirskule og turlag.

SAMASTILLING OG TILRÅING:

Positive konsekvensar:

- Legg til rette for bruk for turlag og leirskule
- Positivt for folkehelse og born og unge

Negative konsekvensar:

- Tiltak kan vera negativ for SEFRAK-registrerte naust

Konklusjon:

Tiltaket er positivt og byggjer opp om frivillige organisasjonar og aktivitetar på leirskule. Toalettbygg som frittstående bygg vil ikkje kunne føre til at nausta vert nytta til anna bruk ut over naustføremålet. Forutsettinga for arealendringa er at det vert sett føresegner som ivaretek nausta sin kulturminneverdi.

27 Friluftsområde Hjellvik

STADNAMN: Hjellvik

GNR/BNR: 118 m. fl.

Noverande planstatus: LNF og Bruk og vern av sjø og vassdrag og Fiske.


Framlegg til nytt arealføremål: Friområde

Storleik (daa): omtrent 10 daa

Områdeskildring:

Områda ligg frå Hjellvikvågen og mot Eldsneset. Områda er delvis skogkledd, sørvendt og utan inngrep.

Det er ynskje om å etablera desse som friluftsområde.



| | TEMA | MERKNAD/VURDERING | KONSEKVENNS |
|---------|-------------------------------|--|-------------------|
| MILJØ | Friluftsliv | Friluftsområda har store kvalitetar, verknaden av å setje av desse områda er stor positiv. Område lengst nord er imidlertid svært kupert og med bratt helning ned mot sjø, og har lågkvalitet i høve til å bli brukt som friluftsområde. | Stor positiv (++) |
| | Landskap | Ingen verknad | Ingen (0) |
| | Naturmangfald | Det er ikkje registrert naturmangfald i det aktuelle området. | Ingen (0) |
| | Forureining | Ikkje aktuelt | Ingen (0) |
| | Landbruk | Ikkje aktuelt | Ingen (0) |
| SAMFUNN | Bærekraftig samfunnsutvikling | Stor positiv effekt. | Stor positiv (++) |
| | Infrastruktur | Kan føre til auka trafikk og trong for p-plass. Antatt liten trafikk ut frå lokalisering og verknaden vert vurdert til å vera liten til ingen. | Ingen (0) |
| | Folkehelse | Stor positiv konsekvens. | Stor positiv (++) |
| | Born og unge | Stor positiv konsekvens | Stor positiv (++) |
| | Kulturminne | SEFRAK-registrert naust. Ingen endring i arealbruk som får verknadar. | Ingen (0) |

ROS-ANALYSE

| Fareområde/tema. Skildring av uønska hending og konsekvens. | Utløysande årsak til hending. | Merknad/utfyllande opplysningar. |
|--|-------------------------------|----------------------------------|
| 1.Utløpsområde snøskred | Store snømengder og temp | Er avmerka i skrednett.no. Liten |

| | | |
|---------------------|----------|--|
| | | høgdeforskjell. 1.1, 1.1, 1.1. |
| 2. Steinsprang | | Historiske hendingar med steinsprang på veg. 4.1, 4.2, 4.1 |
| 3. Trafikkuhell | Smal veg | 5.5, 5.1, 5.2 |
| 4. Drukningssulykke | Bading | 5.5, 5.1, 5.1 |
| | | |

| | | Konsekvens | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
|---------|------------------|--------------|---|---|---|---|---|-------|---|---|---|---|---|--------------------|---|---|---|---|---|--|--|--|--|
| | | LIV OG HELSE | | | | | | MILJØ | | | | | | MATERIELLE VERDIAR | | | | | | | | | |
| | | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | | | | |
| Sannsyn | Særs sannsynleg | 6 | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| | Mykje sannsynleg | 5 | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| | Sannsynleg | 4 | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| | Noko sannsynleg | 3 | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| | Lite sannsynleg | 2 | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| | Usannsynleg | 1 | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| | | | 1 | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |

Risikoreducerande tiltak. Trong for vidare vurderingar:

- | |
|---|
| <p>3. Må vurderast i samband med plan for vegnett</p> <p>4. Må vurderast kva tiltak som kan redusera risiko</p> |
|---|

SAMASTILLING OG TILRÅING:

Positive konsekvensar:

Store positive konsekvensar for friluftsliv, folkehelse og born og unge.

Konklusjon:

Friluftsområde har store positive konsekvensar. Området i sør som er eksisterande badeplass er ein viktig stad for bading og det er lagt ned mykje ressursar i å tilretteleggje her. Denne bør få status som friområde i kommuneplanen. For området i nord er dette kupert og syner få teikn til å vera nytta til friluftsliv. Tilgangen til strandsona er vanskeleg grunna bratt topografi. Området her bør ikkje avsetjast til friluftsliv siden det i liten grad er nytta og at det ikkje eignar seg til det. Området ligg i dag som LNF og dette føremålet femner i dag om både natur og friluftsliv, og ut frå ein samla vurdering bør området framleis vera LNF-område.

28 Naustområde Hjellvik

STADNAMN: Hjellvik

GNR/BNR: 118 m. fl.


Noverande planstatus: LNF og Bruk og vern av sjø og vassdrag og Fiske.

Framlegg til nytt arealføremål: Naust

Storleik (daa): omtrent 5

Områdeskildring:

Områda ligg frå Hjellvikvågen og mot Eldsneset. Områda er delvis skogkledd og delvis bebygd med naust. Det er ynskje om å utvida naustområde i tillegg til å setja eksisterande område som naustområde.



| | TEMA | MERKNAD/VURDERING | KONSEKVENNS |
|-------|-------------|--|-------------|
| MILJØ | Friluftsliv | Mesteparten av områda er delvis bebygd med naust med unntak av områda lengst vest. Dei områda som er bebygd som naustområde i dag har små verdiar i høve til friluftsliv. Ønska utviding råkar eit område som i liten grad er tilgjengeleg for friluftsliv i dag. Verknadane av omgjerding til friluftsliv er rekna som små, forutsett at det vert etablert små grupper av naust som er mogleg å ferdast mellom. | Ingen (0) |
| | Landskap | I området med naust vil avsetting til naustområde ikkje ha noko verknad på landskap. Utviding av naustområde i sørvest vil gå inn i eit område med bratt helning mot sjø. Dette vil medføra utfylling og store skjeringar dersom | Negativ (-) |

| | | | |
|----------------|-------------------------------|--|-------------|
| | | det skal etablerast naustområde her. Verknaden vil her vera negativ. | |
| | Naturmangfald | Det er ikkje registrert naturmangfald i det aktuelle området. | Ingen (0) |
| | Forureining | Ikkje aktuelt | Ingen (0) |
| | Landbruk | Ikkje aktuelt | Ingen (0) |
| SAMFUNN | Bærekraftig samfunnsutvikling | Etablering av fleire naustområde har ein positiv effekt ved at det her vert gjeve mulighet for naust i eit område som det allereie er naust i. I eit langsiktig perspektiv er det imidlertid viktig å ha ein arealeffektiv disponering av strandsoneareala. Det vil såleis vera meir effektiv å utvide småbåthamn framfor å opne for store naustområde ut over dei etablerte naustområda som er her i dag. Utviding av naustområde mot vest vert vurdert til å vera negativ. | Negativ (-) |
| | Infrastruktur | Vert kopla til eksisterande infrastruktur. | Ingen (0) |
| | Folkehelse | Tilgong til sjø er viktig for folkehelse, her er tilgong til båtplass eller naust positivt. Nedbygging av strandsoneareal er negativt fordi det vil gjera mindre strandsone tilgjengeleg, samstundes så er dei tilgrensande areala avsett til friluftsliv. Slik områda ligg som delvis eksisterande naustområde så vurderar vi det slik at det har liten eller ingen verknad for folkehelsa. | Ingen (0) |
| | Born og unge | Slik områda ligg som delvis eksisterande naustområde så vurderar vi det slik at det har liten eller ingen verknad for born og unge. | Ingen (0) |
| | Kulturminne | Ligg fleire SEFRAK-registrerte naust her. Er fleire naust i ormdept og ei fortetting vil ikkej ha negativ verknad på eksisterande kulturminner. | Ingen (0) |

ROS-ANALYSE

| Fareområde/tema. | Utløysande årsak til hending. | Merknad/utfyllande |
|------------------|-------------------------------|--------------------|
|------------------|-------------------------------|--------------------|

| Skildring av uønska hending og konsekvens. | | opplysningar. |
|--|--|--|
| 1. Brann | | Vegtilkomst. Ikkje endra risikobilete. |

SAMASTILLING OG TILRÅING:

Positive konsekvensar:

Bygging av naust er positivt fordi det gjer tilgong til båt og sjø for dei som har nausta.

Negative konsekvensar:

Utviding av naustområdet mot vest har ein negativ verknad på landskap.

Konklusjon:

Eksisterande naustområdet vert tilrådd lagt ut som naustområde med mulighet for fortetting. Utviding av naustområde mot vest har store, negative landskapsverknadar og vert ikkje tilrådd.

29 Småbåthamn Hjellvik

STADNAMN: Gjellvikvågen

GNR/BNR: 118/1


Noverande planstatus: LNF og Bruk og vern av sjø og vassdrag.

Framlegg til nytt arealføremål: Småbåthamn

Storleik (daa): 7,5 daa

Områdeskildring:

Området ligg i Hjellvikvågen. Det er i dag ei eksisterande småbåthamn med omtrent 48 plassar. Området vert lagt inn med moglegheit for ei mindre utviding.



| | TEMA | MERKNAD/VURDERING | KONSEKvens |
|-------|---------------|---|-------------|
| MILJØ | Friluftsliv | Området er i dag nytta til småbåthamn og tiltaket har difor liten verknad for friluftsliv. | Ingen (0) |
| | Landskap | Utviding av eksisterande småbåthamn har liten verknad. | Ingen (0) |
| | Naturmangfald | Det er registrert leveområde for Havelle i det ytterste området som er lagt ut som småbåthamn. Det er relativt stort leveområde og viktigheten av arealendringa har sannsylegvis liten verknad. Det må imidlertid reknast som at det kan ha ein negativ verknad siden leveområde vert redusert. | Negativ (-) |
| | Forureining | Ikkje aktuelt | Ingen (0) |

| | | | |
|----------------|-------------------------------|---|-------------|
| | Landbruk | Ikkje aktuelt | Ingen (0) |
| SAMFUNN | Bærekraftig samfunnsutvikling | Det er ein positiv konsekvens at det vert lagt til rette for fleire småbåtplasser for lokalsamfunnet. | Positiv (+) |
| | Infrastruktur | Ingen verknad. | Ingen (0) |
| | Folkehelse | Mulighet for fritidsbåt for å kome på sjøen er positivt for folkehelsa. | Positiv (+) |
| | Born og unge | Ei småbåthamn kan vera eit positivt element for born og unge ved å opne mulighet til båtliv. | Positiv (+) |
| | Kulturminne | Ingen verknad. | Ingen (0) |

ROS-ANALYSE

| Fareområde/tema. Skildring av uønska hending og konsekvens. | Utløysande årsak til hending. | Merknad/utfyllande opplysningar. |
|--|--|--|
| 1. Skader på anlegg eller båter | Sterk vind og bølger | Tidlegare vore skader grunna sterk vind og bølger. 6.1, 6.1, 6.4 |
| 2. Brann | Teknisk eller menneskeleg svikt. | Vegtilkomst. Ikkje endra risikobilete. |
| 3. Drukning | Mange mennesker opphed seg i nærleiken av sjø. | 3.5, 3.1, 3.1 |

| | | Konsekvens | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
|----------------|------------------|--------------|---|---|---|---|---|-------|---|---|---|---|---|--------------------|---|---|---|---|---|--|---|--|--|--|--|--|--|--|--|--|
| | | LIV OG HELSE | | | | | | MILJØ | | | | | | MATERIELLE VERDIAR | | | | | | | | | | | | | | | | |
| | | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | | | | | | | | | | | |
| Sannsyn | Særs sannsynleg | 6 | 1 | | | | | | | 1 | | | | | | | | | | | 1 | | | | | | | | | |
| | Mykje sannsynleg | 5 | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| | Sannsynleg | 4 | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| | Noko sannsynleg | 3 | | | | | 3 | | | 3 | | | | | | | | | | | 3 | | | | | | | | | |
| | Lite sannsynleg | 2 | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| | Usannsynleg | 1 | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |

Risikoreduserande tiltak. Trong for vidare vurderingar:

1. Ved framtidig utviding må det vurderast tiltak for mindre risiko
3. Må vurderast stengsel på landgang for å hindre fri ferdsel ute på småbåthamn

SAMASTILLING OG TILRÅING:

Positive konsekvensar:

Positivt med auka tilgong til sjø ved å ha tilgong til båtplass.

Negative konsekvensar:

Arealendringa vert vurdert til å ha ein negativ verknad på leveområde til havelle, men verknaden er vurdert til å vera liten negativ på bakgrunn av at småbåthamn har vore etablert i lengre tid.

Konklusjon:

Arealendringa stadfestar gjeldande bruk og vert tilrådd.

30 Naustområde Birkelandsstø

STADNAMN: Birkelandstø - Hjellvik

GNR/BNR: 120/1 m fl.

Noverande planstatus: LNF og Bruk og vern av sjø og vassdrag og Akvakultur.

Framlegg til nytt arealføremål: Naust

Storleik (daa): omtrent 12 daa

Områdeskildring:



Det er ynskje om å leggja inn naustområdet og to bustadsområde. Planprogrammet vart avgrensa i planprogrammet, der denne er sett frå kommunegrensa i sjø til avgrensinga av funksjonell strandsone. Dei to bustadområda vert difor ikkje vurdert.

Området som er ønska som naustområde er delvis bratt helning mot sjø og delvis skogkledd. Rundt Birkelandstø er det fleire eldre naust.

| | TEMA | MERKNAD/VURDERING | KONSEKVENNS |
|---------|-------------------------------|---|-------------------|
| MILJØ | Friluftsliv | Med unntak av området rundt Birkelandstø er området vanskeleg tilgjengeleg grunna helning og vegetasjon. Det er få friluftsakvalitetar i området. Konsekvensen vert difor liten. | Ingen (0) |
| | Landskap | Heile naustområdet har bratt helning mot sjø. Dette vil medføre utfylling og store skjeringar dersom det skal etablerast naustområde her. Verknaden vil her vera svært negativ. | Stor negativ (--) |
| | Naturmangfald | Det er ikkje registrert naturmangfald i det aktuelle området. | Ingen (0) |
| | Forureining | Ikkje aktuelt | Ingen (0) |
| | Landbruk | Ikkje aktuelt | Ingen (0) |
| SAMFUNN | Bærekraftig samfunnsutvikling | Etablering av fleire naustområde har ein positiv effekt ved at det her vert gjeve mulighet for tilgong til båtplass og tilgong til sjø. I ei langsiktig samfunnsutvikling må imidlertid arealdisponeringane vera basert på eit prinsipp om samlokalisering og best mogleg utnytting av ein knapp arealressurs som strandsona er. Utlegging av store naustområde er ikkje i tråd med dette prinsippet, og verknaden av dette vil vera negativ i eit langsiktig perspektiv. | Negativ (-) |
| | Infrastruktur | Kopla til eksisterande infrastruktur. | Ingen (0) |
| | Folkehelse | Tilgong til sjø er viktig for folkehelse, her er tilgong til båtplass eller naust positivt. Nedbygging av strandsoneareal er negativt fordi det vil gjera mindre strandsone tilgjengeleg, samstundes er det lite tilgjengeleg strandsone her. Det vert vurdert at det har liten eller ingen verknad for folkehelsa. | Ingen (0) |

| | | | |
|--|--------------|---|-------------|
| | Born og unge | Lite tilgjengeleg strandsone og liten eller ingen verknad for born og unge. | Ingen (0) |
| | Kulturminne | Område med fleire SEFRAK-registrerte naust og eldre nedlagt meieri i eit heilskapeleg miljø. Ligg akvakulturanlegg i umiddelbar nærleik som påverkar kulturmiljøet negativt. Planlagde tiltak vil føre til store inngrep i form av veg og planering og sprengning. Kulturmiljøet her med eldre naust, fabrikk og få nyare tiltak gjer at dette ormdådet har eit heilskapeleg uttrykk. Eit større naustområde her vil ha ein negativ verknad | Negativ (-) |

ROS-ANALYSE

| Fareområde/tema. Skildring av uønska hending og konsekvens. | Utløysande årsak til hending. | Merknad/utfyllande opplysningar. |
|---|-------------------------------|--|
| 1. Utløpsone snøskred | | Ingen kjende hendingar, ingenspor i terreng. 2.1, 2.1, 2.3 |
| 2. Flaum og stormflo i kombinasjon skader på bygning og infrastruktur | | Stort sannsyn grunna lokalisering. 5.1, 5.1, 5.5 |
| 3. Brann | | Er vegtilkomst. Ikkje vekta. |

| | | Konsekvens | | | | | | | | | | | | | | | | | |
|---------|------------------|--------------|---|---|---|---|---|-------|---|---|---|---|---|--------------------|---|---|---|---|---|
| | | LIV OG HELSE | | | | | | MILJØ | | | | | | MATERIELLE VERDIAR | | | | | |
| | | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 |
| Sannsyn | Særs sannsynleg | 6 | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| | Mykje sannsynleg | 5 | 2 | | | | | 2 | | | | | | | | | | 2 | |
| | Sannsynleg | 4 | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| | Noko sannsynleg | 3 | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| | Lite sannsynleg | 2 | 1 | | | | | 1 | | | | | | | | 1 | | | |
| | Usannsynleg | 1 | | | | | | | | | | | | | | | | | |

Risikoreduserande tiltak. Trong for vidare vurderingar:

2. Må setjast krav i byggjesøknad eller reguleringsplan i høve til å sikre materielle verdiar.

SAMASTILLING OG TILRÅING

Positive konsekvensar:

Tiltaket har ein positiv effekt for eigar av naust som får mulighet til båt plass.

Negative konsekvensar:

Etablering av eit større naustområde her vil føre til store landskapsinngrep med negativ verknad. Utsett for vind og bølger.

Konklusjon:

Store ulemper ved å leggja eit naustområde her. Området har ingen skjerming mot vind eller sjø og er lite egna som naustområde slik det ligg. Trong for båt plassar bør skje i eksisterande båthamn i Hjellvik. Innspelet vert ikkje tilrådd.

31 Småbåthamn Hamre

STADNAMN: Klenavågen - Hamre

GNR/BNR: 128/3


Noverande planstatus: LNF og Kombinerte føremål i sjø og vassdrag. Omssynssone der reguleringsplan fortsatt skal gjelda.

Framlegg til nytt arealføremål: Småbåthamn

Storleik (daa): 7,5 daa

Områdeskildring:

Området ligg i Klenavågen og er regulert i reguleringsplan for Klenavågen, vedteke i 2010. Området ligg ikkje avsett til føremål småbåthamn i kommuneplanen og det vert difor endra til småbåthamn i kommunedelplanen.



| | TEMA | MERKNAD/VURDERING | KONSEKVENNS |
|---------|-------------------------------|---|-------------|
| MILJØ | Friluftsliv | Området er i dag nytta til småbåthamn og tiltaket har difor liten verknad for friluftsliv. | Ingen (0) |
| | Landskap | Utviding av eksisterande småbåthamn har liten verknad. | Ingen (0) |
| | Naturmangfald | Det er ikkje registrert noko naturmangfald i området. Gjeld eksisterande småbåthamn og det vert vurdert til å ha liten verknad. | Ingen (0) |
| | Forureining | Ikkje aktuelt | Ingen (0) |
| | Landbruk | Ikkje aktuelt | Ingen (0) |
| SAMFUNN | Bærekraftig samfunnsutvikling | Det er ein positiv konsekvens at det vert lagt til rette for fleire småbåt plasser for lokalsamfunnet. | Positiv (+) |
| | Infrastruktur | Ingen verknad. | Ingen (0) |

| | | | |
|--|--------------|--|-------------|
| | Folkehelse | Mulighet for fritidsbåt for å kome på sjøen er positivt for folkehelsa. | Positiv (+) |
| | Born og unge | Ei småbåthamn kan vera eit positivt element for born og unge ved å opne mulighet til båtliv. | Positiv (+) |
| | Kulturminne | Ingen verknad. | Ingen (0) |

ROS-ANALYSE

Er lagt inn ROS-analyse i gjeldande reguleringsplan.

SAMASTILLING OG TILRÅING:

Arealendringa stadfestar gjeldande bruk og vert tilrådd.

32 Naustområde Hamre

STADNAMN: Hamre


GNR/BNR: 129/1

Noverande planstatus: Friområde, LNF og Bruk og vern av sjø og vassdrag

Framlegg til nytt arealføremål: Naust

Storleik (daa): omtrent 3 daa

Områdeskildring:



Området ligg vest for kyrkjekaien på Hamre. Det er tre naust i området i dag, som består av svaberg med lauvskog.

| TEMA | | MERKNAD/VURDERING | KONSEKVENNS |
|-------|---------------|--|-------------|
| MILJØ | Friluftsliv | Arealet ligg i området avsett til friområde og LNF i gjeldande kommuneplan. Det er tre naust på området. Ut over dette er det få inngrep som kan verka privatiserande. Etablering av fleire naust kan føre til at området vert meir nedbygd og at arealet vert eit opphaldsareal. Dette vil føre til ein auka privatiserande effekt, noko som er negativt for friluftsliv. | Negativ (-) |
| | Landskap | Området har tre naust og etablering av fleire naust som har same størrelse som eksisterande vil ha liten til ingen effekt på landskap. | Ingen (0) |
| | Naturmangfald | Det er ikkje registrert naturmangfald i det aktuelle området. Verknad vert vurdert til liten. | Ingen (0) |
| | Forureining | Ikkje aktuelt | Ingen (0) |

| | | | |
|----------------|-------------------------------|--|-------------|
| | Landbruk | Ikkje aktuelt | Ingen (0) |
| SAMFUNN | Bærekraftig samfunnsutvikling | Tilgong til naust gjer betre tilgong til sjø for eigarar av nausta. Nedbygging av område som er avsett som friområde fører til mindre strandsone og ettersom areal er ein ikkje fornybar ressurs er dette ikkje bærekraftig. Verknaden er negativ. | Negativ (-) |
| | Infrastruktur | Ingen verknad. | Ingen (0) |
| | Folkehelse | Mindre tilgjengeleg strandsoneareal gjer mindre tilgong til friluftsliv i nærmiljøet. Verknad er negativ. | Negativ (-) |
| | Born og unge | Ingen verknad. | Ingen (0) |
| | Kulturminne | Ingen registrerte kulturminner. | Ingen (0) |

ROS-ANALYSE

| Fareområde/tema. Skildring av uønska hending og konsekvens. | Utløysande årsak til hending. | Merknad/utfyllande opplysningar. |
|--|-------------------------------|---|
| 1. Brann | | Er tilkomst frå fylkesveg. Ikkje vekta. |

SAMASTILLING OG TILRÅING:

Positive konsekvensar:

- Tiltaket vil ha ein positiv effekt for eigarar av naust som gjer tilgang til båt plass og sjø.

Negative konsekvensar:

- Negativ verknad for friluftsliv ved at ein auka bygningsmasse og auka bruk kan verka privatiserande på ferdsel i det som er avsett som eit friområde.
- Ikkje berekraftig å byggje ned strandsone som er avsett som friområde

Konklusjon:

I eit friområde skal omsynet til friluftsliv vektast særskild. Etablering av naust kan verka privatiserande i eit område som i liten grad er nedbygd i dag. Det bør difor ikkje opnast for naust i friområde. Det er tilrådd å opne for naust mellom eksisterande naust og kyrkjekaien.

33 Naust Hamre

STADNAMN: Hamre

GNR/BNR: 129/1

Noverande planstatus: Friområde og Bruk og vern av sjø og vassdrag

Framlegg til nytt arealføremål: Naust og Andre typar bebyggelse og anlegg (brygge)

Storleik (daa): omtrent 0,4 daa

Områdeskildring:



Området har eksisterande naust og har tidlegare hatt brygge og båtopptrekk som har blitt teken av storm. Det er ynskje om å avsette fleire naust og byggje opp at bryggje og båtopptrekk. Arealet rundt er delvis skogledd og delvis landbruksareal.

| | TEMA | MERKNAD/VURDERING | KONSEKVENNS |
|-------|---------------|---|-------------|
| MILJØ | Friluftsliv | Arealet ligg i området avsett til friområde i gjeldande kommuneplan. Det er eit naust på området og delvis planert areal rundt. Ut over dette er det få inngrep som kan verka privatiserande. Etablering av fleire naust og bryggjer kan føre til at området vert meir nedbygd og at arealet vert eit opphaldsareal. Dette vil føre til ein auka privatiserande effekt, noko som er negativt for friluftsliv. | Negativ (-) |
| | Landskap | Området er delvis planert og det står eit naust her i dag. Etablering av 1-2 naust som har same størrelse som eksisterande vil ha liten til ingen effekt på landskap. | Ingen (0) |
| | Naturmangfald | Det er ikkje registrert naturmangfald i det aktuelle | Ingen (0) |

| | | | |
|----------------|-------------------------------|---|-----------|
| | | området. Verknad vert vurdert til liten. | |
| | Forureining | Ikkje aktuelt | Ingen (0) |
| | Landbruk | Ikkje aktuelt | Ingen (0) |
| SAMFUNN | Bærekraftig samfunnsutvikling | Etablering av 1-2 naust vil ha liten effekt på samfunnsutviklinga. | Ingen (0) |
| | Infrastruktur | Ingen verknad. | Ingen (0) |
| | Folkehelse | Etablering av eit fåtal naust her har liten til ingen effekt på folkehelse. | Ingen (0) |
| | Born og unge | Ingen verknad. | Ingen (0) |
| | Kulturminne | Ingen registrerte kulturminner. | Ingen (0) |

ROS-ANALYSE

| Fareområde/tema. Skildring av uønska hending og konsekvens. | Utløysande årsak til hending. | Merknad/utfyllande opplysningar. |
|--|-------------------------------|----------------------------------|
| 1. Brann | | Er tilkomstveg. Ikkje vekta. |

SAMASTILLING OG TILRÅING:

Positive konsekvensar:

- Tiltaket vil ha ein positiv effekt for eigarar av naust som gjer tilgang til båt plass og sjø.

Negative konsekvensar:

- Negativ verknad for friluftsliv ved at ein auka bygningsmasse og auka bruk kan verka privatiserande på ferdsel i det som er avsett som eit friområde.

Konklusjon:

I eit friområde skal omsynet til friluftsliv vektast særskild. Etablering av naust kan verka privatiserande. Det bør difor ikkje opnast for fleire naust i friområde. Tiltaket er ikkje tilrådd.

34 Hurtigbåthamn og næringsområde Klokkarneset Hamre

STADNAMN: Klokkarneset - Hamre


GNR/BNR: 129/1

Noverande planstatus: LNF, friområde, tenesteyting og Bruk og vern av sjø og vassdrag

Framlegg til nytt arealføremål: Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur og kombinert føremål tenesteyting/næring.

Storleik (daa): omtrent 19 daa

Områdeskildring:



Området ligg heilt vest på Klokkarneset. Området her er avsett til friområde ned mot sjø og tenesteyting lenger oppe. Området er open beitemark og overflatedyrka jord.

Det er ynskje om å etablera:

- 1) kaiområde for hurtigbåt til Bergen med kollektivterminal og parkering
- 2) endra arealføremål tenesteyting til kombinert føremål næring/tenesteyting
- 3) friluftsområde

Friluftsområde (3) ligg allereie i kommuneplanen sin arealdel som friområde og dette vert difor ikkje konsekvensutgreidd. For område 2) er det vurdert å endra føremål til LNF, sjå innspel 35.

| TEMA | | MERKNAD/VURDERING | KONSEKVENNS |
|---------|-------------------------------|---|--------------------------------------|
| MILJØ | Friluftsliv | 1) Området har store kvalitetar for friluftsliv og etablering av hurtigbåtkai vil vera svært negativt. 2) Området ligg inne som byggeområde og det vil ikkje ha noko verknad for friluftsliv. | 1) Stor negativ (--) 2) Ingen (0) |
| | Landskap | 1) Klokkarneset framstår som eit urørt kulturlandskap med store landskapskvalitetar. Etablering av ein hurtigbåtkai med tilhøyrande infrastruktur vil ha ein stor negativ konsekvens. 2) Allereie byggeområde og vil ikkje ha stor verknad forutsett at det vert lagt føringar for landskapstilpassing. | 1) Stor negativ (--) 2) Ingen (0) |
| | Naturmangfald | Det er ikkje registrert naturmangfald i det aktuelle området. Verknad vert vurdert til liten. | Ingen (0) |
| | Forureining | Ikkje aktuelt | Ingen (0) |
| | Landbruk | Ikkje aktuelt | Ingen (0) |
| SAMFUNN | Bærekraftig samfunnsutvikling | 1) Etablering av hurtigbåtkai og infrastruktur vil bidra til eit tettare samband til eit stort arbeidsmarked, noko som vil vera ein stor kvalitet for samfunnsutviklinga lokalt og for kommunen. Nedbygging av friområde vil vera negativ i høve til at det vert irreversible inngrep i ein avgrensa arealtype som er viktig for bærekraftig samfunnsutvikling. Imidlertid vil samfunnsnyttan av ein hurtigbåtkai vega opp denne ulempen. Konsekvensen vert difor vurdert som positiv. 2) Mulighet for næringsutvikling er viktig for å sikre arbeidsplassar og busetnad. Nær tilgong til arbeidsplassar vil vera viktig lokalt. samstundes må det vektast opp mot tilrettelagd infrastruktur og kvar i kommunen ein ynskjer lokalisering av næringsområde. Infrastrukturen til Hamre er dårleg og gjer det vanskeleg å etablere næring i dette området. I tillegg er det fleire større næringsområde som er meir sentralt lokalisert i kommunen og som bør byggast ut før det vert etablert nye næringsområde. Konsekvensen av næringsområde her vert imidlertid vurdert til å vera positivt. | 1) Postiv (+) 2) Positiv (+) |
| | Infrastruktur | Tilkomstveg til området er smal og har låg standard. Ein kollektiv terminal og hurtigbåtanløp vil føre til stor trafikkauke på denne vegstrekninga. Utan opprusting av veg vil dette medføre ein negativ konsekvens. | Negativ (-) |

| | | | |
|--|--------------|---|---------------------------------|
| | Folkehelse | 1) Tilgong til sjø er viktig for folkehelse. Området har store kvalitetar og konsekvensen vert vurdert til å vera svært negativ. 2) Området er avsett til byggjeområde, ingen verknad. | 1) Stor negativ 2) Ingen (0) |
| | Born og unge | 1) Tilgong til sjø er viktig for born og unge. Området har store kvalitetar og konsekvensen vert vurdert til å vera svært negativ. 2) Området er avsett til byggjeområde, ingen verknad. | 1) Stor negativ 2) Ingen (0) |
| | Kulturminne | Ingen registrerte kulturminner. | Ingen (0) |

ROS-ANALYSE

| Fareområde/tema. Skildring av uønska hending og konsekvens. | Utløysande årsak til hending. | Merknad/utfyllande opplysningar. |
|--|---|----------------------------------|
| 1. Auke i tal på trafikkulykker | Auke i tal på trafikk på smal og dårleg tilkomst fylkesveg Fv 365, særleg frå Valestrand. | 6.5, 6.1, 6.4 |
| 2. Havari/kollisjon med kai | Sterk vind og bølger. Menneskeleg og eller teknisk svikt. | 5.4, 5.2, 5.4 |

| | | Konsekvens | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
|---------|------------------|--------------|---|---|---|---|---|-------|---|---|---|---|---|--------------------|---|---|---|---|---|--|--|
| | | LIV OG HELSE | | | | | | MILJØ | | | | | | MATERIELLE VERDIAR | | | | | | | |
| | | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | | |
| Sannsyn | Særs sannsynleg | 6 | | | | | 1 | | 1 | | | | | | | | | | 1 | | |
| | Mykje sannsynleg | 5 | | | | | 2 | | 2 | | | | | | | | | 2 | | | |
| | Sannsynleg | 4 | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| | Noko sannsynleg | 3 | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| | Lite sannsynleg | 2 | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| | Usannsynleg | 1 | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |

Risikoreduserande tiltak. Trong for vidare vurderingar:

1. Ei utvikling av området kan ikkje skjje før det er gjort trafikkisikringstiltak langs fylkeskommunal veg.
2. Må handsamast i aktuelle regelverk.

SAMASTILLING OG TILRÅING:

Positive konsekvensar:

- 1) Har ein positiv effekt for berekraftig samfunnsutvikling i form av tilknytning til eit større arbeidsmarked og betre kommunikasjon
- 2) Område med mulighet for næringsutvikling gjer lokale arbeidsplassar

Negative konsekvensar:

- 1) Byggjer ned eit regionalt viktig friluftsområde og vil føre til store landskapsinngrep i eit kulturlandskap med stor landskapsverdi. Har i tillegg ein negativ konsekvens for born og unge og folkehelse generelt. Forutset store infrastrukturoppgraderingar.
- 2) Er i dag eit landskap med store verdiar. Arealet er ikkje utbygd og er landbruksareal som er drifta. Dårleg infrastruktur til og frå Hamre gjer at det ikkje bør etablerast næring her før ei vegutbetring har funne stad.

Konklusjon:

- 1) Det er viktig å få på plass muligheter for betre kommunikasjon til Bergen. Det er imidlertid så store negative konsekvensar med ei etablering av hurtigbåtkai og infrastruktur at fordelane ikkje veg opp dei negative konsekvensane. I tillegg bør det ved val av tiltak som er viktig for heile kommunen gjerast ei alternativ vurdering ut over enkeltinnspel. Tiltaket slik det ligg føre her vert ikkje tilrådd
- 2) Området ligg om tenesteyting i dag og er såleis vurdert som eit byggeområde. Det er imidlertid utfordringar med infrastruktur dersom det skal leggest næring på denne lokaliseringa. I tillegg bør etablerte næringsområde med god infrastruktur og som er meir sentralt lokalisert etablerast fyrst. På bakgrunn av dette vert tiltaket ikkje tilrådd.

35 LNF-område på Klokkarneset

STADNAMN: Klokkarneset - Hamre


GNR/BNR: 129/1, 58, 65

Noverande planstatus: Tenesteyting

Framlegg til nytt arealføremål: LNF og korrigering grense bustad-friområde

Storleik (daa): omtrent 26 daa

Områdeskildring:



Området ligg heilt vest på Klokkarneset. Området her avsett til tenesteyting. Det er ikkje etablert noko her i dag og det er heller ingen planar om dette i framtida. Området er nytta til landbruk og er open beitemark og overflatedyrka jord.

Det er komen innspel om å endra føremål til næring/tenesteyting (sjå innspel (nr. 28). Området er i dag nytta til landbruksføremål og er ein viktig del av landskapet rundt Klokkarneset. På bakgrunn av dette og gjeldande arealbruk bør området avsetjast til LNF-område.

Det ligg i dag ein gjeldande reguleringsplan med bustadar der friområde er trekt heilt opp til eksisterande bustadar. Det er ynskje om å korrigera denne linja slik at eksisterande bustadtomt ikkje ligg i friområde.

| | TEMA | MERKNAD/VURDERING | KONSEKVENNS |
|-------|---------------|---|------------------|
| MILJØ | Friluftsliv | Området er landbruksområde og er ikkje nytta til friluftsliv. Areal som ligg som bustadtomt er i dag ein del av privat hage og det er ikkje fri ferdsel etter friluftslova her. | Ingen (0) |
| | Landskap | Arealendringa vilsikre landskapet som eit viktig landskapselement i tilknytning til Klokkarneset | Stor positiv (+) |
| | Naturmangfald | Det er ikkje registrert naturmangfald i det aktuelle området. Verknad vert vurdert til liten. | Ingen (0) |

| | | | |
|---------|-------------------------------|--|---------------------------------|
| | Forureining | Ikkje aktuelt | Ingen (0) |
| | Landbruk | Stor positiv effekt å sikre område med dyrka mark og innmarksbeite. | Stor positiv (++) |
| SAMFUNN | Bærekraftig samfunnsutvikling | Etablering av område for LNF endrar muligheten for å kunne etablere tenesteyting og arbeidsplassar her. Arbeidsplassar er viktig for samfunnsutviklinga i mindre bygder slik området ved Hamre er. Å ta ut område som potensielt kan nyttast til verdiskaping kan vera negativt. Det er imidlertid ikkje planar om etablering av verksemd i dette området. Samstundes er det viktig å sikre landbruksområde slik at ein kan ha ei aktiv næring og sikre matproduksjon. Landbruksareal er ikkje lett å erstatte medan areal til næringsutvikling kan etablerast andre stader. Ein vurderer difor endringa i høve til bærekraftig samfunnsutvikling til å vera positiv samla sett. | Postiv (+) |
| | Infrastruktur | Lik dagens status, ingen verknad. | Ingen (0) |
| | Folkehelse | Ingen verknad. | Ingen (0) |
| | Born og unge | Ingen verknad. | 1) Stor negativ 2) Ingen (0) |
| | Kulturminne | Ingen registrerte kulturminner. | Ingen (0) |

ROS-ANALYSE

Ingen endring i risiko for uønska hendingar.

SAMASTILLING OG TILRÅING:

Positive konsekvensar:

Tek vare på eksisterande landbruksareal og sikrar kulturlandskapet.

Negative konsekvensar:

Fjernar areal som kan gje arbeidsplassar og verdiskaping.

Konklusjon:

Det er viktig å ha tilgjengeleg areal for verdiskaping og arbeidsplassar. Det er imidlertid ikkje konkrete planar om etablering i dette området. Området sin verdi for landbruk og som eit viktig landskapselement er stor og det bør difor leggst som landbruksområde. Tiltaket er tilrådd.

36 Naustområde Drageneset

STADNAMN: Drageneset - Eikeland


GNR/BNR: 131/2

Noverande planstatus: LNF og Bruk og vern av sjø og vassdrag og Akvakultur

Framlegg til nytt arealføremål: Naust

Storleik (daa): omtrent 2,5 daa

Områdeskildring:



Området ligg vestvendt i helinga ned mot fjorden. Det står eit naust i området i dag. Området er skogkledd. Det er ikkje etablert veg eller anna tilkomst.

Det er ynskje om naustområde for fire av bruka på Eikeland.

| TEMA | | MERKNAD/VURDERING | KONSEKVENNS |
|-------|-------------|--|-------------------|
| MILJØ | Friluftsliv | Området har liten verdi for friluftsliv i dag grunna vanskeleg tilgjenge på grunn av helningsgrad og vegetasjon. Liten til ingen verknad. | Ingen (0) |
| | Landskap | Etablering av tilkomstveg og naustområde vil krevja store landskapsinngrep i eit området med bratt topografi og ingen inngrep i dag. Dette vil gje ein | Stor negativ (--) |

| | | | |
|---------|-------------------------------|--|-------------|
| | | svært negativ landskapseffekt. | |
| | Naturmangfald | Det er ikkje registrert naturmangfald i det aktuelle området. Verknad vert vurdert til liten. | Ingen (0) |
| | Forureining | Ikkje aktuelt | Ingen (0) |
| | Landbruk | Ikkje aktuelt | Ingen (0) |
| SAMFUNN | Bærekraftig samfunnsutvikling | Etablering av naust i område utan infrastruktur og som vil krevja store landskapsinngrep bidreg i liten grad til ei bærekraftig samfunnsutvikling. Arealendringar som vil medføra større landskapsinngrep vil er ikkje bærekraftig i eit langsiktig samfunnsperspektiv. Verknaden vert vurdert til å vera negativ. | Negativ (-) |
| | Infrastruktur | Nytt vegkryss til fylkesvegen. Låg trafikk og vert difor vurdert til å ha liten verknad. | Ingen (0) |
| | Folkehelse | Etablering av eit fåtal naust her har liten til ingen effekt på folkehelse. | Ingen (0) |
| | Born og unge | Ingen verknad. | Ingen (0) |
| | Kulturminne | Eit SEFRAK-registrert naust i området. Eit utvida naustområde har liten innverknad på dette. | Ingen (0) |

ROS-ANALYSE

| Fareområde/tema. Skildring av uønska hending og konsekvens. | Utløysande årsak til hending. | Merknad/utfyllande opplysningar. |
|--|-------------------------------|---|
| 1. Brann i naust | | Ikkje slokkevatn eller tilkomst for slokkeknatr. 5.1, 5.1, 5.4 |
| 2. Skade pga sterkt vind og bølger | Sterk vind og bølger/stormflo | Svært eksponert 6.1, 6.1, 6.4 |
| 3. Utløpssone snøskred | Stor nedbørsmengde | Ingen kjende hendingar, ingen |

| | | |
|--|--|-------------------------------|
| | | spor i terreng. 2.2, 2.1, 2.4 |
| | | |

| | | Konsekvens | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
|---------|------------------|--------------|---|---|---|---|---|-------|---|---|---|---|---|--------------------|---|---|---|---|---|--|--|--|---|--|--|--|--|--|
| | | LIV OG HELSE | | | | | | MILJØ | | | | | | MATERIELLE VERDIAR | | | | | | | | | | | | | | |
| | | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | | | | | | | | | |
| Sannsyn | Særs sannsynleg | 6 | 2 | | | | | | | 2 | | | | | | | | | | | | | 2 | | | | | |
| | Mykje sannsynleg | 5 | 1 | | | | | | | 1 | | | | | | | | | | | | | 1 | | | | | |
| | Sannsynleg | 4 | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| | Noko sannsynleg | 3 | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| | Lite sannsynleg | 2 | | 3 | | | | | | 3 | | | | | | | | | | | | | 3 | | | | | |
| | Usannsynleg | 1 | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |

Risikoreduserande tiltak. Trong for vidare vurderingar:

1. Må etablerast tilgong til slokkevatn.
2. Må setjast krav i reguleringsplan.
3. Skredvurdering i reguleringsplanprosess.

SAMASTILLING OG TILRÅING:

Positive konsekvensar:

Tiltaket har ein positiv effekt for eigar av naust.


Negative konsekvensar:

Store landskapsinngrep med framføring av veg og etablering av naust i ormådet utan større inngrep i dag.

Konklusjon:

Nye tiltak må etablerst på ein stad der det i liten grad medfører større landskapsinngrep eller i område der det allereie eksisterar inngrep. Tiltaket vert ikkje tilrådd.

Valestrand



37 Friluftsområde Reigstad

STADNAMN: Drageneset - Eikeland

GNR/BNR: 145/6, 36 og 44

Noverande planstatus: LNF og Bruk og vern av sjø og vassdrag og Akvakultur


Framlegg til nytt arealføremål: Friluftsområde

Storleik (daa): omtrent 8 daa

Områdeskildring:

Området ligg vestvendt i helninga ned mot fjorden på Reigstad. Det er 2 naust i området. Området er delvis skogkledd og grensar inn til landbruksareal i bakkant.

Det er ynskje om å setje av området til friluftsområde.



| | TEMA | MERKNAD/VURDERING | KONSEKVENNS |
|---------|-------------------------------|---|-------------------|
| MILJØ | Friluftsliv | Stor positiv konsekvens. | Stor positiv (++) |
| | Landskap | Ingen verknad. | Ingen (0) |
| | Naturmangfald | Det er ikkje registrert naturmangfald i det aktuelle området. Verknad vert vurdert til liten. | Ingen (0) |
| | Forureining | Ikkje aktuelt | Ingen (0) |
| | Landbruk | Ikkje aktuelt | Ingen (0) |
| SAMFUNN | Bærekraftig samfunnsutvikling | Stor positiv konsekvens for samfunnsutviklinga å avsette friluftsområde. | Stor positiv (++) |
| | Infrastruktur | Ingen verknad. | Ingen (0) |
| | Folkehelse | Stor positiv effekt for folkehelse å avsette areal til sjø. | Stor positiv (++) |

| | | |
|--------------|--|-------------------|
| Born og unge | Stor positiv effekt for born og unge å setje av areal til sjø. | Stor positiv (++) |
| Kulturminne | Ligg SEFRAK-registrert naust i nnanfor arealet. Endring til friluftslivsområde vil ikkje ha noko verknad på kulturminne her. | Ingen (0) |

ROS-ANALYSE

| Fareområde/tema. Skildring av uønska hending og konsekvens. | Utløysande årsak til hending. | Merknad/utfyllande opplysningar. |
|---|--|--|
| 1. Drukningssulykke | Ifm med bading eller ferdsel langs sjø | Stor konsekvens grunna manglande tilkomst med bil. 4.5, 4.1, 4.1 |

| | | Konsekvens | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
|---------|------------------|--------------|-------|--------|--------|--------|--------|-------|-------|--------|--------|--------|--------|--------------------|-------|--------|--------|--------|--------|-----|
| | | LIV OG HELSE | | | | | | MILJØ | | | | | | MATERIELLE VERDIAR | | | | | | |
| | | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | |
| Sannsyn | Særs sannsynleg | 6 | Green | Yellow | Red | Red | Red | Red | Green | Yellow | Red | Red | Red | Red | Green | Red | Red | Red | Red | Red |
| | Mykje sannsynleg | 5 | Green | Yellow | Red | Red | Red | Red | Green | Yellow | Red | Red | Red | Red | Green | Yellow | Yellow | Red | Red | Red |
| | Sannsynleg | 4 | Green | Green | Yellow | Red | 1 | Red | 1 | Green | Yellow | Red | Red | Red | 1 | Green | Yellow | Red | Red | Red |
| | Noko sannsynleg | 3 | Green | Green | Yellow | Red | Red | Red | Green | Green | Yellow | Yellow | Red | Red | Green | Green | Yellow | Yellow | Red | Red |
| | Lite sannsynleg | 2 | Green | Green | Green | Yellow | Red | Red | Green | Green | Yellow | Yellow | Yellow | Red | Green | Green | Yellow | Yellow | Yellow | Red |
| | Usannsynleg | 1 | Green | Green | Green | Yellow | Yellow | Red | Green | Green | Green | Yellow | Yellow | Yellow | Green | Green | Green | Green | Green | Red |

Risikoreduserande tiltak. Trong for vidare vurderingar:

1. Må vurderast om det er tiltak som kan gjennomførast for å minske risiko.

SAMASTILLING OG TILRÅING:

Etablering av friluftsområde har ein stor positiv effekt for friluftsliv, samfunnsutvikling og generelt for folkehelse. Tiltaket vert tilrådd.

Haus



38 Småbåthamn Haus

STADNAMN: Haus

GNR/BNR: 62/1


Noverande planstatus: På land ligg areala som offentleg føremål, friområde og i sjø ligg arealet som bruk og vern av sjø og vassdrag.

Framlegg til nytt arealføremål: Småbåthamn

Storleik (daa): 7 daa

Områdeskildring: Området ligg ved Haus sentrum. Det er komen inn innspel om båthamn på område A, der det tidlegare er gjeve dispensasjon til lokalisering av flytebrygge. Innspelet kjem frå Haus båtlag som òg ynskjer å disponera eit mindre areal på land til naust som lagringsplass for utstyr.

Det ligg eit areal i gjeldande reguleringsplan. Dette vert vurdert teken inn og er vist som område B.



| | TEMA | MERKNAD/VURDERING | KONSEKVENNS |
|---------|-------------------------------|---|----------------------------------|
| MILJØ | Friluftsliv | Område A er på land er avsett til park og badeplass. I utgangspunktet er det negativt å ha ei småbåthamn lokalisert på denne typen areal gjennom at den legg beslag på areal og avgrensar bruken av dette til bruk knytt til småbåthamn. Verknaden er vurdert til å vera negativ. Område B har få friluftskvalitetar og verknaden er vurdert til å vera liten. | A) Negativ (-) B) Ingen (0) |
| | Landskap | Området A og B ligg opp til eit bebygd område nærre Haus sentrum, noko som gjer at landskapsverknaden av ei småbåthamn vert liten. | A og B) Ingen (0) |
| | Naturmangfald | Det er ikkje registrert noko naturmangfald i området. Mjeldvågen og utløpet av tidevasstraumen er merka som viktig område for Vipe. Lokalisering av småbåthamn vil ikkje ha noko konsekvens. | A og B) Ingen (0) |
| | Forureining | Det er ikkje registrert noko forureining i området. | A og B) Ingen (0) |
| | Landbruk | Ikkje aktuelt | A og B) Ingen (0) |
| SAMFUNN | Bærekraftig samfunnsutvikling | Småbåthamn lokalisert i nærleiken av der folk bur gjer mindre transport for å kome seg ut i båt. Derfor er det viktig å ha småbåthamner i dei ulike bygdene, og dette er ein positiv konsekvens for samfunnsutvikling. | Positiv (+) |
| | Infrastruktur | Parkering og avkjørsle til område A skjer på eksisterande areal. Ingen verknad. Område B har ingen eksisterande område for parkering eller avkjørsel. Etablering av dette er utfordrande i eit område som er prega av liten plass og trong vegbane. Verknaden er vurdert til å vera negativ. | A) Ingen (0) B) Negativ (-) |
| | Folkehelse | Gode friluftsområde er viktig for folkehelse, og det er viktig at desse områda er av ein viss størrelse. Ei småbåthamn kan og vera viktig for folkehelse ved at det vert eit tilbod om å tilgang til sjø gjennom båt plass. Imidlertid så er friluftareal på land eit lågterskeltilbod, noko som er viktig for folkehelsa. At småbåthamna tek av friarealet på område A må difor vurderast som ein negativ konsekvens for folkehelsa. Område B vil ha ein positiv effekt ved at det vert tilrettelagd for båt plassar og ikkje legg beslag på areal som har verdi som friluftareal. | A) Negativ (-) B) Positiv (+) |

| | | |
|--------------|---|--------------------------------|
| Born og unge | Tilgang til friluftsareal er viktig for born og unge, i større grad enn tilgang til båt plass. Lokaliseringa av småbåthamn på område A vil difor føre til mindre tilgjengelig friområde og konsekvensen for dette er negativ. | A) Negativ (-) B) Ingen (+) |
| Kulturminne | Småbåtanlegget ligg i nærleiken til Haus kyrkje, som er eit verdifullt kulturminne. Småbåthamn vert liggande skjerma av terreng mot nord og har liten effekt på landskapet rundt Haus kyrkje. Konsekvensen vert difor rekna som liten for A og B. | A og B) Ingen (0) |

ROS-ANALYSE

| Fareområde/tema. Skildring av uønska hending og konsekvens. | Utløysande årsak til hending. | Merknad/utfyllande opplysningar. |
|---|---------------------------------|--|
| 1. Brann | Menneskeleg eller teknisk svikt | Tilgang til slökkematr. Ikkje vekta. |
| 2. Skade grunna vind og bølger | Sterkt vind og bølger | Tiltaket er oppført. Ligg bølgedempar som avbøtande tiltak. |
| 3. Ulykke på personar som badar pga konflikt med aktivitet i småbåthamn | | Uheldig samlokalisering. Privat båttrafikk saman med badeaktivitet. 6.5,6.1, 6.1 |
| 4. | | |

| | | Konsekvens | | | | | | | | | | | | | | | | | |
|---------|------------------|--------------|---|---|---|---|---|-------|---|---|---|---|---|--------------------|---|---|---|---|---|
| | | LIV OG HELSE | | | | | | MILJØ | | | | | | MATERIELLE VERDIAR | | | | | |
| | | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 |
| Sannsyn | Særs sannsynleg | 6 | | | | | 3 | 3 | | | | | | 3 | | | | | |
| | Mykje sannsynleg | 5 | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| | Sannsynleg | 4 | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| | Noko sannsynleg | 3 | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| | Lite sannsynleg | 2 | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| | Usannsynleg | 1 | | | | | | | | | | | | | | | | | |

Risikoreducerande tiltak. Trong for vidare vurderingar:

3. Tiltaket er oppført. Må vurderast om det skal etablerast tydeleg skilje mellom båtsone og badeområde.

SAMASTILLING OG TILRÅING:

Område A

Positive konsekvensar:

- Tilgjengelege småbåtanlegg i nærleiken av bustadområde er positivt fordi det sikrar mange enkelt tilgang utan for store transportavstander.

Negative konsekvensar:

- Delar av friområde vert mindre attraktivt som rekreasjonsområde
- Negativt for folkehelse at det vert mindre tilgjengeleg grøntareal
- Mindre område som er egna for rekreasjon for born og unge

Område B

Positive konsekvensar:

- Tilgjengelege småbåtanlegg i nærleiken av bustadområde er positivt fordi det sikrar mange enkel tilgong til småbåtplassar.
- Positivt for folkehelse.

Negative konsekvensar:

- Manglande infrastruktur og krevjande å finne gode løysingar for parkering og kryss til fylkesveg.

Konklusjon:

Det er positivt å ha tilgang på småbåtplassar i dei enkelte bygdene i kommunen. Desse bør imidlertid leggst slik at dei ikkje legg beslag på viktige friareal i strandsona. Småbåthamn i område A slik den ligg har større ulemper i form av negativ verknad på friområde enn fordelane med tilgjengelege båtplassar.

Småbåthamn i område B ligg i gjeldande reguleringsplan. Det er imidlertid negativt at det ikkje er eksisterande parkeringsplass eller kryssløysing.

Samla sett er småbåthamn i område A ikkje tilrådd. Småbåthamn i område B er ikkje ein god lokalitet men det vert vurdert at det i Haus er denne lokaliteten som bør vurderast vidare som ei småbåthamn.

39 Friluftsområde Nedre Vikne

STADNAMN: Nedre Vikne

GNR/BNR: 64/19

Noverande planstatus: Er regulert til friluftsområde i gjeldande reguleringsplan (Nedre Vikne)

Framlegg til nytt arealføremål: Friluftsområde

Storleik (daa): 1,5 daa

Områdeskildring: Området ligg mellom regulert bustadområde og sjøen. Dette området er svært bratt og skogkledd. Det er ikkje eit område som i dag er tilgjengeleg. Det er eit ynskje om å kunne lage gangveg ned til sjø og gjera eit mindre område til gjengeleg som bade og friområde. Dette vil krevje noko terrenginngrep og tilrettelegging nærre sjø.



| TEMA | | MERKNAD/VURDERING | KONSEKVENNS |
|-------|-------------|--|-------------------|
| MILJØ | Friluftsliv | Området er regulert til friluftsliv men stor helning og vegetasjon gjer at området er tilnærma utilgjengeleg. Ei tilrettelegging med gangveg og muligheter for å kome seg ned til sjøen vil vera positivt for friluftsliv i dette området. | Stor positiv (++) |
| | Landskap | Bratt terreng gjer at etablering av gangveg og andre tiltak for å gjera området tilgjengeleg vil føre til landskapsinngrep som kan vera eksponert mot fjorden. Ein gangveg må i tillegg ha låg gradient og med det ta ein del areal på sidene. | Negativ (-) |

| | | | |
|----------------|-------------------------------|--|-------------------|
| | | Landskapet er i dag dominert av bustadområdet i bakkant som har til dels store støttemurar og utfyllinga for hustomtene, i tillegg til at nedlegging av avløpsledning til sjøen har medført landskapsinngrep. Sett i høve til dette vert konsekvensen for landskapet liten men må reknast som liten negativ. | |
| | Naturmangfald | Ingen registrerte funn i dette området. Vegetasjonen består av lauvskog i eit smalt belte ned mot sjøen. Konsekvensen er vurdert til å vera liten til ingen. | Ingen (0) |
| | Forureining | Ikkje aktuelt | Ingen (0) |
| | Landbruk | Ikkje aktuelt | Ingen (0) |
| SAMFUNN | Bærekraftig samfunnsutvikling | Denne delen av Sørfjorden har lite tilgang til sjø grunna svært bratt terreng. Tilgang til sjø for ålmenta er viktig gode som kan føre til betre bukvalitet og er eit ynskje frå kommunen. Auka tilgang til sjø må rekna som ein positiv effekt. | Positiv (+) |
| | Infrastruktur | Ingen verknad. | Ingen (0) |
| | Folkehelse | Enkelt og tilrettelagd tilgang til sjø gjer eit større gruppe av innbyggjarane muligheten til å kome seg til sjø, og er positivt for folkehelsa. | Stor positiv (++) |
| | Born og unge | Mulighet til å kome til sjø må reknast som ein stor positiv konsekvens. | Stor positiv (++) |
| | Kulturminne | Ikkje aktuelt | Ingen (0) |

ROS-ANALYSE

| Fareområde/tema. Skildring av uønska hending og konsekvens. | Utløysande årsak til hending. | Merknad/utfyllande opplysningar. |
|--|-------------------------------|----------------------------------|
| 1. Steinskred | Store nedbørmengder | Er gjennomført skredvurdering |

| | | |
|---------------------|--|--|
| | | og avbøtande tiltak i samband med bygging av bustadfelt Nedre Vikne. |
| 2. Drukningssulykke | | Svært bratt. 5.5, 5.1, 5.1 |

| | | Konsekvens | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
|---------|------------------|--------------|---|---|---|---|---|-------|---|---|---|---|---|--------------------|---|---|---|---|---|---|
| | | LIV OG HELSE | | | | | | MILJØ | | | | | | MATERIELLE VERDIAR | | | | | | |
| | | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | |
| Sannsyn | Særs sannsynleg | 6 | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ |
| | Mykje sannsynleg | 5 | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ |
| | Sannsynleg | 4 | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ |
| | Noko sannsynleg | 3 | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ |
| | Lite sannsynleg | 2 | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ |
| | Usannsynleg | 1 | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ |

Risikoreducerande tiltak. Trong for vidare vurderingar:

2. I byggjesak må det visast korleis området har blitt sikra.

SAMASTILLING OG TILRÅING:

Positive konsekvensar:

- Tilgang til sjø i område av sett til friluftsområde
- Ønska samfunnsutvikling med allmenn tilgong til sjø
- Positivt folkehelseiltak
- Gjer born og unge mulighet til å kome til sjø i nærleiken av bustadfelt

Negative konsekvensar:

- Bratt terreng kan føre til eksponerte inngrep i terrenget.

Konklusjon:

Tiltaket har ei overvekt av fordelar og støttar opp om målsetinga i kommunen om å sikre tilgong til sjø for ålmenta.

Skaftå - Bruvik



40 Næringsområde Skaftå

STADNAMN: Skaftå


GNR/BNR: 149/8, 149/52

Noverande planstatus: LNF

Framlegg til nytt arealføremål: Næring

Storleik (daa): 1,9 daa

Områdeskildring: Området er eksisterande næringsareal tilknytt akvakultur. Det er i frå kommunen si side ynskje om å regulera arealbruken i tråd med bruken som er på arealet i dag.



| TEMA | | MERKNAD/VURDERING | KONSEKVENNS |
|---------|-------------------------------|---|-------------|
| MILJØ | Friluftsliv | Har ingen verdi for friluftsliv. | Ingen (0) |
| | Landskap | Liten og ingen landskapsverdi. | Ingen (0) |
| | Naturmangfald | Det er ikkje registrert noko naturmangfald i området. | Ingen (0) |
| | Forureining | Det er ikkje registrert noko forureining i området. | Ingen (0) |
| | Landbruk | Ikkje relevant. | Ingen (0) |
| SAMFUNN | Bærekraftig samfunnsutvikling | Enklare å drive verdiskaping på eit areal som har korrekt arealkategori, legg til rette for verdiskaping. | Positiv (+) |

| | | | |
|--|---------------|---|-------------|
| | Infrastruktur | Ingen verknad. | Ingen (0) |
| | Folkehelse | Liten til ingen effekt. | Ingen (0) |
| | Born og unge | Liten til ingen verknad. | Ingen (0) |
| | Kulturminne | Ligg attmed restar av gruvedrift. Skal ha vore utskipingskai for gruvedrift. Endring av næringsområde må ivareta kulturminnene knytt til dette. Kan ha negativ verknad. | Negativ (-) |

ROS-ANALYSE

| Fareområde/tema. Skildring av uønska hending og konsekvens. | Utløysande årsak til hending. | Merknad/utfyllande opplysningar. |
|--|-------------------------------|--|
| 1. Utløpsområde flaum | | Må utførast vurdering ved nye tiltak. Ikkje vekta. |
| 2. Utløpsområde snø | | Må utførast ved nye tiltak. Ikkje vekta. |
| 3. Utslepp av forurensing | | Krav til reg plan. Ikkje har kunnskap om kva aktivitet, difor ikkje vekta. |
| 4. | | |

Risikoreducerande tiltak. Trong for vidare vurderingar:

1. Krav i reguleringsplan.
2. Krav i reguleringsplan.
3. Krav i reguleringsplan.

SAMASTILLING OG TILRÅING:

Arealendringa stadfestar gjaldande bruk og vert tilrådd. Forutsett føresegner som ivaretek kulturminne.

41 Bruvik kyrkjegard

STADNAMN: Bruvik


GNR/BNR: 152/8

Noverande planstatus: Sentrumsføre mål

Framlegg til nytt arealføre mål: Kombinerte føremål; grav og urnelund, tenesteyting og tilhøyrande infrastruktur. Omsynssone «Bevaringssone kulturmiljø».

Storleik (daa): 6 daa

Områdeskildring: Innspelet gjeld utviding av eksisterande kyrkjegard mot nord. Dette arealet er delvis gammalt jordbruksareal og delvis parkeringsplass. I tillegg vert eksisterande kyrkje vert sett til korrekt arealføre mål.



| | TEMA | MERKNAD/VURDERING | KONSEKVENNS |
|-------|---------------|---|-------------|
| MILJØ | Friluftsliv | Har liten og ingen verdi for friluftsliv. | Ingen (0) |
| | Landskap | Liten og ingen landskapsverdi. | Ingen (0) |
| | Naturmangfald | Det er ikkje registrert noko naturmangfald i området. | Ingen (0) |
| | Forureining | Det er ikkje registrert noko forureining i området. | Ingen (0) |

| | | | |
|----------------|-------------------------------|---|-------------------|
| | Landbruk | Delar av arealet er dyrkbart men er avmerka som bebygd i AR5. Ingen verknad. | Ingen (0) |
| SAMFUNN | Bærekraftig samfunnsutvikling | Ein kyrkjegard med tilstrekkeleg kapasitet er viktig for kommunen og for lokalsamfunnet. | Positiv (+) |
| | Infrastruktur | Ingen verknad. | Ingen (0) |
| | Folkehelse | Liten til ingen effekt. | Ingen (0) |
| | Born og unge | Liten til ingen verknad. | Ingen (0) |
| | Kulturminne | Bruvik kyrkje er eit viktig kulturminne. Stor positiv effekt å setje av området til korrekt føremål og leggje inn omsynssone. | Stor positiv (++) |

ROS-ANALYSE

Ingen risiko for uønska hendingar.

SAMASTILLING OG TILRÅING:

Det er trong for ein auka kapasitet på kyrkjegarden og tiltaket er positivt i eit samfunnsperspektiv. Tiltaket vert tilrådd.

42 Kyrkjekaien Bruvik

STADNAMN: Bruvik

GNR/BNR: 152/8

Noverande planstatus: Sentrumsføremål

Framlegg til nytt arealføremål: Friluftsområde. Omsynssone «Bevaring Kulturmiljø».

Storleik (daa): 1 daa

Områdeskildring: Området er naust, brygge og parkeringsplass for kyrkja i dag. Området mot sjø er tillaga som badeplass. Kommunen ynskjer difor å regulera dette i samsvar med bruken.



| | TEMA | MERKNAD/VURDERING | KONSEKVENNS |
|---------|-------------------------------|---|-------------------|
| MILJØ | Friluftsliv | Stor positiv konsekvens. | Stor positiv (++) |
| | Landskap | Ingen verknad. | Ingen (0) |
| | Naturmangfald | Det er ikkje registrert naturmangfald i det aktuelle området. Verknad vert vurdert til liten. | Ingen (0) |
| | Forureining | Ikkje aktuelt | Ingen (0) |
| | Landbruk | Ikkje aktuelt | Ingen (0) |
| SAMFUNN | Bærekraftig samfunnsutvikling | Stor positiv konsekvens for samfunnsutviklinga å avsette friluftsområde. | Stor positiv (++) |
| | Infrastruktur | Ingen verknad. | Ingen (0) |
| | Folkehelse | Stor positiv effekt for folkehelse å avsette areal til sjø. | Stor positiv (++) |

| | | |
|--------------|--|-------------------|
| Born og unge | Stor positiv effekt for born og unge å setje av areal til sjø. | Stor positiv (++) |
| Kulturminne | Kyrkjestaden med kai og naust er eit viktig kulturminne i Bruvik. Omgjering av området til friområde stadfestar bruk og har liten til ingen innverknad på området. Vert sett omsynssone «Bevaring kulturmiljø».. | Ingen (0) |

ROS-ANALYSE

| Fareområde/tema. Skildring av uønska hending og konsekvens. | Utløysande årsak til hending. | Merknad/utfyllande opplysningar. |
|--|--|----------------------------------|
| 1. Drukningssulykke | Mange personar nyttar tilrettelagd område gjennom store delar av året. | 5.5, 5.1, 5.1 |

| | | Konsekvens | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
|---------|------------------|--------------|-------|--------|--------|--------|--------|-------|-------|--------|--------|--------|--------|--------------------|--------|-------|--------|--------|--------|--------|-------|-----|
| | | LIV OG HELSE | | | | | | MILJØ | | | | | | MATERIELLE VERDIAR | | | | | | | | |
| | | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | | | |
| Sannsyn | Særs sannsynleg | 6 | Green | Yellow | Red | Red | Red | Red | Red | Green | Yellow | Red | Red | Red | Red | Red | Green | Red | Red | Red | Red | Red |
| | Mykje sannsynleg | 5 | Green | Yellow | Red | Red | 1 | Red | 1 | Yellow | Red | Red | Red | Red | Red | 1 | Yellow | Yellow | Red | Red | Red | |
| | Sannsynleg | 4 | Green | Green | Yellow | Red | Red | Red | Green | Green | Yellow | Red | Red | Red | Red | Green | Green | Yellow | Red | Red | Red | |
| | Noko sannsynleg | 3 | Green | Green | Yellow | Red | Red | Red | Green | Green | Yellow | Yellow | Red | Red | Red | Green | Green | Yellow | Yellow | Red | Red | |
| | Lite sannsynleg | 2 | Green | Green | Green | Yellow | Red | Red | Green | Green | Yellow | Yellow | Yellow | Red | Red | Green | Green | Yellow | Yellow | Yellow | Red | |
| | Usannsynleg | 1 | Green | Green | Green | Yellow | Yellow | Red | Green | Green | Green | Yellow | Yellow | Yellow | Yellow | Green | Green | Green | Green | Green | Green | Red |

Risikoreducerande tiltak. Trong for vidare vurderingar:

1. Må vurderer tiltak.

SAMASTILLING OG TILRÅING:

Arealendringa stadfestar gjaldande bruk og vert tilrådd.

43 Utviding småbåthamn Bruvik

STADNAMN: Hamnevika - Bruvik


GNR/BNR: 153/16

Noverande planstatus: LNF på land og Fiske i sjø

Framlegg til nytt arealføremål: Småbåthamn

Storleik (daa): 1 daa

Områdeskildring: Området er gjeldande småbåthamn men ligg som anna føremål i kommuneplanen. Kommunen ynskjer i tillegg å leggja til rette for ei mogleg utviding for å ha ledig kapasitet dersom det er trong for det.



| | TEMA | MERKNAD/VURDERING | KONSEKVENNS |
|-----------|-------------------------------|---|-------------|
| MILJØ | Friluftsliv | Området er i dag nytta til småbåthamn og har difor liten verknad for friluftsliv. | Ingen (0) |
| | Landskap | Utviding av eksisterande småbåthamn har liten verknad. | Ingen (0) |
| | Naturmangfald | Det er ikkje registrert naturmangfald i det aktuelle området. Verknad vert vurdert til liten. | Ingen (0) |
| | Forureining | Ikkje aktuelt | Ingen (0) |
| | Landbruk | Ikkje aktuelt | Ingen (0) |
| SAMF LJNN | Bærekraftig samfunnsutvikling | Det er ein positiv konsekvens at det vert lagt til rette for fleire småbåtplasser for lokalsamfunnet. | Positiv (+) |

| | | |
|---------------|---|-------------|
| Infrastruktur | Ingen verknad. | Ingen (0) |
| Folkehelse | Mulighet for fritidsbåt for å kome på sjøen er positivt for folkehelsa. | Positiv (+) |
| Born og unge | Ei småbåthamn kan vera eit positivt element for born og unge ved å opne mulighet til båtliv. | Positiv (+) |
| Kulturminne | Er registrert marine kulturminner. Utviding av småbåthamn kan ha ein negativ verknad på kulturminne. Må setjast føresegrer for å ivareta kulturminne. | Negativ (-) |

ROS-ANALYSE

| Fareområde/tema. Skildring av uønska hending og konsekvens. | Utløysande årsak til hending. | Merknad/utfyllande opplysningar. |
|--|-------------------------------|----------------------------------|
| 1. Drukningssulykke | | 4.5, 4.1, 4.1 |

| | | Konsekvens | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
|---------|------------------|--------------|-------|--------|--------|--------|--------|-------|-------|--------|--------|--------|--------|--------------------|-------|--------|--------|--------|--------|-----|
| | | LIV OG HELSE | | | | | | MILJØ | | | | | | MATERIELLE VERDIAR | | | | | | |
| | | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | |
| Sannsyn | Særs sannsynleg | 6 | Green | Yellow | Red | Red | Red | Red | Green | Yellow | Red | Red | Red | Red | Green | Red | Red | Red | Red | Red |
| | Mykje sannsynleg | 5 | Green | Yellow | Red | Red | Red | Red | Green | Yellow | Red | Red | Red | Red | Green | Yellow | Yellow | Red | Red | Red |
| | Sannsynleg | 4 | Green | Green | Yellow | Red | 1 | Red | 1 | Green | Yellow | Red | Red | Red | 1 | Green | Yellow | Red | Red | Red |
| | Noko sannsynleg | 3 | Green | Green | Yellow | Red | Red | Red | Green | Green | Yellow | Yellow | Red | Red | Green | Green | Yellow | Yellow | Red | Red |
| | Lite sannsynleg | 2 | Green | Green | Green | Yellow | Red | Red | Green | Green | Yellow | Yellow | Yellow | Red | Green | Green | Yellow | Yellow | Yellow | Red |
| | Usannsynleg | 1 | Green | Green | Green | Yellow | Yellow | Red | Green | Green | Green | Yellow | Yellow | Yellow | Green | Green | Green | Green | Green | Red |

Risikoreduserande tiltak. Trong for vidare vurderingar:

1. Må vurderer tiltak som stenging av landgang for å hindre ferdsel av personar som ikkje er tilknytt båthamna.

SAMASTILLING OG TILRÅING:

Positive konsekvensar:

Positivt med fleire tilgjengelege småbåtplassar.

Negative konsekvensar:

Kan føre til skade på marine kulturminner.

Konklusjon:

Arealendringa stadfestar gjeldande bruk med mulighet for utviding og vert tilrådd. Det må setjast krav i føresegnene som ivaretek marine kulturminner.

44 Tenesteyting Ulsnesøy

STADNAMN: Ulsnesøy - Bruvik

GNR/BNR: 152/4

Noverande planstatus: LNF

Framlegg til nytt arealføremål: Tenesteyting

Storleik (daa): 1 daa

Områdeskildring: Området er eksisterande kai og molo på Ulsnesøy. Området er i dag drifta som ein del av Bergen fengsel. Området for kaianlegg og molo med meir ligg i dag som LNF. All transport av folk og varer skjer gjennom båttransport. Det er difor ikkje hensiktsmessig at eksisterande kaianlegg ligg som LNF. Det vert difor endra til same føremål som resterande del av bygningsmassen.



| TEMA | | MERKNAD/VURDERING | KONSEKVENNS |
|--------------|-------------------------------|---|-------------|
| MILJØ | Friluftsliv | Er eksisterande hamneområde i dag. Ingen verknad. | Ingen (0) |
| | Landskap | Er eksisterande hamneområde i dag. Ingen verknad. | Ingen (0) |
| | Naturmangfald | Det er ikkje registrert naturmangfald i det aktuelle området. Verknad vert vurdert til liten. | Ingen (0) |
| | Forureining | Ikkje aktuelt | Ingen (0) |
| | Landbruk | Ikkje aktuelt | Ingen (0) |
| SAMF LJNN | Bærekraftig samfunnsutvikling | Er eksisterande hamneområde i dag. Ingen verknad. | Ingen (0) |

| | | | |
|--|---------------|---|-----------|
| | Infrastruktur | Er eksisterande hamneområde i dag. Ingen verknad. | Ingen (0) |
| | Folkehelse | Er eksisterande hamneområde i dag. Ingen verknad. | Ingen (0) |
| | Born og unge | Er eksisterande hamneområde i dag. Ingen verknad. | Ingen (0) |
| | Kulturminne | Er eksisterande hamneområde i dag. Ingen verknad. | Ingen (0) |


ROS-ANALYSE

Ingen endring i risiko for uønska hendingar,

SAMASTILLING OG TILRÅING:

Arealendringa stadfestar gjeldande bruk og vert tilrådd.

Akvakultur



45 Utviding akvakultur Tepstad

STADNAMN: Tepstad


GNR/BNR:

Noverande planstatus: Akvakultur og Bruk og vern av sjø og vassdrag

Framlegg til nytt arealføremål: Akvakultur

Storleik (daa): omtrent 1000 daa

Områdeskildring:



Eksisterande oppdrettsanlegg på Tepstad er i dag stålramme anlegg. Det er eit ynskje om å ta produksjonen på Angelskår og flytte ut til Tepstad, og erstatte stålrammeanlegget med plastringar med diameter på 50 m. Dette for å sikre større areal for fisk og betre vassirkulasjon. I tillegg vil ikkje punktbelastning under anlegget verta konsentrert på eit mindre område når det gjeld utslepp av organiske forbindelsar.

| | TEMA | MERKNAD/VURDERING | KONSEKVENNS |
|---------|-------------------------------|--|-------------|
| MILJØ | Friluftsliv | Fjorden er viktig for friluftsliv i båt og for fritidsfiske. Eit stort oppdrettsanlegg vil leggja beslag på store areal der det ikkje kan drivast fritidsfiske eller ferdsel med båt. Fjorden har store areal men det at det vert mindre areal tilgjengeleg har ein negativ effekt. | Negativ (-) |
| | Landskap | Vasspegelen som fjorden utgjør er eit viktig landskapelement. Ei større oppdrettsanlegg som vert lokalisert lenger ute i fjorden vil ha ein negativ effekt på landskapsopplevinga gjennom at det bryt den samanhengande vassflata. | Negativ (-) |
| | Naturmangfald | Det er ikkje registrert naturmangfald i det aktuelle området. I tilgrensande område mot nord er det på land registrert rik edellauvskog og liten ramslaukfluge. Antatt ingen verknad. Miljøundersøkingar under anlegga syner at naturmangfaldet er lite påverka og har tilstandsklasse «God». Fjernsone er syner heller ingen stor negativ effekt på naturmangfald. Eit større areal vil sannsynlegvis ikkje ha noko negativ verknad lokalt for naturmangfald. Verknad generelt på vill laksefisk er diskutert i overordna konsekvensutgreiing, sjå planskildring. | Ingen (0) |
| | Forureining | Det er registrert ureining i samband med miljøundersøking av anlegget, mellom anna forrestar, fekalier, lukt og gassbobling. Eit større anlegg vil sikre betre gjennomstrøyming av vatn og opphoping av uønska stoff vil verta mindre. Det vil difor vera mindre sannsynleg at det kan oppstå forureining med planlagde anlegg på denne lokaliteten. | Negativ (-) |
| | Landbruk | Ikkje aktuelt | Ingen (0) |
| SAMFUNN | Bærekraftig samfunnsutvikling | Akvakultur bidreg til verdiskaping gjennom arbeidsplassar og matproduksjon. Dette er viktig for ei bærekraftig samfunnsutvikling. Lokalisering av større anlegg på desse lokaliteten er positiv. | Positiv (+) |

| | | | |
|--|---------------|---------------------------------|-----------|
| | Infrastruktur | Ingen verknad. | Ingen (0) |
| | Folkehelse | Ingen verknad. | Ingen (0) |
| | Born og unge | Ingen verknad. | Ingen (0) |
| | Kulturminne | Ingen registrerte kulturminner. | Ingen (0) |

ROS-ANALYSE

| Fareområde/tema. Skildring av uønska hending og konsekvens. | Utløysande årsak til hending. | Merknad/utfyllande opplysningar. |
|--|---------------------------------|---|
| 1. Havari av anlegg og rømning av fisk. | Sterk vind, ulykke med båt o.l. | Dimensjonering av anlegget og tekniske krav er underlagt akvakulturlova. Difor ikkej vekta. |

SAMASTILLING OG TILRÅING:

Positive konsekvensar:

- verdiskaping gjennom arbeidsplassar og matproduksjon

Negative konsekvensar:

- Vil leggja beslag på areal i fjorden som er viktig for fritidsbåt og fritidsfisk
- Markert landskapseffekt av eit enda større anlegg i fjorden

Konklusjon:

Akvakultur produserar mat med lågt CO2 avtrykk, og det er viktig i høve til ei berekraftig samfunnsutvikling. Den negative effekten ved forureining skal handsamast gjennom forureiningslova. Større anlegg kan bidra til mindre punktutslipp og betre tilstand. For å sikre at det skal vera mogleg å ferdast med båt og fiske frå land så er anlegget føreslått flytta omtrent 300 m ut frå land. Tiltaket er tilrådd.

46 Utviding akvakultur Angelskår

STADNAMN: Angelskår


GNR/BNR:

Noverande planstatus: Akvakultur og Bruk og vern av sjø og vassdrag

Framlegg til nytt arealføremål: Akvakultur

Storleik (daa): omtrent 1000 daa

Områdeskildring:



Det ligg eksisterande akvakulturanlegg utanfor Angelskår. Det er eit ynskje å ta produksjonen på Kvamme og flytte denne til Angelskår. Dette anlegget er eit stålramme anlegg. Det er ynskje om erstatte stålrammeanlegget med frittliggande ringar. Dette for å sikre større areal for fisk og betre vassirkulasjon. i tillegg vil ikkje punktbelastning under anlegget verta konsentrert på eit mindre område.

| | TEMA | MERKNAD/VURDERING | KONSEKVENNS |
|---------|-------------------------------|---|-------------------|
| MILJØ | Friluftsliv | Fjorden er viktig for friluftsliv i båt og for fritidsfiske. Eit stort oppdrettsanlegg vil leggja beslag på store areal der det ikkje kan drivast fritidsfiske eller ferdsel med båt. Fjorden har store areal men det at det vert mindre areal tilgjengeleg har ein negativ effekt. | Negativ (-) |
| | Landskap | Vasspegelen som fjorden utgjer er eit viktig landskapselement. Ei større oppdrettsanlegg vil ha ein negativ effekt på landskapsopplevinga. | Negativ (-) |
| | Naturmangfald | Det er ikkje registrert naturmangfald i det aktuelle området. I tilgrensande område mot nord er det på land registrert rik edellauskog og liten ramslaukfluge. Antatt ingen verknad. Miljøundersøkingar under anlegga syner at naturmangfaldet er lite påverka og har tilstandsklasse «God». Fjernsone er syner heller ingen stor negativ effekt på naturmangfald. Eit større areal vil sannsynlegvis ikkje ha noko negativ verknad lokalt for naturmangfald. Verknad generelt på vill laksefisk er diskutert i overordna konsekvensutgreiing, sjå planskildring. | Ingen (0) |
| | Forureining | Det er registrert ureining i samband med miljøundersøking av anlegget, mellom anna forrestar, fekalier, lukt og gassbobling. Eit større anlegg vil sikre betre gjennomstrøyming av vatn og opphoping av uønska stoff vil verta mindre. Det vil difor vera mindre sannsynleg at det kan oppstå forureining med planlagde anlegg på denne lokaliteten. | Negativ (-) |
| | Landbruk | Ikkje aktuelt | Ingen (0) |
| SAMFUNN | Bærekraftig samfunnsutvikling | Akvakultur bidreg til verdiskaping gjennom arbeidsplassar og matproduksjon. Dette er viktig for ei bærekraftig samfunnsutvikling. Større ringar som fører til betre vassirkulasjon og mindre punktutslipp gjer betre tilhøve for eit bærekraftig miljø. Lokalisering av større anlegg på denne lokaliteten er stor positiv. | Stor positiv (++) |

| | | | |
|--|---------------|---------------------------------|-----------|
| | Infrastruktur | Ingen verknad. | Ingen (0) |
| | Folkehelse | Ingen verknad. | Ingen (0) |
| | Born og unge | Ingen verknad. | Ingen (0) |
| | Kulturminne | Ingen registrerte kulturminner. | Ingen (0) |

ROS-ANALYSE

| Fareområde/tema. Skildring av uønska hending og konsekvens. | Utløysande årsak til hending. | Merknad/utfyllande opplysningar. |
|--|---------------------------------|---|
| 1. Havari av anlegg og rømning av fisk. | Sterk vind, ulykke med båt o.l. | Dimensjonering av anlegget og tekniske krav er underlagt akvakulturlova. Difor ikkje vekta. |

SAMASTILLING OG TILRÅING:

Positive konsekvensar:

- verdiskaping gjennom arbeidsplassar og matproduksjon

Negative konsekvensar:

- Vil leggja beslag på areal i fjorden som er viktig for fritidsbåt og fritidsfisk
- Markert landskapseffekt av eit enda større anlegg i fjorden

Konklusjon:

Akvakultur produserar mat med lågt CO2 avtrykk, og det er viktig i høve til ei berekraftig samfunnsutvikling. Den negative effekten ved forureining skal handsamast gjennom forureiningslova. Større anlegg kan bidra til mindre punktutslipp og betre tilstand. For å sikre at det skal vera mogleg å ferdast med båt og fiske frå land så er anlegget føreslått flytta til omtrent 300 m frå land. Tiltaket er tilrådd.

47 Utviding akvakultur Blom og Skaftå

STADNAMN: Blom - Skaftå


GNR/BNR:

Noverande planstatus: Akvakultur og Bruk og vern av sjø og vassdrag

Framlegg til nytt arealføremål: Akvakultur

Storleik (daa): omtrent 1000 daa

Områdeskildring:



Eksisterande oppdrettsanlegg på Blom og Skaftå er i dag stålramme anlegg. Det er eit ynskje om å erstatte stålrammeanlegget med plastringar med diameter på 50 m. Dette for å sikre større areal for fisk og betre vassirkulasjon. I tillegg vil ikkje punktbelastning under anlegget verta konsentrert på eit mindre område når det gjeld utslepp av organiske forbindelsar.

| | TEMA | MERKNAD/VURDERING | KONSEKVENNS |
|-------|---------------|--|-------------|
| MILJØ | Friluftsliv | Fjorden er viktig for friluftsliv i båt og for fritidsfiske. Eit stort oppdrettsanlegg vil leggja beslag på store areal der det ikkje kan drivast fritidsfiske eller ferdsel med båt. Fjorden har store areal men det at det vert mindre areal tilgjengeleg har ein negativ effekt. | Negativ (-) |
| | Landskap | Vasspegelen som fjorden utgjer er eit viktig landskapselement. Ei større oppdrettsanlegg som vert lokalisert lenger ute i fjorden vil ha ein negativ effekt på landskapsopplevinga gjennom at det bryt den samanhengande vassflata. | Negativ (-) |
| | Naturmangfald | Det er ikkje registrert naturmangfald i det aktuelle området. Miljøundersøkingar under anlegga syner at naturmangfaldet er påverka negativt med dagens situasjon. Utviding av området kan gje mindre negativ verknad som gjer at lokalt vert tilhøva betre for naturmangfald. Ut frå undersøkingar i fjernsone syner desse også ein negativ effekt for naturmangfald. Det er difor usikkert kva verknadar ein endra lokalisering får. Ut frå at det er svært negativ miljøtilstand i dag så er det sannsynleg at det framleis vil vera ein negativ verknad for naturmangfald. Verknad generelt på vill laksefisk er diskutert i overordna konsekvensutgreiing, sjå planskildring. | Negativ (-) |
| | Forureining | Det er gjennomført MOM-B undersøkingar ved Skaftå, der sedimenta under anlegget vert undersøkt og klassifisert frå 1 (Meget god) til 4 (Meget dårlig). I 2014 og 2015 var sedimenta under anlegget i tilstandsklasse 3 (Dårleg). Ny lokalisering vil føre til mindre punktutslepp men den totale mengda utslepp til fjordbassenget vil vera den same forutsett at tilhøva er slik dei er i dag. Verknaden vert vurdert til å vera negativ. | Negativ (-) |
| | Landbruk | Ikkje aktuelt | Ingen (0) |

| | | | |
|----------------|-------------------------------|--|-------------|
| SAMFUNN | Bærekraftig samfunnsutvikling | Akvakultur bidreg til verdiskaping gjennom arbeidsplassar og matproduksjon. Det er imidlertid eit spørsmål om anlegg som har ein negativ verknad på naturmangfald er berekraftig. Miljøtilstanden under og ved anlegga er negativ over tid. Nytt anlegg vil liggje delvis over dagens lokalitet. Dette vert difor vurdert til å ha verknaden negativ for ei berekraftig samfunnsutvikling. | Negativ (-) |
| | Infrastruktur | Ingen verknad. | Ingen (0) |
| | Folkehelse | Ingen verknad. | Ingen (0) |
| | Born og unge | Ingen verknad. | Ingen (0) |
| | Kulturminne | Ingen registrerte kulturminner. | Ingen (0) |

ROS-ANALYSE

| Fareområde/tema. Skildring av uønska hending og konsekvens. | Utløysande årsak til hending. | Merknad/utfyllande opplysningar. |
|--|---------------------------------|---|
| 1. Havari av anlegg og rømning av fisk. | Sterk vind, ulykke med båt o.l. | Dimensjonering av anlegget og tekniske krav er underlagt akvakulturlova. Difor ikkje vekta. |

SAMASTILLING OG TILRÅING:

Positive konsekvensar:

- verdiskaping gjennom arbeidsplassar og matproduksjon

Negative konsekvensar:

- Vil leggja beslag på areal i fjorden som er viktig for fritidsbåt og fritidsfisk
- Markert landskapseffekt av eit enda større anlegg i fjorden
- Kan føre til forureining ved utslepp frå anlegget
- Vil framleis ha ein negativ effekt på naturmangfald

Konklusjon:

Miljøtilstanden ved og under anlegga har vore dårleg over tid og vil ikkje vera i tråd med statlege føringar når det gjeld berekraftig samfunnsutvikling. Ny arealbruk vil for ein stor del overlape eksisterande og det er difor tvilsamt om endra anleggstype vil endra miljøtilhøva. Resipienten inne i Sørfjorden framstår som sårbar grunna låg sirkulasjon, noko som gjer store utfordringar for akvakultur i dette området. For å sikre ein berekraftig vekst i tråd med statlege krav må det setjast føringar som reduserar utslepp av organiske partiklar. Det vert difor sett miljøkrav til drifta gjennom føresegn om at det ikkje skal vera utslepp av organiske partiklar til resipienten.

Ved ei drift som ikkje har utslepp av organiske partiklar vil ein kunne leggje større anlegg på lokalitetar som i dag ikkje vil kunne tåle denne miljøbelastninga. Det er kommunen sitt ynskje å samle akvakulturområda dersom dette er mogleg. Det vert difor tilrådd å ta vekk eksisterande og framtidig akvakultur på Blom. Istadenfor ynskjer ein å utvide arealet ved Skaftå slik at det er rom for å flytte anlegget på Blom over her. Det er lagt inn rekkjefølgekrav som seier at når drifta på Blom opphøyrer kan nytt areal takast i bruk ved Skaftå.

48 Omgjering av akvakulturareal til Bruk og vern av sjø og vassdrag - anlegg med konsesjon


STADNAMN: Litletveitholane, Hamre, Kvamme og Bruvik


GNR/BNR:

Noverande planstatus: Akvakultur

Framlegg til nytt arealføremål: Bruk og vern av sjø og vassdrag

Områdeskildring:





Det er eit ynskje å ta tre av eksisterande akvakulturområde med gjeldande konsesjon i kommuneplanen og endra arealbruken til Bruk og vern av sjø og vassdrag. Dette gjeld lokalitetane Øyjordvika (11677), Kvamme (13831) og Bruvik (27456). Areala vert vurdert endra fordi dei ikkje er i bruk og etter innspel frå oppdrettsnæringa. I tillegg vert delar av lokaliteten Litletveitholane teken ut fordi dette arealet ikkje er ønska teken i bruk til akvakultur.

| | TEMA | MERKNAD/VURDERING | KONSEKVENNS |
|-------|---------------|--|-------------|
| MILJØ | Friluftsliv | Fjorden er viktig for friluftsliv i båt og for fritidsfiske. Eit stort oppdrettsanlegg vil leggja beslag på store areal der det ikkje kan drivast fritidsfiske eller ferdsel med båt. Positiv verknad. | Positiv (+) |
| | Landskap | Vasspegelen som fjorden utgjer er eit viktig landskapselement. Færre oppdrettslokaltetar gjer at det opprinnelege fjordlandskapet framstår meir urørt. Positiv verknad. | Positiv (+) |
| | Naturmangfald | Det er ikkje registrert naturmangfald i det aktuelle området. | Ingen (0) |
| | Forureining | Det er ikkje registrert forureining i eller i nærleiken av lokaliteten. | Ingen (0) |

| | | | |
|----------------|-------------------------------|--|-------------|
| | Landbruk | Ikkje aktuelt | Ingen (0) |
| SAMFUNN | Bærekraftig samfunnsutvikling | Akvakultur bidreg til verdiskaping gjennom arbeidsplassar og matproduksjon. Dette er viktig for ei bærekraftig samfunnsutvikling. Å ta vekk område for næringsutvikling og matproduksjon kan ha ein negativ verknad. | Negativ (-) |
| | Infrastruktur | Ingen verknad. | Ingen (0) |
| | Folkehelse | Ingen verknad. | Ingen (0) |
| | Born og unge | Ingen verknad. | Ingen (0) |
| | Kulturminne | Ingen registrerte kulturminner. | Ingen (0) |

ROS-ANALYSE

Ingen endring i risiko for uønska hendingar.

SAMASTILLING OG TILRÅING:

Positive konsekvensar:

- Tilgjengeleg areal til ferdsel med båt og fritidsfiske
- Det opprinnelege fjordlandskapet vert ivaretatt

Negative konsekvensar:

- Mindre areal til næringsutvikling og matproduksjon kan vera negativt

Konklusjon:

På bakgrunn av at det er usannsynleg at områda skal eller kan nyttast til akvakultur i kommande planperiode er det ein overvekt av fordelar som tilseier at det bør leggest ut som Bruk og vern av sjø og vassdrag.


49 Omgjering av akvakulturareal til bruk og vern av sjø og vassdrag – anlegg utan konsesjon

- STADNAMN:**
1. Langeneset
 2. Ytre Bernes
 3. Tjukkskogen
 4. Hoshovde
 5. Olsneset

Noverande planstatus: Akvakultur

Framlegg til nytt arealføremål: Bruk og vern av sjø og vassdrag

Områdeskildring:





Det er ønske frå kommunen si side å oppdatere arealplankartet i høve til bruken av areala i dag eller planlagd bruk. Dei fem areala avsett til akvakultur. Det er ikkje konsesjon for nokon av dei og det er heller ikkje planar om å etablere drift på nokon av lokalitetane.

| TEMA | | MERKNAD/VURDERING | KONSEKVENNS |
|-------|---------------|--|-------------|
| MILJØ | Friluftsliv | Fjorden er viktig for friluftsliv i båt og for fritidsfiske. Eit stort oppdrettsanlegg vil leggja beslag på store areal der det ikkje kan drivast fritidsfiske eller ferdsel med båt. Positiv verknad. | Positiv (+) |
| | Landskap | Vasspegelen som fjorden utgjør er eit viktig landskapselement. Færre oppdrettslokaltetar gjer at det opprinnelege fjordlandskapet framstår meir naturleg. Positiv verknad. | Positiv (+) |
| | Naturmangfald | Det er ikkje registrert naturmangfald i det aktuelle området. Ingen verknad. | Ingen (0) |
| | Forureining | Det er ikkje registrert forureining i eller i nærleiken av lokaliteten. | Ingen (0) |

| | | | |
|----------------|-------------------------------|--|-------------|
| | Landbruk | Ikkje aktuelt | Ingen (0) |
| SAMFUNN | Bærekraftig samfunnsutvikling | Akvakultur bidreg til verdiskaping gjennom arbeidsplassar og matproduksjon. Dette er viktig for ei bærekraftig samfunnsutvikling. Å ta vekk område for næringsutvikling og matproduksjon kan ha ein negativ verknad. | Negativ (-) |
| | Infrastruktur | Ingen verknad. | Ingen (0) |
| | Folkehelse | Ingen verknad. | Ingen (0) |
| | Born og unge | Ingen verknad. | Ingen (0) |
| | Kulturminne | Ingen registrerte kulturminner. | Ingen (0) |

ROS-ANALYSE

Ingen endring i risiko for uønska hendingar.

SAMASTILLING OG TILRÅING:

Positive konsekvensar:

- Tilgjengeleg areal til ferdsel med båt og fritidsfiske
- Det opprinnelege fjordlandskapet vert ivaretatt

Negative konsekvensar:

- Mindre areal til næringsutvikling og matproduksjon kan vera negativt

Konklusjon:

På bakgrunn av at det er usannsynleg at områda skal eller kan nyttast til akvakultur i kommande planperiode er det ein overvekt av fordelar som tilseier at det bør leggest ut som Bruk og vern av sjø og vassdrag.

4. Samandrag

| Arealinnspel | Tilrådd | Ikkje tilrådd | Merknad |
|---|---------|---------------|---|
| 1. Friluftsområde Kleiveland | X | | |
| 2. Flytebrygge Tysse | X | | |
| 3. Småbåthamn Tysse | X | | Gjeld eksisterande småbåthamn. |
| 4. Fritidsbustad Osterhamneset | | X | Ingen veg eller andre tiltak gjer at tiltaket vil privatisera strandsona. |
| 5. Bustad og naust Bernes | | X | Naustområde er tilrådd medan bustad er ikkje tilrådd. |
| 6. Friluftsområde Hanstveitholmane | X | | Utviding eksisterande friområde og justering eksisterande bustadtomt. |
| 7. Bustad, forretning og kontor Fotlandsvåg | X | | Tilrådd med forretning og kontor. Bustad ikkje tilrådd i 1 etg. |
| 8. LNF-spreidd naust Lonevåg | X | | Eksisterande naust. |
| 9. Småbåthamn og gjestehamn Fotlandsvåg | X | | Ny småbåthamn og gjestehamn. |
| 10. Landbasert akvakultur – Fotlandsvåg | X | | Industriområde Saltverket. |
| 11. Næring, Fritids- og turistføremål Norlender AS – Hosanger | X | | |
| 12. Friluftsområde Hosangerheimen | X | | |
| 13. Friluftsområde Hosanger | X | | Eksisterande friområde ved kyrkja. |
| 14. Kyrkjegard Hosanger kyrkje | X | | Areal avsett til ny gravplass. |
| 15. Bryggje Hosanger | | X | Konflikt med kulturminne og landskap. |
| 16. Friluftsområde Hosanger | X | | Strandsone mellom bustadhus og sjø. |
| 17. Bustad Hosanger | | X | Privatisering av strandsone. |
| 18. Fritidsbustad, Småbåthamn og friluftsområde Hoshovde | X | | Utviding felt for fritidsbustad er ikkje tilrådd, areal for friluftsliv og småbåthamn er tilrådd. |
| 19. Bustadområde og friluftsområde Lonevåg | X | | |
| 20. Næringsområde og akvakultur Lonevåg | | X | Etablering av større næringsområde er tilrådd medan utfylling i vågen er ikkje tilrådd. |
| 21. Næringsområde Lonevåg | | X | Utfylling i vågen er ikkje tilrådd. |
| 22. Bustad, fritidsbustad og naust - Raknes | | X | Område utan infrastruktur i strandsona. |
| 23. Friluftsområde og naustområde Raknes | X | | |
| 24. Naustområde Raknes | X | | |
| 25. Småbåthamn Raknes | X | | Eksisterande småbåthamn. |
| 26. LNF-spreidd naust Raknes | X | | Eksisterande naust i Raknesvågen. |

| | | | |
|---|---|---|--|
| 27. Friluftsområde Hjellvik | X | | |
| 28. Naustområde Hjellvik | X | | |
| 29. Småbåthamn Hjellvik | X | | Eksisterande småbåthamn. |
| 30. Naustområde Birkelandsstø | | X | Medfører store landskapsinngrep. |
| 31. Småbåthamn Hamre | X | | Gjeldande reguleringsplan. |
| 32. Naustområde Hamre | X | | Fortetting av naust. |
| 33. Naust Hamre | | X | Nytt naust i friområde. |
| 34. Hurtigbåthamn og næringsområde Klokkarneset | | X | Store landskapsinngrep og nedbygging av viktig friluftsområde gjer at tiltaket ikkje er tilrådd. |
| 35. LNF-område Klokkarneset | X | | Eksisterande landbruksområde i dag. |
| 36. Naustområde Drageneset | | X | Store landskapsinngrep og nedbygging av strandsone gjer at tiltaket ikkje er tilrådd. |
| 37. Friluftsområde Reigstad | X | | |
| 38. Småbåthamn Haus | | X | Samlokalisering med friluftsområde gjer at det bør vurderast ei alternativ lokalisering. Lagt inn ny lokalisering lik den i reguleringsplan. |
| 39. Friluftsområde Nedre Vikne | X | | |
| 40. Næringsområde Skaftå | X | | Eksisterande næringsområde. |
| 41. Bruvik Kyrkjegard | X | | Område for ny gravplass. |
| 42. Fri område kyrkjekaien Bruvik | X | | Friområde ved kyrkjekaien. |
| 43. Småbåthamn Bruvik | X | | Eksisterande småbåthamn. |
| 44. Tenesteyting Ulvsnesøy | X | | Eksisterande kaiområde. |
| 45. Akvakultur Tepstad | X | | |
| 46. Akvakultur Angelskår | X | | |
| 47. Akvakultur Blom og Skaftå | X | | Utviding lokalitet Skaftå forutsett miljøkrav. Blom teken ut som framtidig akvakulturareal. |
| 48. Endring akvakulturanlegg med konsesjon | X | | |
| 49. Endring akvakulturanlegg utan konsesjon | X | | |